



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 38

(2002–2003)

Den kulturelle skulesekken

«Opplæringen må gi rom for elevenes skapende trang, og samtidig vekke deres glede ved andres ytelsoner. Gjennom bilde og form, tone og ord, må de stimuleres til å utfolde fantasi og oppleve kunst.»

Læreplanen for grunnskolen (L97)

Innhold

1	Innleiing	7	4.3.1	Riksutstillingar –
2	Samandrag	9	4.3.2	Kunstarena skule
2.1	Innleiing	9		Norsk Form og Utsmykkingsfondet
2.2	Den kulturelle skulesekken –		4.3.3	for offentlege bygg
	bakgrunn, verdiar og målsetjingar . .	9	4.3.4	Kunstinstitusjonane
2.3	Innhaldet i Den kulturelle			Kunstnarcentra og kunstnarstyrd
	skulesekken	10		formidling
2.4	Modellar for samarbeid skule –		4.4	Formidling av scenekunst
	kultur	10	4.4.1	Norsk Scenekunstbruk
2.5	Utforminga av Den kulturelle		4.4.2	Scenekunstinstitusjonane
	skulesekken	11	4.4.3	Distriktsopera, festivalar
2.6	Økonomiske ressursar	11	4.5	og amatørteater
			4.5.1	27
3	Samarbeidet mellom kultur		4.5.2	Litteratur og bibliotek
	og skule – bakgrunn,		4.5.3	Norsk forfattarsentrum
	verdiar og målsetjingar	13	4.5.4	Norsk barnebokinstitutt
3.1	Bakgrunn	13		Foreningen Iles
3.1.1	Den kulturelle skulesekken som		4.6	Folkebiblioteka og
	nasjonal satsing	13		skulebiblioteka
3.1.2	Grunnskulen – målgruppa for Den		4.6.1	29
	kulturelle skulesekken	14	4.6.2	Formidling av kulturarv
3.1.3	Grunnskuleopplæringa og den			og kulturminne
	estetiske dimensjonen		4.6.3	30
	i læreplanverket	14	4.6.4	Museum
3.2	Verdiar	15	4.6.5	30
3.2.1	Kulturen sin eigenverdi	15		Offentlige og private
3.2.2	Kulturelt mangfold	16	4.6.6	arkivinstitusjonar
3.2.3	Eit felles verdigrunnlag	17		31
3.2.4	Inspirasjon for læring	17	4.7	Vitensentra
3.2.5	Kultur som livskvalitet	17	4.7.1	32
3.3	Målsetjingar med Den kulturelle			Kulturminnefeltet
	skulesekken	17	4.7.2	32
4	Status for og utviklingspotensialet		4.7.3	Den norske kyrkja og andre
	i formidlinga av dei ulike			trussamfunn
	kunst- og kulturuttrykka	20		33
4.1	Innleiing	20		Friviljuge organisasjonar
4.2	Formidling av musikk og ulike		5.1	og handlingsboren kunnskap
	musikkuttrykk	20	4.6.7	34
4.2.1	Rikskonsertane og		5.2	Formidling av film
	fylkeskommunane si		5.2.1	Norsk filminstitutt og Statens
	skulekonsertordning	21	5.2.2	skulefilmutval
4.2.2	Musikkinstitusjonar og skapande		5.2.3	35
	musikkarar	22	5.2.4	Regionale kompetansemiljø
4.2.3	Lokale musikkressursar	22	5.2.5	og pilotprosjekt
4.3	Visuell kunst – biletkunst,		5.3	36
	kunsthandverk, arkitektur		4.7.4	Film i lokalmiljøet
	og design	22		36
			5	Modellar for samarbeid
				mellom kultur og skule
				37
				Innleiing
				37
				Fylkesmodellar
				37
				Møre og Romsdal
				38
				Hedmark
				39
				Oppland
				40
				Vestfold
				42
				Sogn og Fjordane
				42
				Kommunale modellar
				43
				Sandefjord
				44
				Storbymodell i Trondheim
				45
				Bydel Grefsen-Kjelsås i Oslo
				45

6	Utforminga av Den kulturelle skulesekken og utfordringar for dei ulike kulturfeltha	7	Økonomiske ressursar til Den kulturelle skulesekken
6.1	Innleiing.....	7.1	Innleiing.....
6.2	Organisering og ansvarsdeling på nasjonalt nivå	7.2	Bruken av midlar over statsbudsjettet 2001–2003
6.2.1	Politisk styringsgruppe	7.3	Fordelinga av spelemidlar i 2003 ..
6.2.2	Sekretariatet	7.3.1	Ressursar til fylkeskommunane ..
6.2.3	Fagleg referansegruppe.....	7.3.2	Prosjektmidlar til utvalde satsingsområde.....
6.3	Oppgåve- og ansvarsfordeling på regionalt nivå	7.4	Vegen vidare – fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i perioden 2004–2005. .
6.4	Lokal forankring og medverknad ..		57
6.5	Utfordringar for kunst- og kulturfeltet i gjennomføringa av Den kulturelle skulesekken		
6.5.1	Musikkfeltet	1	Kommunar på venteliste for skulekonsertar, 2003
6.5.2	Visuell kunst	2	Kommunar som ikkje har søkt om skulekonsertar, 2003
6.5.3	Scenekunstfeltet		59
6.5.4	Litteratur- og bibliotekfeltet.....		61
6.5.5	Museum, kulturminne og vitensentra.....		
6.5.6	Filmfeltet		

Vedlegg

1	Kommunar på venteliste for skulekonsertar, 2003
2	Kommunar som ikkje har søkt om skulekonsertar, 2003



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

St.meld. nr. 38

(2002–2003)

Den kulturelle skulesekken

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 6. juni 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Regjeringa legg med dette fram for Stortinget melding om Den kulturelle skulesekken. Meldinga er utarbeidd på bakgrunn av følgjande vedtak i Stortinget, som vart fatta i samband med handsaminga av St.prp. nr. 1 (2002–2003).

«Stortinget ber Regjeringen i egen sak våren 2003 redegjøre for hvordan midlene til den kulturelle skolesekken brukes i 2003, og å legge frem planer for hvordan ordningen skal utføres i årene fremover. Midlene skal ikke gå til vekst i administrasjonsapparatet for ordningen eller som direkte driftstilskudd fra departementet til ulike institusjoner utover det som ligger i budsjettet.»

Bakgrunnen for Stortings vedtak er Besl. O. nr. 52 (2001–2002), jf. Innst. O. nr. 44 (2001–2002) frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om endring i lov av 28. august 1992 nr. 103 om pengespel. Det vart vedteke følgjande endring i § 10:

«Etter at det er foretatt fondsavsetninger, skal selskapets overskudd fordeles med en halvdel til idrettsformål og en halvdel til kulturformål. Midlene til idrettsformål fordeles av Kongen. Av midlene til kulturformål fordeles 2/3 av Stortinget og 1/3 av Kongen.»

Av den delen av spelemidlane som skal gå til kulturformål og fordelast av Kongen, er 40 prosent øyremerket Den kulturelle skulesekken, 30 prosent skal gå til friviljug verksemد og 30 prosent vert fordelt til investeringar og vedlikehald av lokale og regionale kulturelle møteplassar.

Med utgangspunkt i rekneskapstal for speleåret 2001 til fordeling i 2002 vil det etter ein opptrappingsperiode kunne verte fordelt 450 mill. kroner på dei nemnde områda frå 2005.

Basert på gjeldande prognose vil auken i løyvinagar til Den kulturelle skulesekken frå 2003 verte som vist i tabell 1.1.

Førebels fordeling av 60 prosent av dei tilgjengelege midlane til Den kulturelle skulesekken for 2003 vart vedteken gjennom kongeleg resolusjon i februar 2003. Fordeling av resterande sum vart

Tabell 1.1 Prognose for avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i perioden 2003–2005.

	2003	2004	2005
Den kulturelle skulesekken	60 mill. kr	120 mill. kr	180 mill. kr

vedteken gjennom kongeleg resolusjon i mai 2003, etter at Norsk Tipping AS sin rekneskap for 2002 var godkjend på generalforsamlinga 9. april 2003.

Denne meldinga omhandlar bakgrunnen for og verdiar og målsetjingar med Den kulturelle skulesekken. Meldinga gjev eit oversyn over dei utfordringane som både kultur- og skulesektoren står overfor ved iverksetjinga og utviklinga av tiltaket. Ho gjev eit bilete av nokre av dei modellane for Den kulturelle skulesekken som er innførte i kommunar og fylke, og eit oversyn over korleis dei tilgjengelege ressursane over statsbudsjettet for Den kulturelle skulesekken er fordelt i perioden 2001–2003. Avslutningsvis gjev meldinga eit oversyn over korleis avsetninga av spelemidlar til skulesekken er fordelt i 2003, og kva planar ein har for utviklinga av tiltaket i åra som kjem.

Utdannings- og forskingsdepartementet legg samstundes fram ei eiga stortingsmelding om kunst og kultur i og i tilknyting til grunnskulen.

Meldinga set kultur og kulturopplevelingar i grunnskulen inn i ein brei samanheng.

Dei to meldingane skal utfylle kvarandre og gje eit best mogleg bilete av kultursektoren og utdanningssektoren sine utgangspunkt i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken på landsbasis, i den enkelte skule og kulturinstitusjon.

Parallelt arbeider Kultur- og kyrkjedepartementet med ei ny kulturmelding som også vert lagt fram om kort tid. Meldinga vil vere eit viktig grunnlag for utviklinga av norsk kulturpolitikk det neste tiåret. Ei implementering og utvikling av Den kulturelle skulesekken i åra framover kan såleis ikkje sjåast lausrive frå utviklingstrekk og rammevilkår i den overordna nasjonale kulturpolitikken. Prinsipielle drøftingar som også vil ha innverknad for Den kulturelle skulesekken, vert difor ikkje tekne opp i denne meldinga, men sett inn i ein større samanheng i den komande kulturmeldinga.

2 Samandrag

2.1 Innleiing

På basis av Dokument nr. 8:16 (2001-2002) og Innst. O. nr. 44 (2001-2002) har Odelstinget 21. mai 2002 vedteke endringar i lov om pengespel av 28. august 1992 nr. 103 § 10. Dette inneber m.a. at frå og med 2003 og i åra framover vil det bli øyremerkt spelemidlar til profesjonell kulturformidling til born i grunnskulen og eit utvida samarbeid mellom skule og kultur gjennom Den kulturelle skulesekken. Midlane vil bli fordele i kgl. res. kvart år etter at rekneskapen for Norsk Tipping er godkjend. I 2003 er avsetninga til Den kulturelle skulesekken 60 mill. kroner. Gjennom ein opptrappingsperiode vil denne summen kunne auke til om lag 120 mill. kroner i 2004 og 180 mill. kroner i 2005.

Denne meldinga set satsinga på Den kulturelle skulesekken inn i eksisterande rammer for kunst- og kulturformidling til born og unge i kunst- og kulturinstitusjonane og gjer greie for det arbeidet som vert gjort på dei ulike forvaltningsnivåa lokalt, regionalt og nasjonalt. Meldinga gjev også eit bilet av ein del av dei utfordringane som både kultur- og skulesida står overfor med omsyn til å etablere visjonar for ein langsiktig og målretta integrasjon av kunst- og kulturressursar i grunnskulen sett i samanheng med gjeldande læreplanverk. I meldinga vert det gjort greie for korleis midlane til Den kulturelle skulesekken vert brukte i 2003, og korleis ordninga er tenkt innretta i åra framover.

Den kulturelle skulesekken er ei viktig kulturpolitisk satsing, som har som sitt fremste mål å gje born i grunnskulen ein kulturell kapital og ein kulturell kompetanse som vil gjere dei betre i stand til å møte utfordringane i samfunnet. Kunnskap om og forståing for kunst og kultur er viktig og grunnleggjande kunnskap som det er viktig at born og unge får med seg.

Utviklinga av Den kulturelle skulesekken i åra framover vil måtte innebere at skulane og kommunane må tenkje gjennom kva kunst og kultur kan og skal ha å seie for den enkelte elev i grunnskulen, og korleis ein ynskjer å integrere kunst- og kulturressursar i skulekvardagen. Det inneber også at kultursida må arbeide målretta med korleis ein best kan formidle kunst og kultur til elevar i grunnskulen, og korleis ein best mogleg kan skape for-

ståing og glede ved den profesjonelle kunsten hos born og unge. I ei slik satsing vil det vere svært viktig å utvikle møteplassar og nettverk for eit utvida samarbeid mellom skule og kultur, samstundes som ein må arbeide saman om å nå felles mål for satsinga. Dette vil vere viktige utfordringar både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.

2.2 Den kulturelle skulesekken – bakgrunn, verdiar og målsetjingar

Meldinga tek først føre seg bakgrunnen for og verdiar og målsetjingar med Den kulturelle skulesekken. Bakgrunnen vert skildra gjennom det arbeidet som sidan byrjinga av 1990-talet er gjort i fleire kommunar og fylkeskommunar for å etablere ei heilskapleg kunst- og kulturformidling i grunnskulen. Dette arbeidet vert sett i samanheng med dei politiske signalene som kom til uttrykk gjennom handlingsplanen *Broen og den blå hesten* frå 1996 og *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen* frå 1997.

Det vert vidare gjort greie for den nasjonale sattinga på Den kulturelle skulesekken frå 2001 og løvyingane til føremålet over statsbudsjettet i perioden 2001–2003. Desse løvyingane kom som eit tillegg til eksisterande løvyingar til institusjonar og tiltak som arbeider med kunst- og kulturformidling til born og unge både i og utanfor skuletida. Midlane har gjeve grunnlag for å stimulere til aktivitet over heile landet og setje i gang eit knippe pilot- og samarbeidsprosjekt mellom kultur og skule, forankra i læreplanverket.

I utviklinga av Den kulturelle skulesekken framover vert det lagt vekt på å framheve kulturen sin eigenverdi. Meldinga strekar under at både tilbodet til skulane og dei samarbeidsprosjekta mellom skule og kultur som etterkvart kjem i gang, må spegle det kulturelle mangfaldet i Noreg.

Dei overordna målsetjingane med Den kulturelle skulesekken er

- å medverke til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod
- å legge til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag

- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Den kulturelle skulesekken skal vere forankra i den generelle delen av læreplanen for grunnskulen og byggje opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen.

2.3 Innhaldet i Den kulturelle skulesekken

Det er eit stort utviklingspotensial i formidlinga av musikk, visuell kunst, scenekunst, litteratur og bibliotek, kulturarv og kulturminne og film til born og unge. Mange aktørar kan i framtida i større grad medverke til å fylle Den kulturelle skulesekken og samarbeide med skuleverket på ymse vis. Dette krev initiativ og fantasi både i skulesektoren, kultursektoren og i dei kommunale og fylkeskommunale forvaltingsorgana. Det krev også ei statusheving av kunst- og kulturformidlinga til born og unge.

Innanfor musikkfeltet er det ei utfordring å sikre alle skular som ynskjer det gode møte med musikarar på høgt nivå og innanfor eit mangfald av sjangrar.

Det er vidare ei utfordring å lyfte fram den visuelle kunsten i Den kulturelle skulesekken på landsbasis og styrkje formidlinga av samtidskunst, design og arkitektur i det lokale og regionale arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

På scenekunstfeltet er hovudutfordringa å få til eit meir differensiert tilbod til born og unge, i tillegg til å oppnå ein reell auke i talet på produksjoner tilrettelagde for turné. Det er også viktig at institusjonane legg til rette for at elevane kan kome til teatret i skuletida.

På litteraturfeltet er det ei utfordring å inspirere born og unge til å lese og å medverke til å realisere gode prosjekt og tiltak knytte til auka leselyst. Det er ei utfordring å styrkje samarbeidsstrukturane mellom folkebibliotek og skulebibliotek og finne måtar for overføring av kunnskap og kompetanse som er opparbeidd gjennom ei rekke lokale leselystprosjekt av ulik art.

På museumsfeltet er det ei utfordring å heve formidlingskompetansen og kjennskapen til L97. Det er vidare ei utfordring å skape samarbeidsrelasjonar med kulturminnevernet og lokale lag og foreiningar på kulturminneområdet.

På filmfeltet er det utfordringar knytte til å auke kunnskapen og haldninga til film som uttrykks-

form og kunstform og la born og unge bruke film som uttrykksmiddel for eigen aktivitet.

For å kunne skape eit godt innhald i Den kulturelle skulesekken og for å sikre at Den kulturelle skulesekken vil gje gode møte mellom kunstnar og elev, må produsentar og formidlarar over heile landet arbeide målretta med nye metodar og ny formidling. Innanfor alle kunst- og kulturuttrykka ligg det eit stort potensial i å utvikle meir dialogbaserte formidlingsmetodar og tilbod som i større grad aktiviserer og inkluderer elevane i formidlingsarbeidet. Det er viktig å leggje til rette for føre- og etterarbeid i skulen. I denne samanhengen vil det vere naudsynt å leggje større vekt på kompetanseutvikling, kurs og etterutdanningstilbod, og spreiening av kunnskap og røynsler til andre.

Ei utfordring i arbeidet med Den kulturelle skulesekken er utviklinga av dei formidlingsordningane som har ambisjonar om landsomfattande virke, som får direkte tilskot over statsbudsjettet, og som kommunane betaler relativt lite for å nytte godt av. Døme er Rikskonsertane, Riksutstillingar, Norsk Scenekunstbruk og Norsk Forfattarsentrums. Desse er ulikt bygde opp, men ordningane er vesentlege delar av den sikringskosten som fylkeskommunane i dag arbeider med å gje til alle kommunane i fylka, og er såleis etterspurde i samband med utviklinga av skulesekken. Dersom ein ikkje kan nytte spelemidlar for å styrkje desse ordningane i tida framover, vil det verte vanskeleg å sikre alle elevar i landet eit fast tilbod av høg kvalitet gjennom desse ordningane.

2.4 Modellar for samarbeid skule – kultur

Utviklinga av Den kulturelle skulesekken framover vil krevje eit godt samarbeid mellom kommunenivået og det regionale nivået gjennom fylkeskommunen og fylkesmannen si utdanningsavdeling. Det vil vere svært viktig å etablere ei arbeidsdeling mellom skule- og kultursida på kommunalt og regionalt nivå. Det er også viktig å forme ein visjon for utviklinga av skulesekken i fylket og i kommunen som tek vare på dei overordna målsetjingane med tiltaket.

I meldinga vert fem fylkesmodellar og tre kommunemodellar presenterte. Møre og Romsdal, Hedmark, Oppland og Vestfold er mellom dei fylka som har arbeidd lengst og mest målretta med utviklinga av ein sikringskost eller eit basistilbod i Den kulturelle skulesekken, og som etterkvart har utvida engasjementet til å stimulere til kommunal innsats for å forankre skulesekken i lokalmiljøet og

ved den enkelte skulen. Sogn og Fjordane har færre år bak seg med Den kulturelle skulesekken, men har i løpet av kort tid kome langt med dette arbeidet. I Sogn og Fjordane er det også under utprøving ein eigen interkommunal samarbeidsmodell mellom sju kommunar i Nordfjord. Desse kommunane har lagt grunnlaget for eit samarbeid om utviklinga av Den kulturelle skulesekken gjennom eit felles manifest og ei løyving per elev til tiltaket.

På kommunalt nivå skjer det i dag ei bevisstgjeiring av kva Den kulturelle skulesekken kan ha å seie for den enkelte kommune og skule. Dette er ei positiv utvikling som skapar interaksjon og samarbeid lokalt. I desse prosessane er det viktig at kommunane dannar seg eit bilete av kva ein ynskjer å oppnå og kva prinsipp som skal ligge til grunn for ein integrasjon av kunst- og kultursektoren sine ressursar i grunnskulen. For å vise korleis dette arbeidet foregår i nokre kommunar, er Den kulturelle skulesekken i Sandefjord, Trondheim og i bydel Grefsen-Kjelsås presenterte i meldinga. Det er likevel viktig å understreke at det skjer mykje i ei rekke andre kommunar og fylke over heile landet.

2.5 Utforminga av Den kulturelle skulesekken

Utforminga av Den kulturelle skulesekken på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå er eit sentralt emne i meldinga. I utarbeidinga av den overordna strategien for utviklinga av Den kulturelle skulesekken er det lagt til grunn som eit heilt sentralt prinsipp at utforminga og utviklinga ikkje skal skje under sterkt statleg styring. Fylkeskommunen er tillagd eit stort ansvar for regional samordning av tilboda og for kommunal innsats.

Kultur- og kyrkjeministeren har det politiske ansvaret for å fordele spelemidlar til kulturfremål. Sidan Den kulturelle skulesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom kultur og skule, er det lagt vekt på å inkludere skulesida i planlegginga. På nasjonalt plan er det difor oppretta ei styringsgruppe samansett av ein representant for politisk leiing i Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet, og ei fagleg referansegruppe med medlemmer frå både skule- og kultursektoren. Sekretariatet for Den kulturelle skulesekken er lokalisert til ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Sekretariatet skal samarbeide tett med Læringsssenteret for å sikre forankring i skuleverket. Det vil dessutan vere eit nært samarbeid mellom ABM-utvikling

og Norsk kulturråd i det løpende arbeidet med dette tiltaket. Også andre relevante faginstansar kan trekkjast inn når dette er naudsynt.

Både på fylkesnivå og på kommunenivå vil det vere viktig å arbeide for ei organisering og ei ansvarsdeling som inkluderer både skulesida og kultursida. På fylkesnivået vil utdanningsavdelinga hos fylkesmannen vere ein naturleg samarbeidspartner for fylkeskommunen, saman med kunst- og kulturinstitusjonar og frie kunstnarar.

På kommunenivå må ein arbeide for å forankre Den kulturelle skulesekken i den enkelte skulen og i lokale kulturinstitusjonar, lag og foreiningar. For å skape lokal eigarskap til Den kulturelle skulesekken må ein skape ein lokal visjon om korleis ein ynskjer at kultur skal inngå i skulen, og korleis ein kan inkludere lokale kunst- og kulturressursar i arbeidet. Utforminga av Den kulturelle skulesekken lokalt må skje ut frå lokale grunnlag og i samspel med det regionale arbeidet som vert lagt til rette på fylkesplanet. Eit godt samarbeid mellom skule- og kultursida vil vere viktig for å lukkast i arbeidet.

2.6 Økonomiske ressursar

Dei økonomiske rammene for Den kulturelle skulesekken i åra som kjem og planar for bruken av midlane, er omtala avslutningsvis i meldinga.

Frå og med 2003 får Den kulturelle skulesekken 60 mill. kroner av avsetninga av overskotet til Norsk Tipping. Dersom prognosane held, vil denne summen kunne auke til 120 mill. kroner i 2004 og 180 mill. kroner i 2005.

I tillegg til dette kan ein også rekne med løyvinagar over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett, jf. kap. 320 post 81, og løyvingar til ymse institusjonar som arbeider med landsomfattande og regional profesjonell kulturformidling til born og unge. På landsbasis vert det også nytta kommunale og fylkeskommunale midlar til kulturformidling i Den kulturelle skulesekken, men departementet har ikkje oversyn over omfanget av dette.

For 2003 er 60 prosent av dei tilgjengelege spelemidlane til Den kulturelle skulesekken fordelt til fylkeskommunane. I 2003 utgjer dette 36 mill. kroner. Departementet har i brev av 26. februar 2003 til fylkeskommunane lagt enkelte overordna føringer på bruken av desse midlane.

Departementet understrekar i brevet at målgruppa for Den kulturelle skulesekken er elevar i grunnskulen. Vidare skal skulesekken vere forankra i den generelle delen av læreplanen for grunnskulen og bygge opp under dei pedagogiske mål-

setjingane i skulen. På regionalt hald må det etablerast eit samarbeid mellom fylkeskommunane og fylkesmannen si utdanningsavdeling om utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Vidare må fylkeskommunen syte for at det ligg føre ein plan for utviklinga av skulesekken, at skulesekken får lokal forankring, og at kommunane får høve til å utvikle eigne initiativ. Løyvingane skal gå til meir kunst og kultur og ikkje til administrasjon. Innhaldet skal inkludere alle kunst- og kulturuttrykka, og eksistertande tiltak og institusjonar bør trekkjast inn. Departementet legg til grunn at ei vidareutvikling og styrking av Den kulturelle skulesekken i åra som kjem, må vurderast i lys av korleis den enkelte fylkeskommunen lukkast med å utvikle planar og tiltak i samsvar med intensjonane og målsetjingane for tiltaket.

Dei resterande 24 mill. kronene til Den kulturelle skulesekken vert i 2003 forvalta av ABM-utvikling og Norsk kulturråd på basis av kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter råd frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken. Midlane er prosjektmidlar og skal knytast til formidling innanfor definerte satsingsområde.

I 2003 er det avsett prosjektmidlar til følgjande område:

- 3 mill. kroner til formidling av dei visuelle kunstartane (biletkunst, kunsthåndverk, arkitektur og design)

- 3 mill. kroner til formidling av musikk
- 5 mill. kroner til produksjon og formidling av scenekunst
- 5 mill. kroner til prosjekt innan litteraturformidling, stimulering av leselyst og samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek
- 5 mill. kroner til utviklingstiltak og formidlingsverksemd i vitensentra
- 3 mill. kroner til prosjekt og formidling innanfor kulturarv og kulturminne.

Frå og med 2004 vert det lagt opp til ei særleg satsing på film i Den kulturelle skulesekken.

Avslutningsvis vert det kort drøfta på kva måte departementet ser føre seg utviklinga av Den kulturelle skulesekken framover. I tråd med Stortings sine føringer om at Den kulturelle skulesekken ikkje skal vere underlagd sterkt sentral styring, ser departementet det som lite føremålstenleg å planleggje utviklinga av Den kulturelle skulesekken i detalj. Disposisjonane i 2003 vil difor bli gjenstand for grundig og kontinuerleg vurdering i tida som kjem. Det kan verte naudsynt å revurdere innrettingane og vurdere fleire og andre måtar å kanalisere midlane på etter som det viser seg kva satsningar som er vellukka og kva som er mindre vel-lukka.

3 Samarbeidet mellom kultur og skule – bakgrunn, verdiar og målsetjingar

3.1 Bakgrunn

Kulturtilding og kulturformidling til born og unge har lenge vore eit viktig kulturpolitisk tiltaksområde, men først i 1990-åra vart det sett skikkeleg fokus på at born og unge har rett på eit kulturtilding som er likeverdig med det dei vaksne får (jf. Vaagland m.fl., 2000). I St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, vart det understreka som eit viktig prinsipp at born og unge på den eine sida må få opplevingar med profesjonell kunst, og på den andre sida at borna sine eigne kulturelle ressursar vert tekne i bruk.

Utover 1990-talet kom skulen meir og meir i fokus som ein sentral arena for formidling av kunst og kultur til born og unge. I handlingsplanen *Broen og den blå hesten* (KUF og KD, 1996) vart det lagt vekt på at born må få opplevingar med profesjonell kunst av høg kvalitet, samstundes som dei får utfalte seg med eigne kulturelle aktivitetar. Handlingsplanen la vekt på eit auka samarbeid mellom skuleverket og kunst- og kulturlivet gjennom skisser til løysingar for ei samordning av desse sektorane.

Handlingsplanen var ei oppfølging av både St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, St.meld nr. 40 (1992–1993) «..vi smaa, en Alen lange» og St.meld nr. 29 (1995–1996) «Om prinsipper og retningslinjer for 10-årig grunnskole – ny læreplan» og handsaminga av desse i Stortinget.

I læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L97 og L97 Samisk, KUF, 1996) kom dei skisserte målsetjingane til uttrykk, mellom anna at profesjonelle utøvarar frå kunst- og kulturlivet i aukande grad skal trekkjast inn i skulen. Det vert lagt stor vekt på at skulen skal vere ein stad der born og ungdom møter profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet. Men minst like viktig er det at skulen skal vere ein stad der dei vert utfordra og inspirerte til eigenaktivitet (Røyseng og Aslaksen, 2003).

Delvis som ein konsekvens av ei meir regional dreiling i kulturpolitikken frå 1970- og 1980-talet og delvis som eit svar på dei politiske signalene som mellom anna kom til uttrykk gjennom dei nemnde stortingsmeldingane og handlingsplanen *Broen og den blå hesten*, har enkelte fylkeskommunar og kom-

munar i løpet av 1990-talet utvikla og etablert modellar for ei heilskapleg kunst- og kulturformidling til grunnskulen og vidaregående skule, jf. kap. 5. Desse initiativa og utviklingstrekkja regionalt og lokalt dannar bakteppet for satsinga på Den kulturelle skulesekken på nasjonalt plan frå og med 2001.

3.1.1 Den kulturelle skulesekken som nasjonal satsing

I 2001 vart det for første gong sett av ein særskild sum over Kulturdepartementet sitt budsjett øymerkt samarbeid mellom kultur og skule under paraplyen Den kulturelle skulesekken. Dette kom som eit tillegg til eksisterande løvningar over Kulturdepartementets budsjett til institusjonar og tiltak som arbeider med kunst og kulturformidling til born og unge både i og utanfor skuletida. Utdannings- og forskingsdepartementet løvde same året midlar til kompetanseutvikling i samband med Den kulturelle skulesekken. Løvningane over statsbudsjettet i perioden 2001–2003 har gjeve grunnlag for å stimulere til aktivitet over heile landet og setje i verk eit knippe pilot- og samarbeidsprosjekt mellom kultur og skule, forankra i læreplanverket.

Endringa i fordelinga av spelemidlar til kulturføremål gjev grunnlag for ei opptrapping og utviding av satsinga. I åra som kjem vil ressursane til Den kulturelle skulesekken vere av eit slikt omfang at det er eit realistisk mål å gje alle born i grunnskulen, offentlege så vel som private, gode møte med kunstnarar og ulike kulturuttrykk.

Med opptrappinga av ressursar til profesjonell kulturformidling til skulen kan dette feltet no setjast inn i ein større heilskap. Målet er at alle born i framtida skal få oppleve kultur av høg kvalitet og eit stort mangfold, i tillegg til betre høve for deltaing i kulturelle prosessar ved samarbeid med kulturaktørar gjennom heile skulegangen. Dette gjev store utfordringar for både kultursektoren og skulesektoren, mellom anna når det gjeld kompetanseheving og å skape gode samarbeidsrelasjoner og møteplassar på tvers av faggrenser og forvaltningsnivå. Ikkje minst vil dette setje fokus på kunst- og

kulturformidling til skuleverket generelt og dei ordningane som er etablerte på dette feltet.

3.1.2 Grunnskulen – målgruppa for Den kulturelle skulesekken

Den 10-årige grunnskulen er delt i eit 7-årig barne- trinn og eit 3-årig ungdomstrinn. Barnetrinnet er igjen delt i eit 4-årig småskuletrinn og eit 3-årig mellomtrinn. I byar og tettstader er det vanleg med separate skular for barne- og ungdomstrinnet. I grisgrendte strok, men også i nokre byar og tettstader, er barne- og ungdomstrinnet lagt til same skulen.

Skuleåret 2001–2002 var det registrert 588 521 elevar i 3147 offentlege grunnskular. I tillegg til dette gjekk 10 500 elevar i 96 private grunnskular. Talet på elevar i grunnskulen har stige noko dei siste åra. Etter prognose frå Statistisk sentralbyrå vil talet på elevar i grunnskulen auke dei nærmaste fem åra. Det er særleg talet på elevar på ungdomstrinnet som vil stige, og det er først og fremst store kommunar som får vekst.

Talet på offentlege grunnskular er redusert i perioden 1997–2002. Det er i hovudsak små skular som er lagde ned. Dette heng både saman med at folk flyttar frå grisgrendte strok til byar og tettbygde strok, og med økonomiske og pedagogiske forhold.

Staten ved Utdannings- og forskingsdepartementet har ansvaret for grunnskulesektoren. *Læringssenteret* er eit nasjonalt kompetansesenter for utdanningssektoren med hovudoppgåver innanfor opplæringslova sine rammer og med hovudvekt på evaluerings- og utviklingsoppgåver. Fylkesmannsembetet er ansvarleg for statlege oppgåver knytte til drift og utvikling av grunnskulen. Fylkesmannen skal vere bindeleddet mellom departementet og utdanningssektoren og medverke til at den nasjonale utdanningspolitikken vert følgd opp av fylkeskommunale, kommunale og private skuleeigarar. Utdannings- og forskingsdepartementet la i revidert budsjett for 2003 fram forslag om endringar i den statlege utdanningsadministrasjonen.

Kommunane er eigarar av offentlege grunnskular og har ansvaret for drift, utvikling og kvalitet i skulen. Kommunane har ansvaret for at elevar i grunnskulen får opplæring i samsvar med lov, læreplan og forskrifter. Kvar skule skal ha ein rektor som har ansvaret for den faglege, pedagogiske og administrative leiinga av skulen. Regjeringa arbeider for å gje skuleeigarane auka fridom til å organisere opplæringa ut frå lokale føresetnader

og behov og la våren 2003 fram ein lovproposisjon med forslag til nye retningslinjer.

3.1.3 Grunnskuleopplæringa og den estetiske dimensjonen i læreplanverket

Grunnskuleopplæringa har sitt lovgrunnlag i opplæringslova med forskrifter. Om føremålet for opplæringa heiter det mellom anna at grunnskulen i samarbeid og forståing med heimen skal «hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle evnene og føresetnadene deira, åndeleg og kroppsleg, og gi dei god allmennkunnskap, slik at dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn». Born og unge har plikt til grunnskuleopplæring og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen er fastsett med heimel i lov og gjer nærmare greie for måla og prinsippa for opplæringa. Kommunane, leiringa og personalet ved skulane har enkeltvis og samla ansvar for at opplæringa er i samsvar med læreplanverket. Det er utarbeidd eit eige læreplanverk, L97 Samisk, for å sikre ei grunnskuleopplæring for samiske elevar som tek vare på og vidareutviklar samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Alle fag i grunnskulen skal ha ein estetisk dimensjon. I læreplanane for faga vil det seie at ein legg vekt på skapande verksemrd og refleksjon, opplevingar og uttrykk og det å ha ei medviten haldning til kunst og estetikk. Elevane skal få opp

Boks 3.1 Skapande evner og kreativitet

Den estetiske dimensjonen i læreplanane for faga vil seie at ein legg vekt på skapande verksemrd og refleksjon, opplevingar og uttrykk og har ei medviten haldning til kunst og estetikk. Elevane må få oppleve den rikdommen som har nedfelt seg i dei ulike kunstartane. Dei må få kunnskap om og få vidareutvikle symboluttrykk gjennom leik og kunstnarleg formgiving. Opplæringa må gi elevane høve til å utfalde sine eigne skapande evner og vere med å gi dei ei estetisk fostring. Kulturaktivitar og kulturformidling skal stå sentralt, og skulen skal leggje til rette for at dei kan medverke i aktivitetar og uttrykksformer som til dømes skulekor, konserter og teatergrupper.

Kjelde: Læreplanen for grunnskulen (L97)

leve den rikdommen som har nedfelt seg i dei ulike kunstartane uansett fagområde.

Dei praktisk-estetiske faga kunst og handverk, musikk, kroppsøving og heimkunnskap, har stor plass i grunnskulen. Etter ein rapport frå OECD frå 1998 er Noreg mellom dei landa som brukar flest undervisningstimar til slike fag. Faget kunst og handverk er eitt av dei faga som samla har flest undervisningstimar i grunnskulen. Berre norsk, matematikk og samfunnsfag har fleire timer.

3.2 Verdiar

3.2.1 Kulturen sin eigenverdi

Kunst og kultur har eigenverdi og kan ha stor innverknad både for enkeltmennesket og samfunnet som heilskap. Gjennom ein aktiv kulturpolitikk er det eit hovudmål å sikre alle tilgang til eit breitt kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet og å leggje tilhøva til rette for eit vidt spekter av aktivitet, oppleving, røynsle og erkjenning.

Kunst og kultur gjev opplevingar som kan ha avgjerande verknad på utviklinga av det enkelte menneske sin personlegdom og livskvalitet. Ved å ta del i kulturelle aktivitetar og få oppleve kultur vert vi òg deltagarar i den store forteljinga, det djupe verdifellesskapet som gjer oss til siviliserte menneske. Kunst og kultur – også samtidskunsten – gjev oss del i ein kulturarv med liner langt tilbake i tid og utgjer viktige delar av vårt felles minne, historie og samtid. I overleveringa av ein slik samansett kulturarv er det viktig å vende blikket framover og ha eit medvite forhold til kva ein ynskjer å overbringe til born og unge.

Kunsten føreset kunnskap og dugleik. Publikum si evne til å oppleve og forstå kunst er noko som må utviklast – dersom ein skal nå inn til mest mogleg av den rikdomen som kunsten si verd rommar. Det er difor vesentleg at også born og unge får høve til å møte god kunst på eit tidleg tidspunkt, og at den undervisninga som vert gjeven i skulen, vert bygd ut med eit tilbod som appellerer til dei unge sitt kjensleliv og deira kreative evner. Dette er naudsynt for at den menneskelege danningspro-



Figur 3.1 Kunst og kultur gjev individuelle og personlege opplevingar.

Born ved Uranienborg skule under opninga av nettstaden www.denkulturelleskolesekken.no i august 2001.

Foto: Stein Bjørge

sessen skal verte så heilskapleg som mogleg, slik at vi utviklar også mennesket sitt åndsliv, ikkje berre det kjølige intellektet og dei reint instrumen-telle dugleikane. Også born og ungdom må få kunnskap om utviklinga av dei einskilde kunstfor-mene og korleis kunsten og kulturen på mange måtar speglar seg i dei endringane samfunnet gjen-nomgår.

St.meld. nr. 39 (2001–2002) *Oppvekst og levekår for barn og ungdom i Norge*, understreka verdien av at born og ungdom får prøve ut og verte kjende med eit breitt spekter av kunst- og kulturaktivitetar og opplevelingar, både fordi det har eigenverdi, og fordi det kvalifiserer til medansvar og deltaking i samfunnet. Ein offensiv kulturpolitikk er eit naud-synt korrektiv og supplement til den kommersielle underhaldningsindustrien og kan motverke eins-retting, intoleranse og kunnskapsløyse.

3.2.2 Kulturelt mangfald

Noreg har alltid vore eit land med kulturelt mang-fald uttrykt gjennom kulturen til det samiske urfol-ket og dei nasjonale minoritetane jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei rei-sande) og skogfinnar. I kultur- og kunnskapspoli-tikken er det viktig å medverke til at born og unge vert trygge på eigen og andre menneske sin kultu-relle identitet, og å synleggjere kulturen og historia til desse minoritetane.

Det som i dag av mange vert rekna som typisk norsk kultur har vorte til under påverknad frå inn-vandrarar gjennom mange hundre år. Innvandra-rar har over lang tid teke med seg kulturuttrykk til landet. Dette har også medverka til framveksten av den nasjonale norske identiteten.

I kjølvatnet av globaliseringa er det kulturelle mangfaldet i Noreg vorte meir synleg. Auka inn-vandring er ein dimensjon ved globaliseringa som har ført til eit meir pluralistisk samfunn.

Dei siste 30 åra har nettoinnvandringa vore større enn tidlegare og involverer også andre land enn før. I 1970 hadde 1,5 prosent av folkemengda i Noreg ein annan etnisk bakgrunn enn norsk, det vil seie to foreldre som er fødde i utlandet. I 2001 hadde denne delen stige til 6,6 prosent. Om lag halvparten av desse har bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika eller Tyrkia, 18 prosent frå andre land i Norden, vel 11 prosent frå Vest-Europa og 16 prosent frå Aust-Europa. Dei to störste gruppene har bakgrunn frå Sverige eller Pakistan.

Innvandringa har hatt stor innverknad i dei störste byane. I denne situasjonen står Oslo i ei

Boks 3.2 Konferanse om kulturelt mangfald

I samarbeid med Kultur- og kyrkjedeparte-mentet arrangerte Norsk kulturråd i august 2002 ein nasjonal konferanse i Drammen om kulturelt mangfald. Konferansen hadde som mål å drøfte dei spørsmåla som mellom anna innvandring og globalisering reiser for det norske kunst- og kulturfeltet. Mellom tema-a som vart drøfta, var ungdom og ungdomskul-tur i det fleirkulturelle Noreg, og korleis ein kan rekruttere born og unge med innvandrar-bakgrunn til kunst- og kulturfeltet.

særstilling. Ein tredel av dei som har ein annan etnisk bakgrunn enn norsk, bur i Oslo. Folkesetna-den med innvandrarbakgrunn i Oslo utgjer om lag 19 prosent av folketalet. I Oslo bur dessutan folk med bakgrunn frå Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika eller Tyrkia ganske konsentrert i nokre drabantbyar og i dei austlege delane av indre Oslo. I enkelte av Oslo-skulane har opp i mot 90 prosent av elevane eit anna morsmål enn norsk. Der finst fleire titals morsmål, der urdu er den klart største språkgruppa. Alle dei store religionane er repre-senterete (Statistisk sentralbyrå).

På eit grunnleggjande plan har globaliseringa medverka til ein generell framvekst og ei synleg-gjering av ein meir samansett kulturtradisjon. I møte mellom kulturimpulsar av ulike opphav skjer prosessar som fører til danning av nye kulturut-trykk og ny kulturell identitet. Desse impulsane bryt med dei tradisjonelle oppfatningane av det norske kulturfellesskapet og utvidar registeret av verdiorienteringar og ytringsformer som eksisterer i Noreg. På denne måten er grunnlaget for føre-stillinga om kva det vil seie å vere norsk blitt endra, og det har oppstått trong for å skape ny forståing av kva norsk felleskultur består av.

Desse utviklingstrekkja er ei utfordring som også kulturpolitikken må ta på alvor, mellom anna når det gjeld å utforme ein overordna kulturpoli-tikk som skal fremje auka deltaking og kulturelt mangfald. Frå ein kulturpolitisk synsvinkel må ein understreke den rikdomen som ligg i mange av dei nye kulturimpulsane. Dette skaper eit større kultu-relt mangfald både med omsyn til levemåte og livs-stil, kunnskapar, røynsler og kunstnariske inn-halds- og ytringsformer.

Det kulturelle mangfaldet i Noreg er eit viktig aspekt som må synleggjera i arbeidet med Den kulturelle skulesekken over heile landet.

3.2.3 Eit felles verdigrunnlag

Grunnskulen skal gje alle born og unge grunnleggjande kunnskap, levandegjere kulturarven, stimulere til å ta lokalkulturen i bruk og inspirere born og unge til å vere aktive og skapande. Den estetiske dimensjonen er difor eit gjennomgripande aspekt ved skulen. Samisk er ein del av den felles nordiske kulturen som alle elevar skal bli kjende med. Skulen skal bidra til at kvar elev får ein grunnleggjande og heilskapleg kompetanse. Kulturell kompetanse er ein naturleg, integrert og viktig del av denne.

Grunnskulen har òg ei sentral rolle som kulturerar og formidlar i lokalsamfunnet og som møteplass og arena for produksjon og framsyning av ulike kulturelle uttrykk. Kulturformidling i skulen ligg i spenningsfeltet mellom det nasjonale og det globale, i balanse mellom perspektivet Noreg i verda og verda i Noreg. Grunnskulen skal formidle både nasjonal og internasjonal kultur. Felles referanserammer i grunnopplæringa gjer det mogleg å kommunisere på tvers av kulturelle og geografiske grenser og blir enda viktigare når kulturen blir meir internasjonal.

Ynsket om å bevare tradisjon og kulturelt sær preg må knytast saman med ein vilje til å finne nye løysingar på nye problem. I denne vekslinga mellom kontinuitet og fornying er skulen si rolle som kulturformidlar og læringsarena eit viktig kulturelt ankerfeste i samfunnet.

3.2.4 Inspirasjon for læring

Kreativ kompetanse og evne til å vere nysgjerrig er viktig for lærelysta til elevane, læringsutbyttet på alle område og evna til nyskaping. Opplæringa i kultur i skulen har også ei eiga utfordring i å tilpasses seg arbeidsmarknaden i framtida og kompetansekrav frå næringslivet. Ikkje minst er evna til nyskaping avgjera viktig for eit kunnskapsbasert og konkuransedyktig næringsliv.

Kommunikasjonsevner, evne til symbolbehandling og sans for grafisk utforming er nokre døme på kva type kulturell kompetanse skulen kan bidra til å utvikle. I eit fleirkulturelt og høgteknologisk samfunn er dette etterspurt og naudsynt kompetanse.

3.2.5 Kultur som livskvalitet

Forståing for den kulturelle identitet og kunnskap om den kulturhistoriske tradisjon er ein føresetnad for å kunne ta del i samfunnslivet. Kunst og estetiske prosessar må difor vere ein integrert del av læringa til elevane og må gjennomsyre den pedagogiske verksemda i skulen og i dei omgjevnadene der læringa skjer.

Samstundes må skulen også ta vare på det estetiske aspektet ved kulturomgrepet. Kunst og andre kulturelle uttrykksformer er ein viktig del av elevane sin individuelle dannings- og læringsprosess. Den kulturelle dimensjonen i skulen famnar difor både utviklinga i samfunnet og utviklinga hjå individet.

3.3 Målsetjingar med Den kulturelle skulesekken

Dei overordna målsetjingane med Den kulturelle skulesekken er:

- å medverke til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtildobd
- å leggje til rette for at elevar i grunnskulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål

I formidlinga av kunst og kultur i og utanfor institusjonane vil det i utviklinga av Den kulturelle skulesekken vere viktig:

- å nytte lokal kulturarv, kunst- og kulturressursar i aktivitetar
- å appellere til og utvikle borna si nyfikne, deira kreativitet og ansvarsksjensle
- å sikre at elevane får fagkunnskap som grunnlag for kreative uttrykksformer og eiga formidling gjennom ord, bilet, musikk og song, og dans og drama
- å sikre borna gode møte med fagfolk på ulike kunst- og kulturfelt
- å sikre eit kulturtildobd også til funksjonshemma elevar

Gjennom L97 er skulane forplikta til å gje elevane eit kulturtildobd og å nytte eigne midlar til dette. Det er skulane sitt ansvar å oppfylle intensjonane med L97.

Boks 3.3 Suksessmål

Varig tiltak. Den kulturelle skulesekken skal etablerast som eit varig tiltak i den enkelte skule og kulturinstitusjon, til beste for alle elevar i grunnskulen

For heile grunnskulen. Den kulturelle skulesekken skal omfatte alle grunnskuleelevar i landet

Basis i L97. Den kulturelle skulesekken skal vere forankra i Læreplanen for den tiårige grunnskulen (L97 og L97 Samisk)

Høg kvalitet. Dei kunst- og kulturuttrykk som vert presenterte i grunnskulen, skal gjenomgåande halde høg kvalitet, både kunstnarleg og i formidlinga

Kulturelt mangfald. Den kulturelle skulesekken skal omfatte kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfald av kulturar og frå ulike tidsperiodar

Regularitet. Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod med stor breidde i kunstnarlege og kulturelle uttrykksformer

Breidde. Heile kunst- og kulturfeltet skal vere representert i Den kulturelle skulesekken

Samarbeid skule – kultur. Det skal utviklast eit godt samarbeid mellom kultur- og skulesektoren på alle nivå

Lokal forankring. Utforminga av Den kulturelle skulesekken må i første rekke skje lokalt, i den enkelte kommune

Alle skal eige. Alle skal kunne kjenne eit eideomstilhøve til Den kulturelle skulesekken. Dette sikrar lokal entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar

Frå kultursektoren si side vert det i dag brukt mange ressursar for å kunne gje eit godt tilbod til born og unge, til dømes i skuletida. Kulturinstitusjonar med statleg støtte har plikt til å gje eit tilbod til born og unge – til dømes via skulen. Kultursektoren gjev også faste tilskot over statsbudsjettet til institusjonar som i særskilt grad arbeider med formidling av kunst og kultur til skuleverket. Gjennom Norsk kulturråd og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum vert det årleg utdelt prosjektmidlar til tiltak for born og unge.

Likevel er det openbert eit utviklingspotensial i kultursektoren for å gjere meir, både når det gjeld å betre formidlingskompetansen overfor denne målgruppa, utvikle nye metodar i formidlinga og å



Figur 3.2 Logo for Den kulturelle skulesekken.

auke statusen knytt til kunst- og kulturformidling for born og unge. Det ligg dessutan eit stort potensial i å betre samhandlinga og samarbeidet mellom kultursektoren og skulesektoren på alle nivå.

Det er ein føresetnad at avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken skal vere eit tillegg til og ikkje kome som erstatning for eksisterande engasjement og ressursbruk til dette området i skule- og kultursektoren, verken lokalt, regionalt eller nasjonalt. Midlane til Den kulturelle skulesekken skal nyttast til kvalitativt gode kunst- og kulturopplevelingar og bidra til at intensjonane i L97 vert oppfylte.

Den framtidige utviklinga av Den kulturelle skulesekken bør difor i hovudsak byggje vidare på dei strukturane som allereie finst, og som er bygd opp gjennom mange år. I tillegg vil midlane til Den kulturelle skulesekken skape høve til særskilde satsingsområde og utviklingsprosjekt og auka vekt på samarbeidsformer mellom kultur- og skulesektoren på lokalt nivå.

For å nå målsetjingane om at born i grunnskulen skal få ein kulturell skulesekk med eit innhald av høg kvalitet, må skulesida og kultursida samarbeide målretta og effektivt på alle forvaltningsnivå. Opne og gode sambandsliner og ein konstruktiv dialog på tvers av sektorgrenser vil vere avgjande for å lukkast. Både i kultursektoren og i skulesektoren er det trond for kompetanseheving og auka kjennskap til strukturar og rammevilkår på begge sider. Skulen sin tingingskompetanse må betrast, og kultursektoren må setjast i stand til å

utvikle aktivitetar og tilbod som er tilpassa behov i skulesektoren.

Det er eit mål at kulturfeltet sine tilbod ikkje berre skal kome elevane til gode, men også gje inspirasjon og ny kunnskap til lærarane og på denne måten skape auka forståing og kunnskap om kunsten og kulturen sitt vesen, utvikling og verdi.

Særleg viktig vil det vere om røynsler og kunnskapar frå kultursektoren sine utviklings- og signalprosjekt på ulike felt kan kome til nytte i utviklinga av skulesektoren. Eit sterkare og opnare samarbeid mellom kultur og skule på alle nivå kan vise seg å vere både fruktbart og lærerikt for begge partar.

4 Status for og utviklingspotensialet i formidlinga av dei ulike kunst- og kulturuttrykka

4.1 Innleiing

På enkelte kunst- og kulturfelt har arbeidet med kulturformidling til born og unge lange røter, og det eksisterer eit breitt tilbod som skulesektoren kan nyttiggjere seg av. Andre felt har færre tradisjonar med formidling til born og unge og skulesektoren og vil ha lenger veg å gå for å etablere heilsakaplege tilbod med høg kvalitet.

Med auken i ressursar til Den kulturelle skulesekken i åra framover gjennom avsetning av spelemidlar til føremålet vil det vere naudsynt å sjå dei eksisterande strukturane og tilboda som i dag er retta mot skulen i samanheng med dei auka ressursane. Den kulturelle skulesekken kan difor vanskeleg byggjast opp som ein ny pilar utanom eksisterande aktørar og utan medverknad frå dei kompetansemiljøa på kunst- og kulturfeltet som allereie eksisterer. Dette utelukkar sjølvsagt ikkje at ein i framtida kan verte nøydd til å revurdere dei eksisterande strukturane for kulturformidling, for eventuelt å endre innretningane.

Den kulturelle skulesekken skal først og fremst syte for at det vert lagt til rette for gode møte mellom den enkelte elev og det profesjonelle kulturlivet lokalt og nasjonalt. Dette kan til dømes skje gjennom konserter, museumsbesøk, framsyningar og møte med forfattarar, men det kan også skje ved ulike arbeidsmåtar der den profesjonelle kunstnaren møter eleven i eit gjensidig fruktbart samarbeid, som også inkluderer for- og etterarbeid ved skulen.

I tillegg kan Den kulturelle skulesekken få ein ekstra dimensjon gjennom kulturelle oppdagingsreiser i lokalmiljøet knytt til dømes til kulturminne, kyrkjebygg og kyrkjekunst, arkitektur og utsmykingar. Elevdeltaking i formidlingssituasjonen, rettleidd av fagpersonar på dei ulike felta, kan skape stort engasjement og god læring.

Den nye situasjonen vil krevje at aktørar over heile landet må arbeide målretta med metodar for formidling og på den måten skape eit best mogleg innhald i Den kulturelle skulesekken. Det vil også krevje auka fokus på kompetanseutvikling, kurs- og etterutdanningstilbod for både lærarar og kunstnarar.

Boks 4.1 Fellesrådet for kunstfagene i Skolen

Fellesrådet for kunstfagene i Skolen (FKS) vart stifta i 1994 av fem landslag. I dag er FKS samansett av dei fire landslagene Dans i Skolen, Drama i Skolen, Kunst og Design i Skolen og Medieundervisning i Skolen. Musikk i Skolen er for tida ikkje tilslutta FKS. Over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett er det i 2003 løyvd kr 3 265 000 til fellesrådet og landslagene.

Fellesrådet og landslagene si verksemd er retta mot skuleverket. Målet er å styrke kulturtilbodet til elevane i skulen, mellom anna gjennom kursverksemd for å auke lærarane sin kompetanse på dei ulike kulturområda. FKS og laga har fagleg og pedagogisk kompetanse og kan utforme, tilby og arrangere kurs, seminar og konferansar i alle fag for tilsette i skuleverket og i kultursektoren.

Dette kapitlet gjev eit oversyn over ein del av dei aktørane som arbeider med formidling av kunst og kultur i tilknyting til Den kulturelle skulesekken, og nokre av dei aktørane som i framtida kan trekkjast med i utviklinga av Den kulturelle skulesekken i kommunane.

4.2 Formidling av musikk og ulike musikkuttrykk

På musikkområdet har ein kome langt i å etablere eit breitt og heilsakapleg tilbod til born og ungdom. Opplæring og formidling av profesjonell musikk er viktige verjemiddel i regjeringa si satsing. Musikkfeltet er stort og omfattar ei rekke ulike sjangrar og miljø som jazz, rock, folkemusikk, klassisk og verdsmusikk. Blandingsformer og cross-over-uttrykk fører til at musikken utviklar seg og lever i takt med samfunnet.

Målsetjingar på musikkfeltet er:

- å gje alle born og unge i landet høve til å oppleve musikk av høg kunstnarisk kvalitet og bli kjende med musikkuttrykk frå mange kulturar
- å byggje vidare på den kompetansen og dei strukturane som er utvikla gjennom mange år for musikkformidling til born og unge, og som er med på å sikre høg kvalitet og like forhold i heile landet
- setje i verk forsøk for å utvikle samarbeidet mellom skapande og utøvande musikkarar og skuleverket
- involvere og inkludere flest mogleg musikkinstitusjonar og musikkmiljø i eit heilskapleg og målretta arbeid med å formidle musikk til born og unge

Det finst ei rekke aktørar på musikkfeltet som i dag anten arbeider særskilt med formidling av musikk til born og unge, eller som i framtida i større grad kan gjere det.

4.2.1 Rikskonsertane og fylkeskommunane si skulekonsertordning

Skulekonsertordninga som er bygd opp sidan starten i 1968, utgjer i dag kjernen i formidlinga frå musikklivet til landets grunnskuleelevar. I løpet av 2003 vert det presentert 235 konsertprogram gjennom meir enn 6500 konsertar for om lag 750 000 elevar på skulane i 366 av Noregs kommunar. Skulekonsertordninga vert gjennomført i eit samarbeid mellom fylkeskommunane, Rikskonsertane og fylkesmannsembetet.

Skulekonsertane vert tekne godt i mot i skulane. Det faglege samarbeidet som er utvikla mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane, vert vurdert som effektivt og medverkar til å byggje formidlingskompetanse over heile landet.

Fylkeskommunane har produksjonsansvaret for om lag 60 prosent av skulekonsertane, medan resten vert laga av Rikskonsertane. Rikskonsertane har òg det overordna ansvaret for samordning, med å sikre at ordninga gjev eit likeverdig til-



Figur 4.1 Solo Cissokho formidlar afrikansk musikk for elevar ved Uranienborg skule i Oslo.

Solo Cissokho spelar på 21-strengs harpe og har spelt for tusenvis av norske born og unge gjennom skulekonsertordninga. Cissokho vann BBCs World Music Award 2003 i kategorien for fleirkulturell musikk og er kandidat til Nordisk Råds musikkpris 2003.

Foto: Stein Bjørge

bod for elevar i alle delar av landet, og at tilboden er i samsvar med kultur- og utdanningspolitiske mål.

Utdanningsavdelinga ved fylkesmannsembetet deltek både når det gjeld den konkrete turnélegginga regionalt og for å sikre at skulekonsertordninga fungerer i tråd med utdanningspolitiske mål for skulen og skulen sine planverk.

Ordninga byggjer på at kommunane abonnerer på konsertar. Alle grunnskuleelevene i dei kommunane som er med i ordninga, får to konsertar per år på alle klassetrinn. Kommunane betaler kr 9 per konsert per elev. Desse midlane vert overførte til dei respektive fylkeskommunane til styrking av musikklivet i fylket med særleg vekt på born og unge. Skulekonsertordninga vert finansiert over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett via Rikskonsertane.

Av dei kommunane som ikkje er med i ordninga per mai 2003, står 46 kommunar med om lag 150 000 elevar på venteliste etter å ha søkt om å få vere med. Nokre av dei har stått på venteliste sidan 1996, og fleire av dei er store bykommunar, jf. vedlegg.

For å innlemme dei kommunane som i dag står på venteliste for å motta skulekonsertar, vil det vere trøng for om lag 18 mill. kroner i auka løyvinagar til skulekonsertordninga med dagens organisering og finansieringsmodell. Dersom det vert lagt til grunn at ein ikkje kan nytte spelemedialar frå Den kulturelle skulesekken til å trappe opp tilboden, kan det verte vanskeleg å oppnå full dekning i overskoddeleg framtid.

4.2.2 Musikkinstitusjonar og skapande musikkar

Musikkinstitusjonar som får fast statleg støtte, har plikt til å produsere framsyningar for born og unge. Dei fagmiljøa, mellom anna symfoniorkestra, som arbeider uavhengig av Rikskonsertane, er også viktige i utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Det er dessutan eit stort potensial for auka samarbeid mellom desse aktørane og Rikskonsertane.

Orkestra har særlege produksjonar for born og unge, mellom anna konsertar i samarbeid med skular, organisasjonar og regionale styresmakter. Konsertar for born og unge utgjorde om lag 30 prosent av orkesterselskapas sine totale konserttilbod i 2001.

Også skapande kunstnarar kan vere viktige ressursar i Den kulturelle skulesekken framover. Komponistar over heile landet kan trekkjast aktivt med i skulesekken gjennom formidling av ny musikk. Komponistar kan til dømes utarbeide for-

midlingsopplegg basert på workshops til bruk i Den kulturelle skulesekken.

4.2.3 Lokale musikkressursar

Mange stader har det utvikla seg spennande miljø knytt til ymse festivalar. Nokre *festivalar* har også tilbod til born og unge, og enkelte har også ein aktivitet som strekkjer seg over heile året. *Det friviljuge musikklivet* lokalt omfattar mellom anna folke-musikkgrupper, korps og kor, band og musikkarar knytte til kyrkja. Dei ressursane som miljøa kring festivalane og det friviljuge musikklivet representerer, kan på ymse vis nyttast i utviklinga av skulesekken på lokalt og regionalt nivå.

Den kommunale musikk- og kulturskulen, tidlegare musikkskulen, har ei vel 30 år gammal historie i Noreg. Musikkskulen har som føremål å gje eit undervisningstilbod i musikk til alle born og unge, uavhengig av bustad og økonomi, som eit friviljuge tilbod utanom den obligatoriske skulen. Musikk- og kulturskulane er lovfesta som eit kommunalt ansvar. Musikk- og kulturskulettilbod etter opplæringslova § 13–6 er som hovudregel ikkje omfatta av føresegndene om grunnskuleopplæring eller vidaregåande opplæring i opplæringslova.

Det er opp til den enkelte kommunen å velje omfang og innhald i musikk- og kulturskulen. Dei ulike lokale kulturane og tradisjonane har sett sitt preg på innhaldet og profilen til skulane. Kommunane har plikt til å syte for at tilboda i musikk- og kulturskulane er tilgjengelege for funksjonshemma.

Arbeidet med Den kulturelle skulesekken kan gjennomførast i eit samarbeid mellom grunnskulen, musikk- og kulturskulen og kulturlivet elles. Dette krev at skuleigar ser ulike tilbod som del av ein heilskap og integrerer musikk- og kulturskulane i sine skulesekkprosjekt. Samarbeid og bruk av musikk- og kulturskulen kan styrke skulen sitt føre- og etterarbeid i samband med besøk av profesjonelle kunstnarar i grunnskulen. Musikk- og kulturskulen vil kunne ha ei sentral rolle for grunnskulen både i kraft av kompetansen sin og som koordinator for ulike kunst- og kulturarbeidarar og kunstinstitusjonar som grunnskulane i kommunen kan ynskle å bruke.

4.3 Visuell kunst – biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design

Det visuelle kunstfeltet omfattar biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design, eller kombinasjo-

nar og variantar av desse. Feltet er omfattande, i stadig utvikling og inkluderer også elektronisk kunst, videokunst og installasjonar m.m. Eit av hovudmåla på det visuelle kunstfeltet er å sikre at flest mogleg skal få tilgang til, forståing for og oppleving av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design av god kvalitet.

Eit utvida formidlingstilbod, særleg overfor born og unge, er eit av Kultur- og kyrkjedepartementet sine resultatmål på dette området. Målsetjingane med formidlinga er å utvikle forståing for estetisk kvalitet for å fremje kulturell identitet og danne grunnlag for livskvalitet og trivsel. Innsatsen omfattar stimulering til utforming av offentleg rom, inkludert skuleanlegg med god arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet, skulen som lokalt kultursenter, dessutan arbeidsmetodar og innhald i undervisninga i kunst- og handverksfaga. Formidlinga av biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design i skulen vert stimulert gjennom tilskot til fleire institusjonar, tiltak og prosjekt.

Ein gjennomgang av bruk av midlar til Den kulturelle skulesekken for 2002 i fylka viser at svært få nemner design og arkitektur som arbeidsområde i si kulturformidling til skulen. Det vil vere eit stort potensial i å betre formidlinga av desse områda i Den kulturelle skulesekken over heile landet. Måtane dette kan gjennomførast på er forskjellige. Institusjonar på kunstfeltet kan i større grad engasjere seg i formidlinga av design og arkitektur. Arkitektar og designarar kan samarbeide med fylkeskommunar, kommunar og institusjonar om spesielle design- og arkitektprosjekt tilpassa grunnskulen. Nasjonale produksjonsmiljø på feltet kan i større grad samarbeide med det lokale og regionale nivået for å utvikle gode formidlingstilbod.

4.3.1 Riksutstillingar – Kunstarena skule

Riksutstillingar er ein statleg institusjon som arbeider for å skape interesse og forståing for samtidas biletkunst, kunsthandverk, design og arkitektur. Institusjonen har tradisjonar som går tilbake til 1953, då Riksgalleriet vart etablert med føremål «å føre god kunst fram til folk i bygd og by». Institusjonen skal etter planen innlemmast i det nye Nasjonalmuseet for kunst i løpet av dei nærmaste åra. Riksutstillingar skal evaluerast i løpet av 2003.

Riksutstillingar har som oppgåve å styrke det nasjonale formidlingstilbodet og er eit viktig kompetansesenter for formidling, utstillingsteknikk og -design. Verksemda er desentralisert med eit aktivt samarbeid med lokale produksjonsmiljø og arrangørar. Hovuddelen av utstillingane vert produserte

i samarbeid med utstillingskoordinatorar, andre kunstinstitusjonar og sjølvstendige kuratorar. Institusjonen er også involvert i samarbeidsprosjekt rundt formidling av ikkje-europeisk kunst.

Produksjon av utstillingar og turnéaktivitetar – i eigen regi eller som samarbeidsprosjekt – er ein vesentleg del av verksemda som er retta mot ulike formidlingsarenaer. Arenaene er hovudsakleg delte i tre typar:

- Galleri: Institusjonar med tradisjonelle utstillingsrom, større kunstforeiningar, knutepunkt-institusjonar, museum, kunstnarsenter, mindre kunstforeiningar og kulturhus
- Skule: Klasserom, foajear, skulebibliotek, mediatek, gymnastikksal, uterom.
- Vrimlerom: Kulturhus med foajé, kinosal, folkebibliotek, teatersal, offentlege plassar og rom, utsmykkingar, festivalar

Innanfor Kunstarena skule har Riksutstillingar inngått avtalar om utstillingar med ni regionale samarbeidspartnarar som totalt dekkjer elleve fylke. Samarbeidet fungerer slik at Riksutstillingar produserer nye utstillingar for nettverket. Turnéar vert lagde i regionen, anten i fylkesadministrasjonen eller i eit eige operativt organ tilrettelagt for oppgåva. Dei arrangerer også lærarkurs. Kostnadene ved turnéane og formidlinga vert delte mellom Riksutstillingar og fylket/regionen ein samarbeider med. Fylka/regionane kan også byte utstil-

Boks 4.2 Fylke og regionar som deltek i Kunstarena skule

- Oppland fylkeskommune – Kulturformidling Oppland
- Møre og Romsdal fylkeskommune – Kulturnista
- Hedmark fylkeskommune – Turnéorganisasjonen for Hedmark
- Telemark fylkeskommune – Kulturskatten
- Buskerud fylkeskommune – Pilotgalleriet i Buskerud/Drammen Museum for kunst og kulturhistorie
- Akershus fylkeskommune – Pilotgalleriet, Akershus Kunstsenter
- Vest-Agder fylkeskommune – Sørlandet Kunstmuseum
- Nord-Trøndelag fylkeskommune – Nord-Trøndelag fylkesgalleri
- Nordland, Troms og Finnmark – Nordnorsk Kunstmuseum

lingar seg i mellom. Dette samarbeidet kom i gang frå 2001, men nokre fylke starta først opp turnéverksemda i 2002.

Samarbeidet innanfor Kunstarena skule er fireårig. Fleire kan kome til, og partnarar kan trekke seg frå samarbeidet. For at eit fylke eller ein region kan vere med i Kunstarena skule, må fylket ha utvikla ein formidlingsplan, ha eit operativt turnéledd og ha sett av midlar til samarbeidet. Samarbeidet fungerer effektivt og gjev gode overføringsmodellar for kompetanse. Allereie etter kort tids drift ser ein likevel at samarbeidsformene og nivået i regionane er ulike. Det går såleis tid med til å få samarbeidet til å fungere etter intensjonane.

I Budsjett-innst. S. nr. 2 (2001–2002) s. 87 uttrykte komiteen at samarbeidet innanfor Kunstarena skule bør utvidast til å omfatte heile landet:

«RU spiller en viktig rolle i videreutviklingen av den kulturelle skolesekken. Det må derfor være et mål at RU etablerer formidlingsordninger overfor barn og unge i alle fylker. Til det trengst det økte bevilgninger.»

For å gjøre samarbeidet innanfor Kunstarena skule landsdekkjande etter dagens organisering og finansieringsmodell vil det krevje ei opptrappling av løvinga til institusjonen med ei auka ramme på om lag 8,8 mill. kroner for år 2003. Etter ein opptrapningsperiode vil ein i 2005 trenge ein auke på 12 mill. kroner i høve til 2002, for å nå alle fylke utanom Oslo.

Dersom det vert lagt til grunn at ein ikkje kan nytte skulesekkmidlar til å styrke Riksutstillingar sitt samarbeid innanfor Kunstarena skule, kan det verte vanskeleg å oppnå full dekning dei nærmaste åra.

4.3.2 Norsk Form og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg

Norsk Form vart etablert som ei stifting av Kulturdepartementet i 1993 og skal arbeide for å skape større forståing for og auka samla innsats for design, arkitektur, offentlege rom og formgjeving. Institusjonen arbeider med å setje estetikk i omgjevnadene på den faglege og politiske dagsordenen og set søkjelyset på kvaliteten i design og dei ytre omgjevnadene gjennom mellom anna rådgjeving, formidling og utstillingsverksemd.

Hovudområda for Norsk Form sitt arbeid fram til 2005 vil vere felles ute rom, skule, designsatsing innanfor eit produktkritisk og internasjonalt perspektiv, designinnovasjon, stadsutvikling og det offentlege Noreg.

Innanfor skulesatsinga tek Norsk Form sikte på å byggje opp ei sterk fagleg eining som arbeider med skulen som kulturhus i lokalmiljøet, skulen sin arkitektur, skolemiljøet sin bruksmessige og estetiske kvalitet ute og inne, og pedagogisk-fagleg verksemd som nettverk, undervisning og materiell. Norsk Form arbeider for å etablere eit permanent tilbod på dette området og har mellom anna etablert nettsida www.norskform.no/skole med informasjon til skulane.

Utsmykkingsfondet for offentlege bygg er ein statsinstitusjon etablert i 1977 og underlagd Kultur- og kyrkjedepartementet. Institusjonen medverkar til at kunst vert synleg i det offentlege rom – i stat, kommune og fylkeskommune. Målet er å fremje kunst av høg kvalitet plassert der mange menneske oppheld seg. Publikum, også born og unge, får på denne måten oppleve og lære at kunst er ein



Figur 4.2 «Jente med rotte». Elevoppgåve frå Øystre Slidre, Oppland.

Biletet er frå kostymeverkstaden «Kostymedesign» ved Maria Bang. Kurset er ei innføring i kostymedesign og er samansett av ein teoretisk og ein praktisk del.

Foto: Maria Bang

naturleg del av livet. Utsmykkingsfondet gjev bilet-kunstnarar og kunsthåndverkarar arbeidsoppgåver og høve til å spele ei aktiv rolle i ei kvalitativ forming av menneska sine miljø.

Fondet forvaltar ordninga for utsmykking av statlege bygg, utsmykking av statlege leigebygg og eldre statsbygg (innkjøpsordninga) og gjev tilskot til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og offentlege uterom. Fondet arbeider også med forvalting av staten sin eigedomsrett til utsmykkingane, dessutan med dokumentasjon og formidling av kunstverka. Fondet har eit omfattande lysbiletearkiv og ein kunstverksdatabase med detaljerte opplysningar om dei enkelte verka. Fondet held også føredrag og gjev ut publikasjonar om utsmykking.

Regionalt samarbeider Utsmykkingsfondet med regionale kunstnarsenter i høve til kunstnarleg utsmykking for kommunale og fylkeskommunale bygg. Utsmykkingsfondet samarbeider også med Norsk Form og Norsk kulturråd om utsmykking av skuleanlegg.

Både Norsk Form og Utsmykkingsfondet kan i aukande grad samarbeide med lokale og regionale aktørar og kompetansemiljø, og til dømes med Riksutstillingar med omsyn til produksjon, vising og utvikling av formidlingsopplegg for born knytte til design, arkitektur og utsmykking.

4.3.3 Kunstinstitusjonane

Kunstinstitusjonane omfattar *Nasjonalmuseet for kunst, dei regionale kunst- og kunstindustrimusea og fylkesgalleria*. Institusjonane skal skape grunnlag for, kunnskap om, forståing for og oppleveling av bilet-kunst, kunsthåndverk, arkitektur og design gjennom forsking, innsamling og bevaring. Det er eit mål å styrke det samla formidlingstilbodet med sikte på å nå flest mogleg, og særleg born og unge.

Døme på institusjonar som har satsa særleg på formidling til born og unge, er Trondheim Kunstmuseum og Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum. Desse institusjonane samarbeider om Pilotgalleriet, som er ei felles formidlingsavdeling med ansvar for born og unge i regionen. Pilotgalleriet samarbeider med lærarar og barnehagertilsette, arrangerer utstillingar og har aktivitetar i eigen verkstad for barnehagar og skuleklassar. Pilotgalleriet held i tillegg kurs og omvisingar, arrangerer familiedagar og anna. Over 10 000 born og unge vitja formidlingsavdelinga i 2002. Pilotgalleriet organiserte i tillegg seks vandreutstillingar i 2002, og desse vart sett av i alt 13 500 personar.

Også Vestlandske kunstindustrimuseum har formidling til barnehagar og skular, mellom anna

Boks 4.3 Eklektism

Eklektism er eit prosjekt som Pilotgalleriet i Trondheim har utvikla i samarbeid med bilet-kunstnaren Hé Marli, skular og barnehagar og med Trondheim Kunstmuseum. Prosjektet består av ei utstilling med Hé Marli og utvikling av ei arbeidsbok for skule- og barnehageborn i Pilotgalleriets nettverk. Temaet for utstillinga er kunsthistoria. Marli har laga tolkingar av viktige verk og ulike kunstperiodar over heile verda. Det er ikkje første gongen Pilotgalleriet og Hé Marli satsar på kunstformidling til born og unge. Tidlegare har dei samarbeidd om den inspirerande utstillinga Fargeklatt, i tillegg til at galleriet gjennom ei årrekke har opparbeidd seg nettverk og faste kontaktpersonar ved skular og barnehagar i Trondheim. Målet med dette prosjektet er å utvikle og utvide kunsttilbodet for born og unge, inspirere elevane til å oppleve kunsthistoria på ein ny måte og lage eigne arbeid i samanheng med prosjektet. Sjølv utstillinga skal vere i Trondheim Kunstmuseum i september/oktober 2003. Norsk kulturråd støttar prosjektet.

gjennom eit eige undervisningsrom. Særleg vert det lagt vekt på forteljarteater for born i alderen 4–7 år i samarbeid med Barnas hus i Bergen. Nærare 3 500 skuleelevar vitja museet i 2002.

Kunst- og kunstindustrimusea over heile landet er viktige aktørar og samarbeidspartnarar for kunstnarar, skular, kommunar, fylkeskommunar og andre kunst- og kulturinstitusjonar i arbeidet med å fylle Den kulturelle skulesekken. Gjennom dei midlane som no vert stilte til rådvelde gjennom Den kulturelle skulesekken, vil det opne seg store rom for samarbeid mellom skulen og kunstinstitusjonane.

4.3.4 Kunstnarsentra og kunstnarstyrd formidling

Kunstnarsentra er ei samla formidlingskjede, driven av bilet-kunstnarane og kunsthåndverkarane sine distriktsorganisasjonar i fellesskap. I dag finst det 15 kunstnarsenter i Noreg, inkludert Nord-norsk Kunstnersentrums. Kunstnarsentra er oppretta ut frå målsetjingar om å auke bruken av kunst, sikre ytringsfridomen, motverke synet på kunst som rein handelsvare, betre arbeidsvilkåra

Boks 4.4 Det handler om å se

I 1999 arrangerte Agder Kunstersenter prøveprosjektet «Det handler om å se» i samarbeid med Pedagogisk senter i Kristiansand kommune. Målet for prosjektet var å gje ei visuell, sanseleg oppleveling gjennom leik og øvingar som 6-åringar meistra. Seks grupper frå tre ulike skular deltok. Utviklinga av Den kulturelle skulesekken basert på L97 vil i framtida auke etterspurnaden etter kvalifisert kunstbesøk. Prosjektet «Det handler om å se» gjev gode døme på prosjekt som med hell kan arrangerast på skular i ein avgrensa region med ein omreisande kunstnar.

for kunstnarane og sikre eit desentralisert kulturtilbod.

Kunstnarsentra arbeider ut frå ulike føresetnader, men samla sett fungerer sentra som informasjons- og serviceorgan for kunstnarar og andre brukarar av kultursektoren, som formidlarar av arbeidsoppdrag, arrangørar av utstillingar i eigne galleri og til ein viss grad av vandreutstillingar. Kunstnarsentra driv formidling av kunsten og arrangerer seminar og kurs.

Born og unge i og utanfor skuleverket er ei viktig målgruppe for kunstnarsentra. Med utviklinga av Den kulturelle skulesekken vil det truleg verte større etterspurnad etter oppsøkjande kunst- og kunstnarverksemder der det kan knytast direkte kontakt mellom kunstnar og publikum.

Kunstnarsentra har ein spesiell kunnskap på grunn av sin nærliek til kunstnarane i dei respektive regionane. Kunstnarsentra sin aktivitet kan difor i stor grad supplere til dømes Riksutstillingar og dei regionale kunstmusea sine tilbod og auke både kunstopplevinga og kunstforståinga hos elevane. Privateigde galleri, kunstforeiningar, og ymse kommunale kultursenter kan også vere aktuelle samarbeidspartnerar lokalt og regionalt i arbeidet med utviklinga av Den kulturelle skulesekken.

4.4 Formidling av scenekunst

Produksjon av scenekunst for born og unge skjer både ved teater-, opera- og danseinstitusjonane, i dei frie sceniske gruppene og andre tiltak. Eit av hovudmåla som departementet har stilt opp for Riksteatret, institusjonsteatra, Carte Blanche og

Den Norske Opera, er at flest mogleg skal få tilgang til å oppleve teater, opera og dans av høg kunstnarisk kvalitet. Born og ungdom er ei sentral målgruppe, og eit av resultatmåla krev at institusjonane skal vidareutvikle formidlinga av scenekunst til born og unge og nye grupper.

Norsk kulturråd forvaltar tilskotsordninga for fri scenekunst. Ordninga er hovudfinansieringskjelda for det utanominstitusjonelle feltet og har som føremål å styrke produksjonen av nyskapande scenekunst utanfor dei store institusjonane. Tilbodet frå dei frie, sceniske gruppene utgjer ein viktig del av tilbodet til born og unge i dag, men stønadsordninga tek ikkje omsyn til bestemte publikumsgrupper. Produksjonen retta spesielt mot born og unge utgjer berre ein mindre del av dei prosjekta som har fått stønad gjennom ordninga.

4.4.1 Norsk Scenekunstbruk

Norsk Scenekunstbruk er Danse- og Teatersentrum si formidlingsordning for ferdige framsyningar av frie sceniske grupper frå heile landet. Danse- og Teatersentrum er ein uavhengig interesseorganisasjon og eit kompetanse- og informasjonssenter for fri, profesjonell scenekunst i Noreg. Organisasjonen hadde ved utgangen av 2002 59 medlemer som representerer ulike former for scenekunst.

Norsk Scenekunstbruk kvalitetssikrar tilbod og fungerer som ei arrangørstøtteordning. Dersom ein arrangør vel framsyningar gjennom Scenekunstbruket, får arrangøren 50 prosent refusjon av kostnadene med framsyninga. Denne arrangørstøtta er med på å sikre at arrangørane kan velje profesjonelle framsyningar og eit mangfold av framsyningar ut frå ei kunstnarleg kvalitetsvurdering.

Framsyningane som vert formidla gjennom Scenekunstbruket, har i stor grad born og unge som målgruppe og blir viste både i skuletida og på kveldstid. I 2002 formidla Norsk Scenekunstbruk 897 framsyningar, fordelt på 46 ulike produksjonar med eit samla publikum på 87 253 der 66 813 av desse var born og unge under 15 år.

I løpet av 2003 vil 15 fylke delta i formidlingsordninga. Scenekunstbruket er i dialog med Oslo kommune om deltaking, medan Østfold, Nord-Trøndelag og Finnmark ikkje er med førebels. Buskerud og Sogn og Fjordane sluttar seg til Norsk Scenekunstbruk i 2001. Det er positive tilbakemeldingar frå dei fylka som er med i ordninga, men aktiviteten varierer førebels sterkt frå fylke til fylke. I Møre og Romsdal åleine vart det i 2002 formidla 277 framsyningar til 28 515 born og unge,

Boks 4.5 Barne- og ungdomsteater i Rogaland og i Agder

Barneteatret ved Rogaland Teater vart starta i 1957 og er eit svært populært kulturtilbod for born og unge i fylket. Born og unge spelar alle roller i Barneteatret sine framsyningar, og nokre av borna deltek også i Rogaland Teater sine ordinære produksjonar. Til ei framsyning ved Barneteatret vert det engasjert både sceneinstruktør, scenograf, kostymedesigner, komponist, musikarar og maskør. Framsyningane er ein del av Rogaland Teater si formidlingsverksemd og dei seinare åra er tiltaket utvida til også å omfatte tilbod til ungdomar. Teatret har rekna ut at over 13 000 born og unge har vore medlemmer av Barneteatret i perioden 1957–2003.

Kristiansand barne- og ungdomsteater vart etablert for over 40 år sidan. I dag har Barne- og ungdomsteatret om lag 40 medlemmer som vert tekne opp etter audition i regi av kulturskulen. Sidan 1998 har Agder Teater hatt ansvaret for barne- og ungdomsteatret sin kunstnarlege og produksjonsmessige aktivitet. Årleg vert det produsert ei profesjonell oppsetjing med 20–30 framsyningar.

medan det i Nordland totalt vart formidla seks framsyningar til 420 ungdomar.

Scenekunstbruket legg vekt på fagleg rådgjeving og god kontakt med arrangørane. Grunnlaget for det endelege valet av framsyningar vert lagt gjennom nettverkssamlingar i kvart enkelt fylke. I 2003 får Scenekunstbruket om lag 2,4 mill. kroner over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. For å møte auka etterspurnad i nettverket, innlemme fleire fylke og styrke formidlinga har Norsk Scenekunstbruk søkt om ein auke på 4,6 mill. kroner for 2004.

I avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2003 er det ikkje sett av midlar til å styrke Norsk Scenekunstbruk direkte, utover dei midlane som institusjonen årleg mottek over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett.

4.4.2 Scenekunstinstitusjonane

Alle teater med fast årleg tilskot har regelmessig tilbod til born og unge, men omfanget varierer frå år til år. For fleire av scenekunstinstitusjonane utgjer born og ungdom eit hovudsatsingsområde,

dvs. at om lag halvparten eller meir av aktiviteten er retta mot desse gruppene. Til dømes spelar Hordaland Teater nesten utelukkande for born og unge.

I perioden 1996–2000 vart i snitt 46 prosent av oppsetjingane og 43 prosent av alle framsyningane ved institusjonane retta mot born og unge. Publikumet på desse framsyningane utgjorde 37 prosent av det samla publikumstalet. Tala for 2001 viser ein auke i høve til dette. I 2001 rapporterte institusjonane om 169 oppsetjingar for born og unge med totalt 2 709 framsyningar og eit publikum på 490 926. Tilbod retta mot born og unge i 2001 utgjorde 53 prosent av oppsetjingane, 47 prosent av framsyningane og 44 prosent av samla publikum.

Tilboden frå institusjonane vil vere viktige for Den kulturelle skulesekken. Samla utgjer tilboden frå institusjonane til born og unge eit stort spekter av scenekunst, frå store produksjonar på hovudscenene ved dei største teatra til produksjonar laga spesielt for små arenaer og for turné. Tilboden inneholder både klassikarar og nyskrivne stykke.

Regionteatra turnérer i større grad enn dei nasjonale institusjonane og fleire har etablert samarbeid med fylkeskommunar og utvikla planar for å bidra til Den kulturelle skulesekken. Dei nasjonale institusjonane utgjer eit viktig tilbod for skulane i sitt nedslagsfelt. Riksteatret sitt tilbod til skulen rettar seg i hovudsak mot vidaregåande skule.

4.4.3 Distriktsopera, festivalar og amatørteater

Distriktsopera, festivalar og amatørteater har også tilbod til born og unge. Mange av region- og distriktsoperaene, som i stor grad baserer verksemda si på eit samvirke mellom profesjonelle utøvarar og amatørar, har produksjon og aktivitet retta mot born og unge. Den største av desse er Operaen i Kristiansund, som medverkar til større kulturell aktivitet i skulane både gjennom formidling og gjennom eit aktivt pedagogisk samarbeid med musikk- og kulturskulen.

Gjennom friviljuge lag, musikk- og kulturskular, festivalar og stønadsordninga Frifond vert lokal teateraktivitet styrkt. Dette gjer det mogleg for mange born og unge å opparbeide eiga røynsle med teater. Også amatørteater er ein viktig lokal arena der born og unge kan delta i og oppleve teater. Samspelet mellom amatørar og profesjonelle aktørar på feltet har auka, og ulike amatørmiljø kan utgjere viktige ressursar også i arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

4.5 Litteratur og bibliotek

Hovudmåla for Kultur- og kyrkjedepartementet på bibliotekområdet er å fremje leseinteresse og god språkbruk og sikre norsk som kulturspråk.

Gjennom støtte til ulike institusjonar og organisasjonar, og gjennom ulike ordningar i Norsk kulturråd og ABM-utvikling, arbeider Kultur- og kyrkjedepartementet for å auke interessa for, kunnskapen om og formidlinga av skjønnlitteratur, også blant born og unge. Dei etablerte ordningane på feltet og høve til støtte til prosjekt- og utviklingsarbeid er viktige delar av Den kulturelle skulesekken over heile landet.

Norsk kulturråd administrerer innkjøpsordningane for litteratur, som sikrar at både skulebibliotek og folkebibliotek mottekk eit visst tal skjønnlitterære bøker kvart år, i tillegg til dei bøkene som vert innkjøpte over biblioteka sine eigne budsjett. Innkjøpsordningane omfattar mellom anna ei eiga innkjøpsordning for faglitteratur for born og unge, basert på kvalitetsvurdering av bøkene. Kulturrådet gjev i tillegg tilskot til ymse litteraturformidlingsprosjekt gjennom den ordinære avsetninga til kulturfondet og gjev støtte til produksjon og formidling av skjønnlitteratur.

ABM-utvikling har til hovudoppgåve å drive aktivt, strategisk utviklingsarbeid for å styrke arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet. ABM-utvikling skal mellom anna setje biblioteka betre i stand til å løyse faglege oppgåver og å møte nye utfordringar i samfunnet. Det har i mange år vore arbeidd med nasjonale lesekampanjar og inspirasjonsseminar for å auke kompetansen om lesing og litteraturformidling i biblioteka.

Utdannings- og forskingsdepartementet presenterte i april 2003 strategiplanen *Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og kunnskapsglede 2003–2007*. Planen er ein tiltaksplan for å stimulere elevane sine lesegleder og auke bruken av skulebibliotek. For 2003 har Utdannings- og forskingsdepartementet løyvd 20 mill. kroner til kompetanseutvikling i bruk av skulebibliotek og stimulering av leselyst.

Som ledd i gjennomføringa av tiltaksplanen vil ordinære midlar over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett og spelemidlar frå Den kulturelle skulesekken til litteraturformidling i skulen vere vesentlege bidrag for å gjennomføre fleire av tiltaka i planen. I 2003 er det avsett fem mill. kroner til leselyst og lesestimulering av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken. I tillegg kjem dei midlane som fylkeskommunane sjølv kan velje å nytte til dette føremålet.

Forfattarmøte, skriveverkstader, dramatiseringar og forteljaropplevingar kan fungere som ekstra stimulans i skulekvarden. Skulen sitt samarbeid med ulike aktørar og etablerte tiltak i kultursektoren vil gjennom arbeidet med Den kulturelle skulesekken kunne tilføre undervisninga nye aspekt, innfallsvinklar og metodar.

Alle institusjonar og tiltak som driv arbeid for å stimulere til auka lesing blant born og unge, vil kunne dra nytte av dei auka midlane som no vert stilt til rådvelde gjennom Den kulturelle skulesekken.

4.5.1 Norsk forfattarsentrums

Norsk Forfattarsentrum har sidan 1968 formidla forfattarbesøk til skular, bibliotek og institusjonar, og slik gjort samtidslitteratur også for born og unge kjend over heile landet. Oppdragsgjevaren fastset ramma for presentasjonane, medan form og innhald er overlate til forfattaren. Forfattarar er ofte gode formidlarar, som vekslar mellom høgteling og samtale, og besøka vekkjer både leselyst og spørjelyst.

Slike besøk kan vere ei opning til bokverda for mange elevar, og ofte kan forfattaren presentere litteratur som er ukjend for både elevar og lærarar. Også lærarane kan derfor ha glede av møte med ein levande forfattar med engasjement og formidlingsglede.

Norsk Forfattarsentrum fekk i 2003 6,6 mill. kroner til verksemda. I 2002 gjennomførte 450 forfattarar til saman 4200 formidlingsoppdrag retta mot skuleverket, og nesten 4000 klasser fekk besøk av ein forfattar gjennom ordninga. Dette utgjer 80 000–100 000 elevar, og hovudtyngda av desse var i grunnskulen.

Departementet ser denne verksemda som ein svært god måte å formidle litteratur på. Ho er eit supplement til skulen si formidling av norsk samtidig litteratur og gjev både elevar og forfattarar høve til å møte og gå inn i dialog med forfattarane om litteratur og det å skrive. Tilbakemeldingar frå skuleverket er eintydig positive, og behovet er større enn tilbodet.

For 2003 er det ikkje sett av midlar til å styrke Norsk Forfattarsentrum sitt tilbod direkte. Dersom det vert lagt til grunn at ein ikkje kan nyte skulesekkmidlar til å styrke Norsk Forfattarsentrum, kan det verte vanskeleg å utvide tilboden i vesentleg grad.

4.5.2 Norsk barnebokinstitutt

Norsk barnebokinstitutt er det nasjonale informasjons- og dokumentasjonssenteret for arbeid med barne- og ungdomslitteratur. Norsk barnebokinstitutt er ein serviceinstitusjon for studentar, forskrarar, lærarar på alle trinn, bibliotekarar, forlag, media og årmenta. Norsk barnebokinstitutt mottok i 2003 3,9 mill. kroner i tilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Barnebokinstituttet har i 1999–2000 vore engasjert i informasjons- og litteraturformidlingsprosjektet *Inn i teksten*. Prosjektet vart finansiert av Norsk kulturråd og hadde lokal forankring i Agder. Målet med prosjektet var å presentere ny litteratur og samstundes utvikle undervisningsformer som fremjer leselyst og styrker den litterære kompetansen til elevar på mellomtrinnet. Medan tradisjonelle lesestimuleringsstiltak vanlegvis berre rettar seg mot born, sikta dette prosjektet også mot dei profesjonelle formidlarane, i første rekke lærarane, og skulle utvikle metodar for litteraturformidling, mellom anna i tråd med L97. Prosjektet hadde også som føremål å leggje til rette for tiltak som kan styrke samarbeidet mellom kultur- og skulesektoren. Inn i teksten er ført vidare og vidareutvikla gjennom prosjektet *Ungdom inn i teksten* i Agder og finansiert av Norsk kulturråd.

4.5.3 Foreningen !les

Foreningen !les er ein paraplyorganisasjon samansett av sentrale aktørar i bokbransjen og i offentleg sektor. Organisasjonen spring ut av Aksjon Leselyst, som vart etablert i 1997 på bakgrunn av undersøkingar om ungdom sine lesevaner. I 2003 får Foreningen !les 0,85 mill. kroner i prosjekt- og driftsmidlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Organisasjonen arbeider aktivt for eit breitt, omfattande og varig engasjement for boklesing i Noreg. Primæroppgåvene er å fremje leselyst gjennom landsomfattande prosjekt som stimulerer til positive lesaropplevingar. Rammene for tiltaka er utarbeidde frå Foreningen !les sentralt, men dei fleste aktivitetane og arrangementa skjer i lokal regi. Primærmålgruppa for Foreningen !les er born og ungdom mellom 10 og 16 år. Profesjonelle litteraturformidlarar frå skule, bibliotek og bokhandlarar er foreininga si sekundærgruppe og er sentrale aktørar i tilrettelegginga av aktivitetar lokalt.

Av større tiltak iverksett av Foreningen !les kan ein nemne *Aksjon tXt*, som er ein årleg, landsomfattande leseaksjon som foregår ein månad kvar haust. I 2002 vart aksjonen gjennomført for femte

året på rad. Aksjonen engasjerer mellom 30 og 40 000 elevar kvart år.

Andre tiltak er *Lesestafetten*, som er ein landsomfattande leseaksjon for born og ungdom mellom 13–19 år og eit samarbeid mellom Foreningen !les, ABM-utvikling/Biblioteknett Noreg og fylkesbiblioteka. Lesestafetten er ei vidareføring av delprosjektet *Ungdom formidler til ungdom* under signalprosjektet *Troll i ord*.

Norvengelsk er ein landsomfattande konkurranse der målet er å styrke språkmedvitet mellom ungdom i alderen 13–16 år. Konkurransen er eit samarbeidsprosjekt mellom Foreningen !les, Norsk språkråd, Læringsenteret og Norsk Oversetterforening. Prosjektet vart avslutta i april 2003.

4.5.4 Folkebiblioteka og skulebiblioteka

Folkebiblioteka har lang tradisjon med å utvikle gode tilbod for born og ungdom og formidle den rikdommen som ligg i møtet mellom tekst og lesar. Biblioteka er lokale kultursenter og har kunnskap både om ny og aktuell barne- og ungdomslitteratur, formidling og lesegilde. Dei fleste biblioteka har særskilde avdelingar for born og ungdom, og mange har også spesielle arrangement mynta på denne målgruppa. Ved sida av utlån av litteratur har biblioteka lang tradisjon for å prøve ut formidling av litteratur i samarbeid med andre aktørar innan til dømes scenekunst, biletkunst og musikk. Mange folkebibliotek arbeider med formidling i form av eventyrstunder, dokke- og barneteater og forfattarbesøk. Mange bibliotek tilbyr no også utlån av CD-ROM, video og lydbøker og tilbyr gratis Internett-tilgang til brukarane sine.

Folkebiblioteka er eit kommunalt ansvar, og dette ansvaret er regulert i lov om folkebibliotek.

Boks 4.6 Troll i ord

Troll i ord var eit omfattande signalprosjekt som vart gjennomført i perioden 1998–2002 i Stavanger. Hovudmålet var å finne gode metodar for å fremje leselyst for born og unge og å sikra at røynslene og kunnskapen har overføringsverdi til heile landet. Prosjektet har mellom anna resultatert i ei eksempelsamling med døme på små og store prosjekt som kan gjennomførast i barnehagar, i skular og i folkebiblioteka. Eksempla har overføringsverdi og kan inspirere til avgrensa prosjekt i skulen innanfor Den kulturelle skulesekken.
www.trolliord.org

Skulebiblioteka er også eit kommunalt ansvar, men i dei fleste kommunane vert dei to bibliotekslaga forvalta av ulike einingar i den kommunale administrasjonen.

Opplæringslova § 9–2 andre ledd sikrar alle elevar i grunnskulen og i vidaregående opplæring tilgang til skulebibliotek. *Skulebiblioteka* har lang tradisjon som formidlar av litteratur, kultur og kunnskapskjelder i grunnskulen. Skulebiblioteket si rolle vart forsterkt i L97 som senter for kulturell verksmed, for informasjon og materiell. Nasjonalt lærermiddelsenter gjorde i 1997 ei kartlegging av skulebiblioteka i grunnskulen, som synte at elevane i 98 prosent av alle grunnskular hadde tilgang på eit skulebibliotek.

Lov om folkebibliotek seier at «Det skal være eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.» Årsaka til dette er at ein vil sikre at den kompetansen som er i folkebiblioteka, også skal kunne nyttast av skulen. Skulebibliotek er viktig for leselyst og tilgjenge til bøker for alle skuleborn, medan folkebiblioteket skal vere eit tilbod til alle innbyggjarar.

Det er truleg eit stort potensial i auka samarbeid og utnytting av ressursane knytte til skulebiblioteka og folkebiblioteka i mange kommunar. Eitt tiltak i samarbeidet mellom folkebiblioteka og skulen bør vere at alle skuleklassar vert inviterte på besøk til folkebiblioteket, slik at alle skuleborn kan få innføring i og tilgang til det offentlege godet som eit folkebibliotek er.

Born og ungdom si interesse for lesing vert stimulert gjennom ulike prosjekt der både folkebiblioteka, fylkesbiblioteka og skulebiblioteka er viktige medspelarar. Både ABM-utvikling og Norsk kulturråd gjev støtte til mange ulike utviklings- og pilotprosjekt som kan ha overføringsverdi til andre stader i landet, og som kan inngå som del i lokale kulturelle skulesekker.

I arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal det leggjast til rette for å koordinere og formidle kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget frå slike prosjekt, slik at flest mogleg kan dra nytte av resultata.

4.6 Formidling av kulturarv og kulturminne

Opplæringa i skulen skal ivareta og utdjupe elevane sin kunnskap om nasjonale og lokale tradisjoner, historie, naturvitenskaplege tradisjoner og kulturelle og religiøse variasjonar i verda. Kunnskap og innblikk i kulturarv og tradisjoner er difor viktige og sentrale element i utviklinga av Den kulturelle skulesekken over heile landet. I Noreg er det

mange tiltak av denne typen. Feltet rommar mellom anna

- vitensentra
- større museum som nav i nasjonale emne-nettverk. Fleire av desse forvaltar også viktige kulturminne i statleg eige. Nokre av desse er også tilknytte vitensentra
- eit stort tal museum som vert forvalta av fylkeskommunane, og som ofte har sin bakgrunn i lokal identitet. Mellom desse er også museumsinstitusjonar for minoritetar
- offentlege og private arkivinstitusjonar
- kulturminneforvaltinga med institusjonar under Miljøverndepartementet og foreiningar med kulturminneforemål
- institusjonar og lag som mellom anna arbeider med handlingsboren kunnskap
- museum med arkeologiske oppgåver for staten, slik som universitetsmusea og Arkeologisk museum i Stavanger
- religiøse institusjonar som Den norske kyrkja og andre trussamfunn

4.6.1 Museum

Museumsfeltet i Noreg omfattar om lag 800 små og store museum. Hovudforemålet for musea er å skape grunnlag for kunnskap om, forståing for og oppleveling av natur, kultur og samfunn på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og ulikskapar. Eitt av dei resultatmåla som vert brukt for å følgje opp denne målsetjinga er: «Det samla museumstilboden skal nå ut til alle grupper, med spesiell vekt på born og unge.»

Boks 4.7 Ibsen og Hamsun for ungdom

I samsvar med læreplanane for 10. klasse i grunnskulen valde Ibsenmuseet og Grimstad bymuseum i 2002 å lage ei utstilling om forfatterskapen til Ibsen. Dette betra kommunikasjonen med skulane, og besøkstalet for born og unge auka frå 1 706 i 2001 til 8 118 i 2002.

Frå og med 2003 har Ibsenmuseet og Grimstad bymuseum satsa vidare på å formidle kunnskap om diktarane Ibsen og Hamsun gjennom det årlege arrangementet *Ibsen og Hamsun for ungdom*. Arrangementet er vorte til i samarbeid mellom Nationaltheatret, NRK Radioteatret, Norsk forfattarsentrum og andre.

Boks 4.8 Fotfeste

Med støtte frå ABM-utvikling er det i Trondheim starta opp eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt som i særleg grad er retta mot born og ungdom i bydelen Saupstad. Prosjektet vert drive i samarbeid med Ringve Museum, Trøndelag Folkemuseum og Saupstad bibliotek. Målet er å skape større medvit, sjølvkjensle og identitetstilknyting til ein bydel som er kjenneteikna av kulturelt mangfald.

Kultur- og kyrkjedepartementet har dei siste åra lagt til grunn at musea skal prioritere utvikling av nye formidlingsmetodar, særleg tilrettelagde for born og unge. Dei fleste musea rapporterte i 2001 om formidlingstiltak retta spesielt mot skuleelevar og om samarbeid med grunnskulen på forskjellige nivå, og tilpassing til grunnskulen sine læreplanar.

ABM-utvikling skal vere eit strategisk utviklingsorgan og arbeide med felles utviklings- og samarbeidstiltak og med sektorspesifikke utfordringar for dei tre sektorane arkiv, bibliotek og museum.

Kultur- og kyrkjedepartementet har gjeve ABM-utvikling eit spesielt ansvar for å arbeide med fleire prosjekt som har relevans for Den kulturelle skulesekken og samarbeidet mellom kultur og skule. Mellom anna har institusjonen gjennomført eit samarbeidsprosjekt med fleire museum for å undersøkje kva opningar L97 gjev for samarbeid mellom skular og museum. Røynslene frå prosjektet ligg til grunn for kurs som vert arrangerte over heile landet. Institusjonen har også starta eit prosjekt for å prøve ut samarbeidsmodellar mellom museum og vidaregåande opplæring, med grunnlag i læreplanen Reform 94.

For 2003 er det løyvd i alt 10 mill. kroner til 20 museum over heile landet av midlane til Den kulturelle skulesekken over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. ABM-utvikling følgjer opp arbeidet ved desse musea.

Kanskje særleg for mange av dei små musea er den lokale forankringa av Den kulturelle skulesekken svært viktig. Museum over heile landet kan vere potensielle samarbeidspartnarar for skular eller skuleklassar, og musea kan samarbeide seg imellom eller med kulturminneforvaltinga for å utvikle tilbod som kan eigne seg i den kulturelle skulesekken. Musea kan i si verksemrd trekke inn

Boks 4.9 Husadopsjon på Røros – skuleborn tek ansvar for lokalmiljø og verdsarv

I 1981 kom Bergstaden Røros med på UNESCOs World Heritage list og var med det rekna som eit av dei viktigaste historiske minnesmerke i verda. Byen har teke vare på den gamle byplanen frå 1711 – med hus langs to gater. Bak husa finst fjøs, stall, stabbur og eldhus rundt eit gardsrom. Utanfor byen ligg dei gamle seterområda. Rørosmuseet fekk i 1999 problem med tagging på dei verdfulle bygningane, og for å ta tak i dette vart det etablert eit samarbeid med Røros grunnskule. Alle dei 22 klassane ved skulen har frå vinteren 2000 adoptert kvart sitt hus og skal arbeide med dette over ein periode på tre år. Elevane deltek i praktisk, antikvarisk arbeid, dei søker informasjon gjennom arkiv, bibliotek og ressurspersonar. Dei dramatiserer, teiknar og fortel og formidlar vidare gjennom presentasjonar i aviser, på seminar og i utstillingar. Dei har også laga ei eiga Internettseite; www.husadopsjonroros.no.

ymse lokale ressursar i arbeidet sitt og elles spele ei viktig rolle i arbeidet med å fylle skulesekken i samarbeid med lokale og regionale styresmakter. Lokale variasjonar i formidlinga kan gje eit utfyllende og godt bilet av den historiske utviklinga i Noreg gjennom tidene, mellom anna utviklinga av næringsliv, busetjing, handverk og sosiale tilhøve.

Det skal også vere rom for eit innhald som i utgangspunktet ikkje er tilgjengeleg eller kjent for borna, og det skal vere rom for det som kan vere både utfordrande og vanskeleg å ta imot. Døme på dette kan vere framande kulturuttrykk og minoritetskulturar.

4.6.2 Offentlege og private arkivinstitusjonar

Det statlege Arkivverket, fylkesarkiv, interkommunale arkiv, byarkiv og private institusjonar som Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, forvaltar dei skriftlege kjeldene til vår historie. Gjennom Digitalarkivet har Arkivverket gjort demografiske kjelder tilgjengelege for allmenta, og «avleggjaren» Digitalskulen har utvikla opplegg for bruk av folketeljingar og andre demografiske kjelder til bruk i undervisninga. Dei kommunale arkiva dokumenterer historia til mange ulike sider ved lokal-

samfunna, slik som lokal politikk og forvalting, by- og bygningsutvikling, skulestell, samferdsel, næringsliv, helsestell og fattig- og sosialvesen.

Erfaringar frå svenske arkiv syner at pedagogisk tilrettelagd bruk av arkiv i undervisinga kan skape «empati i tid og rom» og gjere det lettare å identifisere seg med menneske som levde før. Desse erfaringane bør følgjast opp med eit samarbeid mellom arkivinstitusjonar og skulen for å utvikle gode arkivpedagogiske tilbod. Samarbeidsprosjekt mellom Arkivverket og skulen i Noreg er i liten grad utvikla.

4.6.3 Vitensentra

Vitensentra driv kunnskapsformidling gjennom interaktive utstillingar som gjev vitjande høve til å utforske fenomen knytte til natur, miljø, helse og teknologi gjennom eigen aktivitet. «Å lære ved å gjere» stimulerer til interesse hos folk i alle aldrar. Vitensentra set lærung og publikum i sentrum og tek opp dagsaktuelle emne.

Internasjonalt har vitensentra hatt stor suksess, og dei vert rekna som viktige aktørar i arbeidet for å auke rekrutteringa til realfaga. Undersøkingar viser at interaktivitet, det å la folk i eige tempo få ta på, prøve ut og undersøkje fenomen og gjenstandar, er rett veg å gå dersom ein ynskjer å engasjere og lære publikum noko frå ei utstilling. For å lage gode interaktive utstillingar er det naudsynt med personale som meistrar den pedagogikken som ligg til grunn for utstillingane, og som heile tida prøvar ut og betrar nye utstillingar.

Boks 4.10 Born og unge – kulturminne, kunnskap og engasjement

På oppdrag frå Miljøverndepartementet gjennomførte Norsk institutt for kulturminneforsking (NIKU) i 2002 eit forprosjekt som var retta mot innhenting av døme på kunnskapsutvikling og formidling på kulturminnefeltet i skular og gjennom friviljuge organisasjonar. Forprosjektet hadde namnet *Barn og unge – kulturminner, kunnskap og engasjement*. Føremålet med prosjektet var å skaffe eit kunnskapsgrunnlag mellom anna som ledd i Miljøverndepartementets særskilde satsing mot born og unge, basert på eit ynske om at born og unge skal få auka kompetanse om kulturminneverdiar både gjennom skulen og i fritida. Den viktigaste dokumentasjonen av prosjektet finst på www.niku.no

I 1998 etablerte Noregs forskingsråd i samarbeid med Norsk museumsutvikling (no ABM-utvikling) eit nasjonalt Nettverk av vitensentra (NAV), som består av fem institusjonar plasserte i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø og Rogaland. Nettverket samarbeider om ulike prosjekt og har etablert ei felles plattform for utveksling av idéar, utvikling og spreiing av vitensenterpedagogikk, kurs, undervisningsopplegg, vandreutstillingar, mobile einingar, forskingsprosjekt og fellesinnkjøp.

I Noreg er kunnskap om vitensenterpedagogikk eit felt med stort potensial. For at måla om museum som samfunnsinstitusjonar og dialoginstitusjonar skal oppfyllast, er vitensenterpedagogikk eit viktig verkemiddel. Vitensentra har potensial til å utvikle seg til å verte laboratorium og ressurssentra for musea, samstundes som dei er til inspirasjon og nytte for skuleverket.

Både Jærmuseet og Norsk Teknisk Museum har vitensenter knytte til institusjonane som eit ledd i formidlinga. Ved desse musea er det også mange born og unge blant publikum. I 2002 hadde Norsk Teknisk Museum 64 prosent og Jærmuseet 45 prosent born og unge blant publikum. Norsk Teknisk Museum hadde i 2002 besøk av 36 996 skulelevar, noko som innebar at i gjennomsnitt 11 skuleklassar vitja museet kvar skuledag gjennom heile året.

Men også andre museum som ikkje har vitensentra knytte til seg, har eit høgt tal av born og unge som publikum og har eit nært samarbeid med skulen. Til dømes hadde Norsk Skogbruksmuseum i 2002 31 prosent born og unge av det totale publikumstalet. Av desse utgjorde halvparten besøk frå skuleklassar (15 600).

4.6.4 Kulturminnefeltet

Ansvaret for *kulturminnefeltet* ligg i Miljøverndepartementet. *Riksantikvaren* er, som direktorat for kulturminneforvaltinga, Miljøverndepartementet sin rådgjevande og utøvande faginstans for forvalting av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren har ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken vert gjennomført, og har i denne samanhengen eit overordna fagleg ansvar for den regionale kulturminneforvaltinga sitt arbeid med kulturminne.

Nettverk for miljølære (www.miljolare) er eit nettbasert læremiddel som skulane i aukande grad tek i bruk også på kulturminnefeltet. Erfaringar syner at det er trong for ulike former for stimulans for å få slike nasjonalt tilrettelagde reiskapar brukte. Eit godt døme er Norsk kulturarv sin Ryddeaksjon 2002, der over 2000 skular deltok. Sku-

lane rydda rundt eit kulturminne i nærmiljøet for å få det fram i lyset. Gjennom eit vellukka samarbeid mellom Norsk kulturarv og Nettverk for miljølære presenterte mange av skulane prosjekta sine på heimesidene til nettverket.

Riksantikvaren har i 2002 utvikla ei eiga heimeside mynta på born og unge. På denne vert det lagt ut fagleg kvalitetssikra lenkjer, og born kan også leggje ut eige materiale. Riksantikvaren har også starta eit samarbeid med Norsk kulturskoleråd og to fylke, for å sjå nærare på korleis kulturminne kan integrerast i kulturskulane. Dette prosjektet går over to år.

Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) er eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter som driv forsking og utvikling og forskingsbasert oppdragsverksemd for kulturminnefeltet og andre relevante brukarar i samfunnet. Instituttet har kompetanse mellom anna innan arkeologi (forhistorie og mellomalder), arkitektur, etnologi, antropologi, geografiske informasjonssystem, informatikk, konservering og kulturhistorie.

Universitetsmusea under Utdannings- og forskingsdepartementet og *Arkeologisk museum i Stavanger* under Kultur- og kyrkjedepartementet har ansvaret for arkeologiske utgravingar etter kulturminnelova. Når det gjeld kulturminne under vatn, er det sjøfartsmusea som har dette ansvaret.

Universitetsmusea er også viktige formidlarar av kunstgjenstandar, kulturhistorisk og naturhisto-risk materiale til skuleverket gjennom besøk og formidling av utstillingar. I 2002 vitja om lag 85 000 skulelevar universitetsmusea.

På det regionale nivået er forvaltinga av kulturminna lagt til fylkeskommunen og Sametinget. Fylkeskommunen skal syte for at det vert teke omsyn til freda kulturminne og kulturmiljø i planlegginga, også på kommunenivå. Fylkeskommunen førebur

Boks 4.11 Arkeologiske kulturminne

Arkeologisk museum i Stavanger har laga eit hefte om bruk av arkeologiske kulturminne i undervisninga og ei utstilling om arkeologiske utgravingar, som kan lånaust av skular med utgravingar i nærleiken. Heftet er støtta med midlar frå Den kulturelle skulesekken. Museet arrangerer også brukarkurs for lærarar og kan bistå lærarar som vil lage sine eigne undervisningsopplegg med utgangspunkt i arkeologiske kulturminne i lokalmiljøet. Meir informasjon på www.ark.museum.no.

fredingssaker for Riksantikvaren og kan sjølv gjere vedtak om mellombels freding. Sametingets miljø- og kulturvernavdeling har eit tilsvarannde ansvar for samiske kulturminne og kulturmiljø.

Infrastrukturen på museumsfeltet og kulturminnefeltet i Noreg ligg godt til rette for spennande samarbeidsprosjekt i formidling av kulturarven, kulturminne og forskingsresultat på fagfelta innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken.

Samspelet mellom kulturminne og andre kunstnarlege uttrykksformer som til dømes teaterprosjekt, kan gje elevane mange spennande opplevingar og ny kunnskap. Her finst det eit stort og uutnyttet potensial for å utvikle samarbeidet mellom musea, kulturinstitusjonar, skuleverket og kulturminneforvaltinga.

4.6.5 Den norske kyrkja og andre trussamfunn

Religiøs tru har ein estetisk dimensjon som til alle tider har gjeve seg utslag gjennom kunst og kultur. Bygningar og utsmykking, musikk og tekster uttrykkjer trua sin bodskap til menneska og menneska sin lengt etter mening, nærliek og samanheng med noko som er sterkare og betre enn den einskilde og det jordiske. Uttrykka speglar kva dei forskjellige tider og kulturar har vore opptekne av og har lagt vekt på. Læreplanane legg i faget kristendom, religions- og livssynskunnskap difor vekt på det estetiske uttrykket i undervisningsplanane, noko som gjer at faget gjev mange høve til å nytte kunstuttrykk i opplæringa.

Den norske kyrkja forvaltar ein monaleg del av vår kulturarv gjennom dei om lag 1600 kyrkjene her i landet. Dels formidlar dei historia om levekår og tru i tidlegare tider, dels knyter dei fortid og notid saman fordi dei formidlar ei levande tru. 350 av kyrkjene i Noreg er bygde før 1650 og 28 av dei er stavkyrkjer. Desse er freda, og til saman meir enn 900 kyrkjer er rekna som særleg verneverdig.

Boks 4.12 Pilegrimsvandring i Bærum kommune

Gjennom eit samarbeid mellom kommunen, skular og kyrkja vert alle elevar i 4. og 6. klasse i Bærum kommune kjende med den 800 år gamle Haslum kyrkje og det preget dei forskjellige tidene har gitt henne. Dette vert kombinert med ei kort vandring langs pilegrimsleia mot Nidaros.

av Riksantikvaren. Det rike kulturmaterialet, arkitektur, biletkunst, trearbeid, tekstilkunst og liturgisk utstyr, som mange av kyrkjene inneheld, er kjelder til kunnskap, lokal identitet og oppleving. I samvirke med regionale kunstinstitusjonar, museum, Riksantikvaren og kyrkjelyden vil ein kunne nyte denne rikdomen i undervisninga.

Livet i kyrkjene, musikken, liturgiane og tekstane vil òg vera kjelder til profesjonell formidling av kunst for elevar. I mange kyrkjer er det tilsett kyrkjemusikarar, som kan vere potensielle ressursar i samband med formidling av musikk, og for å stimulere til eigne forsøk som utøvarar.

Det kulturelle mangfaldet som dei siste 30 åra har sett aukande preg på landet vårt, særleg i dei større byane, fører òg med seg eit tilfang av religiøs kunst og kultur som ein tidlegare berre fekk del i gjennom reiser til framande land. Islamsk tradisjon og utsmykking, jødisk kultur og forteljing og den internasjonale kulturen som pregar den katolske kyrkja, er aspekt som òg bør spieglast i Den kulturelle skulesekken.

4.6.6 Friviljuge organisasjoner og handlingsboren kunnskap

17 friviljuge organisasjoner innanfor området kulturminne og kulturvern er organiserte under paraplyorganisasjonen *Kulturvernets Fellesorganisasjon* (KORG). Desse organisasjonane har eit breitt kompetanse- og verkeområde, frå Norsk Folkedraktforum med 120 medlemmer, til Landslaget for lokalhistorie med over 80 000 medlemmer.

Dei ulike friviljuge organisasjonane på kulturvern- og kulturminnefeltet sitt arbeid for born og unge er vanlegvis retta inn mot skulane og knytt opp til læreplanen. Tilboda kan omfatte lokalhistoriske tema som ekskursjonar til gamle hustufter, husmannsplassar, bygdeborger eller helleristingsfelt. Det kan omfatte demonstrasjon av handverks-

Boks 4.13 Frå dør til dør i Skien

I samband med Skien sitt 1000-årsjubileum i 2000 vart eit utval av dører og bygningsdetaljar i byen fotograferte. Etter dette vart det utlyst ein konkurransje blant skuleelevane i byen om å finne fram til kva hus dei ulike dørene og detaljane tilhørde. Den beste klassen og den beste skulen vart premiert. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom den lokale avdelinga av Fortidsminneforeningen og skulekontoret i Skien.

teknikkar, båtbygging og annan handlingsboren kunnskap, gjerne med besøk ved verkstader, demonstrasjon/eksкурsjon med gamle fartøy, båtar, rutebilar og tog. Både *Landslaget for lokalhistorie*, *Forbundet Kysten* og *Norsk kulturaru* er døme på organisasjonar som har potensial til å samarbeide med skuleverket for å levandegjere lokalhistorie for elevar i grunnskulen. Innanfor handverksfag har *Norsk handverksutvikling* (NHU) oversyn over personar med kunnskap om små og verneverdige handverksteknikkar.

Born og unge sin kontakt med kompetanseområda husflid og handverk skjer også gjennom *Norges Husflidslag* og dei nærmare 400 lokallaga knytte til denne organisasjonen. Arbeidet skjer i stor grad gjennom arbeidsstover for born og unge og aktivitetar på fritida og i skuletida. Norges Husflidslag har utarbeidd fem hefte til bruk i formidling av husflid til born og unge.

Hittil har interesserte skular kontakta faste personar i det lokale historielaget eller husflidslaget ved planlegginga av skuleåret, slik at rammer for engasjementet vert avtalte. Gjennom Den kulturelle skulesekken og utviklinga av lokale sekker med lokalt innhold er det potensial for å systematisere dette på ein annan og betre måte i kommunane og i samarbeid med det regionale nivået.

4.7 Formidling av film

Eit av hovudmåla for norsk filmpolitikk er å sikre born og ungdom tilgang til film. Film er viktig som språk, kunstform og kulturberar og får stadig sterkeare fotfeste i skulen. Film er motiverande i seg sjølv, men òg for anna læring. Film stimulerer kreativitet og leselyst, utvidar omgrepssapparatet og verkar både dannande og utdannande. Film gjev opplevingar for fellesskapet i klassen og knyter band mellom skulen og fritida. Biletspråket er universelt og inkluderande, dei fleste kan forstå det, uavhengig av språkbakgrunn og evna til å lese. Born med generelle lesevanskar kan ofte ha god nytte av arbeid der dei kan bruke film som kommunikasjonsmiddel.

Å uttrykkje seg med levande bilete og forstå visuell kommunikasjon kan i dagens samfunn side-stillast med å lese og skrive. Filmprosjekt i skulen må ta høgde for at elevane kan få gode filmopplevingar gjennom å sjå film og auka forståing for film gjennom å analysere film. Det vil også vere viktig å gje elevane tilgang til film gjennom sjølv å skape film. Møte med profesjonelle filmarbeidarar, manusfattarar og andre kunstnarar kan gje viktig inspirasjon til elevane.

Det finst eksplisitte mål for filmundervisning i L97 på dei fleste trinn og i fleire fag (norsk, samfunnsfag og kunst og handverk). Trass i at Noreg er eit av dei få landa i verda som skriv om filmundervisning i dei nasjonale læreplanane, er praksisen svært varierande også her i landet. Tilgangen til gode filmopplevelingar og kunnskap om filmspråket varierer i takt med tilfanget av lokale lærarressursar og tilgangen til visnings- og produksjonsutstyr. Det er også store variasjonar når det gjeld samarbeidet mellom skulen og kinoen, mellom skule og profesjonelle filmarbeidarar og mellom lokale, regionale og nasjonale ressursar.

4.7.1 Norsk filminstitutt og Statens skulefilmutval

Norsk filminstitutt er ein forvaltingsinstitusjon under Kultur- og kyrkjedepartementet. Ei av oppgåvene til institusjonen er å formidle film og kunnskap om film til allmenta med særleg vekt på born

og unge. *Statens skulefilmutval* er eit utval under Utdannings- og forskingsdepartementet og har sekretariatet sitt i Norsk filminstitutt.

Filminstituttet og skulefilmutvalet har i mange år vore eit nasjonalt ressurssenter for film i skulen, med formidling av filmar, produksjon av lærermiddel og organisering av kurs for filminteressert ungdom, for lærarar, lærarstudentar og for kultur- og kinobransje. Dei formidlar også kontakt mellom filmarbeidarar og lokale filmprosjekt for born og unge, mellom anna gjennom samarbeid med interesseorganisasjonane Norske Filmregissører og Norsk Filmforbund.

Statens skulefilmutval legg til rette for filmopplevelingar i skuletida ved å utvikle lærermateriell til spelefilmar og ved kursverksemd. Filmbutikken til Norsk filminstitutt har i databasen sin eit breitt utval av filmar på video for bruk i skulen, i tillegg til filmlitteratur og andre læringsressursar. Filminstituttet driv også den nettbaserte medieverkstaden *mzoom* i samarbeid med Læringsssenteret og med



Figur 4.3 Eit satsingsområde innanfor Den kulturelle skulesekken i Oppland er «film i sekken».

Dette biletet er frå eit animasjonsfilmkurs med filmskaparen Inger Christine Årstad.

Foto: Camilla Vanebo

støtte frå Utdannings- og forskingsdepartementet og Statens filmtillsyn. Mzoon er ein kreativ arena for filminteresserte born og unge, der dei kan hauste kunnskap om media og medieproduksjon, og der dei kan publisere sine eigne produksjonar. Mzoon er også ein arena for møte mellom kunstnarar og ungdom.

Norsk filminstitutt driv *Amandus filmfestival* på Lillehammer. Festivalen set søkjelyset på born og unge sine eigne filmproduksjonar og er vorten ein årleg nasjonal møteplass for unge filmskaparar, lærarane deira og profesjonelle filmarbeidarar. *Filmmuseet* i filminstituttet er ein arena for oppleving og kunnskap om filmhistorie og kulturarv og er ei filmhistorisk kjelde som også skal utviklast på nettet. Ved å delta i EU-prosjektet Cinedays kvart år initierer Norsk filminstitutt aktivitetar på kinoar og skular over heile landet, med internasjonale samarbeidspartnerar. Hovudmålet er å formidle den europeiske filmarven gjennom samarbeid på tvers av landegrenser og kulturskilje.

Statens filmtillsyn gjev også bidrag til dette arbeidet med debattarenaer og kompetanse på tema knytte til filmsensur, film og påverknad og problemstillingar rundt levande bilete i dei nye media.

4.7.2 Regionale kompetansemiljø og pilotprosjekt

På 1990-talet vart det gjennomført to store nasjonale prosjekt for utprøving av film- og medieprosjekt i utvalde regionar. *Levende bilder barn og unge* (Norsk kulturråd, Norsk filminstitutt m.fl.) og *Prosjekt Medieverksted* (Nasjonalt læremiddelsenter, Norsk kulturråd og NRK) var med å skape ei lang rekke filmrelaterte aktivitetar over heile landet og sådde mange spirer til kreative miljø som framleis blomstrar.

Rapportane frå desse prosjekta fortel at satsing på regionale ressurscentra og medieverksteder som kan tilby kompetanse til lærarar og elevar i og etter skuletid, er viktig for å skape varige tiltak. Mediefabrikken i Akershus, E6 – Østfold Medieverksted, Medieverkstedet i Ås og Ski og Tvisbit i Tromsø er gode døme på kompetansesenter som fungerer godt, og som kan vere viktige ressursar for å gjennomføre lokale filmprosjekt i Den kulturelle skulesekken.

I Vesterålen er det i mange år drive ei medviten satsing på filmprosjekt for born og unge, mellom

anna gjennom den årlege festivalen *Laterna Magica* og regionprosjektet *Barn og unge i skapende filmarbeid* (Vesterålen regionråd).

Skuleåret 2001–2002 initierte Norsk filminstitutt og Statens skolefilmutval forsøksprosjekt i Troms og Oppland med midlar frå Den kulturelle skulesekken. Fylka utvikla ulike modellar med eit mangfald av aktivitetar i utvalde kommunar. Filminstituttet deltok med faglege ressursar i oppbyggings- og gjennomføringsfasen, i samarbeid med høgskulane i dei to fylka.

Norsk filminstitutt har også medverka med filmfagleg kompetanse i pilotprosjektet *Gutter danser – jenter multimedierer* (Norsk kulturskoleråd, Den Norske Opera/Nasjonalballetten og Norsk filminstitutt). Dette prosjektet legg vekt på å sjå fleire estetiske uttrykk i samanheng. Film er godt eigna i crossover-prosjekt som inkluderer til dømes film og bok, film og teater, film og musikk, film, historie og museum. Dei positive erfaringane frå pilotprosjekta vil vere til stor nytte for andre fylke som vil setje i gang filmprosjekt i Den kulturelle skulesekken.

4.7.3 Film i lokalmiljøet

Filmaktivitetar skjer både på skulen og i skulen sitt nærmiljø. Der det er mogleg, bør filmprosjekt fungere som vekselbruk med skulen og kinoen som arenaer. Billegare og betre utstyr for filmvisning gjer skulane betre i stand til å skape gode framsyningstilhøve også for film på video.

Kinoane er likevel dei mest opplagde lokala for optimale filmopplevelingar. Kinoane kan også leggje til rette for møte med filmkunstnarar, regissørar, fotografar og skodespelarar i tilknyting til filmframstillingar. På kinolerretet kan elevane få vise sine eigne filmar. Kino og skule kan samarbeide med lokalavisa om ein årleg lokal filmfestival for visning av elevproduksjonar. Bransjeorganisasjonen Film & Kino uttrykkjer på vegner av kinoane i Noreg eit ynske om å samarbeide med skulane om ulike filmprosjekt.

Barnefilmklubbane utgjer også ein viktig ressurs for lokalmiljøet. I dag finst det 31 barnefilmklubar med om lag 2700 medlemmer, spreidde over heile landet og i alle fylke. Klubbane er delar av eit etablert nasjonalt nettverk under Filmklubb-forbundet.

5 Modellar for samarbeid mellom kultur og skule

5.1 Innleiing

Den lokale forankringa er basis i Den kulturelle skulesekken. Det er i den enkelte kommunen at krafta og initiativet til ei satsing på kultur skal ligge. Dette vil krevje både ein politisk vilje til å satse, vilje til samarbeid mellom skule og kultur på lokalt plan i den enkelte kommunen og over kommunegrensene, og vilje til å lyfte opp og nytte dei ressursane kommunane har i arbeidet med Den kulturelle skulesekken på ein målretta og effektiv måte. L97 er eit godt grunnlag for å setje ei slik satsing inn i ein breiare samanheng.

For å sikre at kommunane får eit profesjonelt kulturtilbod bør det regionale og nasjonale nivået i tillegg bidra med formidlingsordningar og kompetansemiljø som sikrar at born og unge møter kunst- og kulturuttrykk av høg kvalitet innanfor ramma av skulegangen sin. Dette vil frigjere administrative og personellmessige ressursar i kommunane. Ein kan utnytte logistikken betre og difor gje eit rimelegare og betre tilbod enn om kommunane sjølv skulle ta hand om dette.

Kommunar med god kulturell infrastruktur og institusjonar med ei nasjonal eller regional formidlingsoppgåve innanfor sine grenser bør samarbeide med fylkesnivået for å sikre at institusjonane sine tilbod kan kome heile regionen til gode. Samarbeidet bør vere forankra i ei felles målsetjing om å sikre alle elevane i fylket gode møte med kunst og kultur, og kompetanseheving både i kultursektoren og skulesektoren. Departementet vurderer desse spørsmåla som ei politisk og administrativ utfordring på lokalt og regionalt nivå.

Utviklinga av Den kulturelle skulesekken framover vil krevje eit godt samarbeid mellom kommunenivået og det regionale nivået gjennom fylkeskommunen og fylkesmannen si utdanningsavdeling. Dette kapitlet tek sikte på å presentere arbeidet og innretninga for Den kulturelle skulesekken i enkelte fylkeskommunar og kommunar per i dag.

5.2 Fylkesmodellar

Dei fylkeskommunane som har arbeidd særlig med formidling av kunst og kultur til grunnskulen, har fram til nyleg koncentrert seg om å gje eit basistilbod til kommunane gjennom ei abonnementssordning med føremål å syte for ein kulturell sikringskost til skulane. Dette skjer i samarbeid med fylkesmannens utdanningskontor, regionale kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar, og aktørar med heile landet som virkefelt, som til dømes Riks-konsertane, Riksutstillingar, Norsk scenekunstbruk og Norsk forfattersentrum.

Døme på slike formidlingsordningar er Kultur-nista i Møre og Romsdal, Kulturell nistepakke i Sør-Trøndelag, Kulturformidling i Oppland, Turné-organisasjonen for Hedmark og Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane. Nokre av desse formidlingsordningane omfattar etter kvart dei fleste kommunane og dei fleste elevane i fylket. Andre fylke har i tillegg starta med eit samarbeid med nokre få kommunar, for å stimulere og byggje opp lokale kulturelle skulesekkar i desse kommunane.

Dei fylkeskommunale formidlingsordningane er finansierte gjennom ein communal eigendel som sjeldan overskridt 40 kroner per elev, statstilskot gjennom Den kulturelle skulesekken i 2001 og 2002, avsetning av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2003 og fylkeskommunal eigeninnsats. I tillegg kjem innsats frå kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt.

Departementet ser på desse formidlingsordningane som gunstige både i høve til administrative kostnader og i forhold til planlegging og logistikk. Generelt har departementet eit inntrykk av at ordningane fungerer positivt, og at kommunane er nøgde med tilbodet. Mange av kommunane vil ikkje ha kapasitet til å setje av administrative ressursar for å skaffe eit liknande profesjonelt tilbod på eiga hand. Heller ikkje tingingskompetansen er godt nok utbygd i alle kommunar. Kommunal medverknad vert sikra gjennom møte mellom kontakt-foruma i kommunane og fylkeskommunen og gjennom årlege kulturtorg eller kulturmarknader.

Med utvidinga av Den kulturelle skulesekken ser fleire fylkeskommunar no på dei etablerte for-

midlingsordningane som *ein del* av arbeidet med Den kulturelle skulesekken i fylket. Fleire arbeider mellom anna med kompetansehevingsspørsmål og samarbeider tett med regionale skulestyresmakter og til dømes høgskular om dette. Til ein viss grad er det også samarbeid over fylkesgrensene om slike spørsmål.

Planane som fylkeskommunane har sendt inn per 15. april 2003 til sekretariatet for Den kulturelle skulesekken, viser at dersom overføringane til fylkeskommunane aukar i åra som kjem, tek fleire av fylkeskommunane siktet på at dei kommunane som arbeider målretta med Den kulturelle skulesekken, skal ha høve til å søkje om eit økonomisk tilskot frå fylkeskommunen til dette arbeidet. Departementet understrekar at dette vil vere i tråd med dei føringane som er lagde til fylkeskommunane for bruken av midlane til Den kulturelle skulesekken.

5.2.1 Møre og Romsdal

Arbeidet med det som i dag vert kalla Den kulturelle skulesekken i Møre og Romsdal, starta i 1993. Utgangspunktet var eit Ung Kultur-manifest som slo fast «kva kulturtildot born og unge minimum bør ha». Manifestet vart utarbeidd i samarbeid med ungdom, politikarar, kunstnarar og kulturyråkratar. Samstundes vart det utarbeidd ein enkel og oversiktleg modell i Sunndal kommune, som slo fast kva kunst- og kulturtildot dei ulike aldersgruppene skulle ha innanfor kvart kulturområde. Med utgangspunkt i kommunane sine ynske og planar for kva tilbod dei ville gje sine unge innbyggjarar, vart kommunane og fylkeskommunen samde om ei arbeidsfordeling. Tilboden som fylkeskommunen gjev, er med andre ord grunnfesta i kommunane sine definerte behov og ynske. Lokal forankring av tilboden er eit sentralt element.

Kommunane og fylkeskommunane nyttar same mal for sine planar for Den kulturelle skulesekken. Dette inneber dei same fire satsingsområda, eigenaktivitet og opplæring av elevar gjennom styrking av kulturkompetansen til lærarane, arena for unge utøvarar (til dømes Ungdommens kulturmønstring), møte med kultur og utøvarar på eit høgt nivå og møte med kulturarven (Kulturnista). Dette er med å sikre eit samsvar mellom tiltaka lokalt og regionalt.

Kulturetaten i fylkeskommunen er hovudansvarleg for arbeidet med Den kulturelle skulesekken i samarbeid med fylkesmannens utdanningsavdeling. Dei to etatane har det daglege ansvaret for å drive fram Den kulturelle skulesekken og fungerer som hovudkontakt i fylket. Det er òg eit nært

samarbeid med kulturinstitusjonar og formidlingsorganisasjonar både i fylket og sentralt.

Kulturnista er fylkeskommunen si formidlingsordning for å sikre born og unge årlege opplevingar innanfor teater, dans, visuell kunst og litteratur, i tillegg til musikk som vert sikra gjennom Rikskonsertane. Kulturnista vart etablert som ei forsøksordning frå skuleåret 1998–1999.

For skuleåret 2002–2003 er alle dei 38 kommunane og 26 573 elevar av totalt 33 117 med i ordninga. Berre tre kommunar har ei avgrensa deltaing der ein eller to skular deltek. Frå skuleåret 2003–2004 er alle skulane inviterte til å delta. Rikskonsertane gjev eit tilbod til 28 av dei 38 kommunane. Ti kommunar i Møre og Romsdal står på venneliste for å få skulekonsertar.

Kommunane sokjer om å få vere med i Kulturnista på årsbasis. For dei kommunane som er med i Kulturnista, er det krav om å opprette eit kulturorum med deltakarar både frå kultur- og skulesektoren. Kvar kommune har valt ein nistekontakt som er fylkeskommunen sin kontaktperson i kommunen. Alle skulane har peika ut ein eigen kulturkontakt.

For å vere med i Kulturnista betalar kommunen kr 40 per elev per år. Dei kommunane som er innanfor Rikskonsertane si skulekonsertordning, betaler i tillegg 18 kr per elev. Kommunen er dessutan ansvarleg for all transport innanfor sin kommune (dette gjeld ikkje skulekonsertane). Utgiftene til dette er stipulert til kr 30 per elev, men er mest sannsynleg noko høgare.

Staten sin del av finansieringa er knytt til midlar til landsomfattande formidlingsordningar som til dømes Rikskonsertane, midlar over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett og frå 2003 spelemidlar til Den kulturelle skulesekken. Møre og Romsdal fekk i 2001 1 mill. kroner og i 2002 kr 750 000 over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett for å vidareutvikle arbeidet med Den kulturelle skulesekken i fylket. Det er vanskeleg å rekne ut dei totale fylkeskommunale utgiftene for ordninga, men fylkeskommunen stipulerer ein sum på om lag kr 80 per elev, dvs. totalt i overkant av 2 mill. kroner årleg. Møre og Romsdal er tildelt kr 2 057 000 av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken i 2003. Fylkesmannens utdanningsavdeling dekkjer ein del av kostnadene til turnélegging.

Fylkeskulturetaten arrangerer årleg eit kulturtorg, som er ein marknadslass der kommunane/skulane får høve til å sjå og lytte til aktuelle produksjonar innanfor teater/dans, kunst, litteratur og musikk. Kulturtorget fungerer som ein viktig møtestad for utøvarar innanfor ulike kulturuttrykk, lærarar, kultursjefar, skulesjefar, representantar

frå kulturinstitusjonar og politikarar frå dei ulike forvaltningsnivåa. På kulturtorget i januar 2003 deltok om lag 600 personar. Både Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane deltok med kvar si busslast deltararar. Også andre fylke har vitja kulturtorget tidlegare.

Høg kvalitet i produksjonane er eit ufråvikeleg krav, og fylkeskommunen vel ut produksjonane til kulturtorget i samråd med fagmiljøa. Etter kulturtorget sender kommunane ei prioritert liste til fylkeskulturavdelinga, og ut frå det set fylkeskulturavdelinga opp eit turnétilbod som vert presentert i eit fellesmøte for kontaktane i kommuane. Så langt som råd er følgjer ein kommunane sine ynske i planlegginga. Etter dette vert turnéane organiserete.

Ordninga sikrar at born og ungdom i fylket får minimum fem møte i året:

- to konsertar gjennom Rikskonsertane (for 28 av 38 kommunar)
- ei teater- eller danseframstilling
- ei bokoppleving (t.d. møte med ein forfattar, ei teaterframstilling, ein skodespelar som les frå bøker)
- ei kunstoppleving (t.d. ei kunstutstilling, møte med ein biletkunstnar/kunsthåndverkar)

I møte med kulturarven vert det i tillegg lagt til rette for museumsbesøk for elevane. Nokre av møta kan vere sjangeroverskridande, og målet er at born og ungdom skal vere sikra eit stort mangfold av kulturuttrykk.

Viktige samarbeidspartnarar for Kulturnista er Rikskonsertane, Riksutstillingar, Norsk scenekunstbruk, Teatret Vårt, Operaen i Kristiansund, frie danse- og teatergrupper, Norsk forfattarsentrums Midt-Norge, Kunstmarsenteret i Møre og Romsdal, Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal og Høgskolen i Volda.

Kvar år vert det arrangert to oppsummeringsmøte med kulturnistekontaktane frå kommunane, der fylkeskommunen og fylkesmannen si utdanningsavdeling får ei meir uformell tilbakemelding på opplegget. Ut over dette sender kommunane og skulane inn eit evalueringsskjema av dei ulike tilboda. Frå skuleåret 2003–2004 skal det også arrangerast eit oppstartsmøte der alle dei involverte skulane vert inviterte til å delta, saman med dei lokale musikk- og kulturskulane, biblioteka og musea. Hovudmålet er å styrke den lokale forankringa i arbeidet.

I budsjettet for Den kulturelle skulesekken vert det årleg sett av kr 350 000 til produksjonsmidlar for nye produksjonar. Det vert gjeve årlege kurs i kunstformidling for lærarar i skulane. Fylkesman-

nen si utdanningsavdeling har oppført kultur som eit av satsingsområda innan kvalitetsutvikling. Det vil seie at kommunane kan søkje om kompetanseutviklingsmidlar for lærarane innan dette området. I tillegg arbeider Kulturetaten i fylkeskommunen med å tilby verkstader og kurs for å sikre heving av kulturkompetansen hos lærarane.

Fylkestinget vedtok i april 2003 å setje av 1 mill. kroner til å utvide Den kulturelle skulesekken til også å omfatte vidaregåande skule.

Kommunane har bede om eit tilsvarende tilbod til barnehagane, noko som gradvis vil verte innarbeidd i samsvar med tilgjengelege ressursar.

5.2.2 Hedmark

Hedmark fylkeskommune oppretta Turnéorganisasjonen for Hedmark (ToH) som ei stifting i 1991 med formål å formidle kunst og kultur til innbyggjarane i Hedmark, og då særleg til born og unge. Ordninga retta mot skuleverket er kalla Skolepakka, og er ein sentral del av arbeidet med Den kulturelle skulesekken i Hedmark. I tillegg til å formidle produserer også Turnéorganisasjonen eigne framstillingar og utstillingar. Turnéorganisasjonen har tilsett eigne produsentar for musikk, visuell kunst, litteratur og scenekunst.

Skolepakka er ei ordning som kommunane kan abonnere på. Kommunane betaler kr 25 per elev direkte til Turnéorganisasjonen i Hedmark, og kr 18 per elev til fylkeskommunen for dei som er med i Rikskonsertane si skulekonsertordning. Kommunane er med inntil abonnementet vert sagt opp. I dag er alle dei 22 kommunane, 152 av 153 skular og totalt 22 967 elevar med i ordninga.

Alle klassetrinn som er med i ordninga, får i løpet av eit år dette tilboden:

- eit forfattarbesøk
- ei utstilling av biletkunst eller kunsthåndverk
- eit teater-/dansebesøk
- to konsertar for 19 av 22 kommunar som er med i Rikskonsertane si skulekonsertordning

Besøkstida varierer frå enkelttimar i enkeltklasser til heildagsbesøk og til prosjekt over ei veke. Elevane vil i løpet av åra i grunnskulen motta mange besøk innanfor kvar kunstart, og Turnéorganisasjonen legg stor vekt på at dei skal få oppleve så mange uttrykksformer som mogleg. Turnéorganisasjonen held oversyn over kva skulane har motteke tidlegare, og ser på heilskapen når programplanane vert lagde for neste kalenderår.

Det vert lagt stor vekt på at produksjonane er tilpassa målgruppa. Produsentane i Turnéorganisasjonen bestemmer innhaldet og vurderer kvalite-

ten ut frå faglege kriterium og held seg oppdaterte på kva som går føre seg på landsbasis. Kvalitet er viktig i alle ledd av Turnéorganisasjonen sitt arbeid. I starten av kvar nye turné vert det sendt ut evalueringsskjema og gjennomført samtaler med enkelte av skulane som får produksjonen og utøvarene. Produsentar følgjer alle turnéane og kvalitets-sikrar alle produksjonane. Kontakten med skulane er god.

Turnéorganisasjonen i Hedmark ynskjer at Skolepakka skal vere kulturlivet si gāve til skulekvarden, og at kunstnarne kan bidra med det dei kan best, å skape opplevingar. Turnéorganisasjonen meiner at det er positivt dersom vitjingane kan knytast opp til læreplanen – kunnskap og opplevingar er to sider av samme sak – men at læreplanen ikkje skal bestemme utval og formidling. Turnéorganisasjonen i Hedmark har eit skråblikk på L97, men det er ikkje retningsgjevande i organisasjonen sitt arbeid.

Skolepakka er først og fremst eit kulturtiltak initiert av fylkeskommunen. Det har til no vore lite samarbeid med skuleetaten i fylket utover at fylkesmannen si utdanningsavdeling betaler turnélegginga for Rikskonsert-produksjonane. Etter at Den kulturelle skulesekken vart ei nasjonal satssing, er det innleidd eit nærmere samarbeid mellom fylkesmannens utdanningsavdeling, Høgskolen i Hedmark, Turnéorganisasjonen for Hedmark og Hedmark fylkeskommune i det vidare arbeidet med Den kulturelle skulesekken i fylket. Målet er å leggje til rette for at skulane og kommunane i Hedmark skal nytte prinsippa for Den kulturelle skulesekken som metode i realiseringa av sine læringsmål, og å leggje til rette for samarbeid mellom skule og kunstnarmiljø/kulturinstitusjonar for å bruke miljøa aktivt i skulen sitt pedagogiske arbeid.

Det vert særleg satsa på:

- å utvikle kulturelle skulesekker i kvar kommune
- styrke produksjons- og formidlingsvolumet
- skape møteplassar for idéutveksling og refleksjon
- kompetanseutvikling.

Turnéorganisasjonen i Hedmark vart i 2003 evaluert av Telemarksforsking (Røyseng og Aslaksen, 2003).

5.2.3 Oppland

Basis for Den kulturelle skulesekken i Oppland er *Kulturformidling i Oppland*, som vart etablert i 1999. Den kulturelle skulesekken i Oppland har

følgjande mål: «Alle elever i grunnskolen i Oppland skal gjennom sin skoletid sikres gode, spennende og varierte kulturopplevelser og få utfordre og utfolde egne skapende krefter i samsvar med inten-sjonene i L97».

Elevane skal sikrast eit breitt tilbod av kultur-opplevelingar gjennom:

- utvikling av kulturelle opplevingar og eigenaktivitet, mellom anna for å sikre at den lokale kul-turarven vert teken vare på
- vidareutvikling av Kulturformidling i Oppland
- brukaroppfølging og kompetanseheving.

Av 26 kommunar er i alt 21 med i formidlingsordninga Kulturformidling i Oppland. Då Den kultu-relle skulesekken vart lansert på landsbasis, valde fylket ut seks modellkommunar som får ei breiare og meir systematisk satsing. På den måten kan ein få prøvd ut ulike lokale modellar og forankre skule-sekkens lokalt i den enkelte kommune og lokalsam-funna. Desse kommunane har laga sine eigne lokale prosjektplanar og fått mellom kr 70 000 og kr 105 000 kvar via fylkeskommunen til å gjennomføre desse. Dei seks kommunane er Gran, Østre Toten, Søndre Land, Øystre Slidre, Vestre Slidre og Dombås.

Kommunane skal vere aktive brukarar av fylket si formidlingsordning og ha eit formalisert samar-beid mellom skule- og kulturetaten i kommunen. utover dette har kommunane stått relativt fritt i høve til korleis dei ynskjer å organisere og utvikle dei lokale modellane. Fylkeskommunen og fylkes-mannen si utdanningsavdeling har aktivt føgt opp desse kommunane med nettverkssamlingar, bru-karoppfølging og kompetanseheving.

I tillegg til arbeidet med modellkommunane har Oppland vidareført formidlingsordninga si for dei 21 kommunane og hatt ei særleg satsing på film og verkstadsordningar. Skulen står i sentrum for Kulturformidling i Oppland og er såleis eit særleg viktig verkemiddel for å styrke kulturdimensjonen i grunnskulen slik det er lagt opp til i *Broen og den blå hesten* og L97.

Kommunane sitt ansvar i arbeidet med kultur-formidlinga i Oppland har vore å utvikle og halde ved like det lokale mottakar- og arrangørapparatet, utvikle lokal formidlingsprofil, melde inn ynske om type produksjonar og framføringsstad, velje pro-duksjonar frå ein meny og sikre at tilhøva lokalt vert lagde til rette.

Fylkeskommunen sitt ansvar er å halde kontakt med produksjonsmiljø og ha oversyn over aktuelle produksjonar, påverke produsentar til å lage etter-spurde produksjonar, sikre tilfredsstillande kvali-



Figur 5.1 Scene frå Gardbergspelet «Eg Gudgjest, rita runene».

Dette spelet var ein del av den lokale kulturelle skulesekken i Vestre Slidre kommune i 2002. Vestre Slidre er ein av modellkommunane i Den kulturelle skulesekken i Oppland.

Foto: Marit Brænd

tet, setje opp programmenyar, forhandle pris med produsentane og sikre at kommunane får naudsynt opplæring. Fylkeskommunen har ansvar for legging og koordinering av turnéane i Oppland. Turnéane vert lagde på grunnlag av tingingar frå kommunane.

Tilboda skal vere tilpassa alle kommunane som deltek i ordninga. Det er etablert eit kulturforum med samordningsansvar i kvar kommune. Programtilbodet vert sett opp i samråd med representantar for kulturforum i kvar kommune. Kommunane avgjer kvar og korleis produksjonane skal visast. Ordninga set kommunen i sentrum og byggjer på det grunnprinsippet at den enkelte kommune må ta ansvaret for den lokale kunst-/kulturformidlinga. Ordninga skal sikre eit basistilbod og skal ikkje fortrengje eksisterande tilbod. Det er ei oppgåve å involvere born og ungdom aktivt i formidlingsprosessen. Fylkeskommunen skal sikre tilfredsstilande kvalitet på dei produksjonane som vert tilbode. Dette vert gjort i samarbeid med fagmiljøa.

Viktige samarbeidspartnarar og fagmiljø i ordninga er Norsk scenekunstbruk, Norsk forfattersentrumsbiblioteket, Riksutstillingar, Rikskonsertane, Kunstnersentret i Oppland og Lillehammer kunstmuseum.

Det er gjort framlegg om å innarbeide produksjonstilskot i ordninga for å stimulere til fleire produksjonar frå eige fylke. Dette vil kunne gje både produksjonsmiljø og utøvarar frå fylket interessante utfordringar og betre marknad, og det kan verte interessant for fleire utøvarar å busetje seg i fylket. Ei slik ordning har vore prøvd ut, men er ikkje gjennomført i full breidd. Ordninga er i dag i hovudsak basert på kjøp og distribusjon av ferdige produksjonar.

Ein gong i året vert det arrangert ein kulturmarknad eller «Kulturslepp», der programtilbodet for komande skuleår vert presentert. I tillegg vert det arrangert årlege planleggings- og evalueringsmøte for å drøfte programprofil og aktuelle produksjonar og for å utveksle røynsler. På desse møta er

alle kommunane som er med i ordninga, representera ved kulturkontakten og skulekontakten i kommunane. Utover desse møta er det førebels inga systematisk evaluering. Det vert gjeve noko reisetilskot frå fylkeskommunen, slik at enkelte kulturkontaktar eller skulekontaktar kan reise til den årlege Scenekunstmarknaden i Sandefjord.

5.2.4 Vestfold

Målet med Den kulturelle skulesekken i Vestfold er å tilby alle grunnskuleelevar ein kulturell skulesekks med Sandefjordmodellen som mal, jf. pkt. 5.3.1. Den kulturelle skulesekken i Vestfold består av 14 kommunale kulturelle skulesekker, der innhaldet er profesjonell formidling av ulike kunstuttrykk og regionen si historie. Fylkeskommunen har i hovudsak ei rolle som nettverksbyggjar og kompetanseutviklar i tillegg til å ha hovudansvar for samordning av turnéar.

Den kulturelle skulesekken i Vestfold har ei styringsgruppe samansett av kulturdirektøren i fylkeskommunen, utdanningsdirektøren i fylket og prorektor ved Høgskolen. Den daglege drifta skjer i fylkeskulturverksemda. Alle kommunane i Vestfold er med i Kulturarvsprosjektet *Vikingtid i Vestfold*. I tillegg er det starta eit utviklingsprogram for dei fire pilotkommunane Sandefjord, Arendal, Re og Larvik. Dette er kommunar som allereie har røynsler med Den kulturelle skulesekken. I løpet av første kvartal 2003 er fire nye kommunar med. Dette er kommunane Hof, Horten, Sande og Svelvik. I dei andre kommunane i Vestfold vert det arbeidd med å utvikle lokale ordningar.

Fylkeskommunen har følgjande forventningar til kommunane som ynskjer å vere med i ordninga:

- Kommunen har utvikla ein plan for profesjonell kunst- og kulturformidling til grunnskuleelevar, med tema på kvart klassetrinn.
- Kulturplanen er utvikla og vert drifta som eit formalisert samarbeid mellom kultur- og skulesektoren i kommunen og er forankra i kommunen sitt administrative og politiske system.
- Det må frå skulane si side skje ei heilskapleg og bevisst innlemming av kunstnariske og kulturelle verdiar i realiseringa av skulen læringsmål. Dette stiller krav til forståing av prinsippa for utviklinga av Den kulturelle skulesekken som metode i skulen sitt arbeid. Kommunane treng ein strategi for kompetanseutviklinga.

Kommunane betaler inga avgift til fylkeskommunen for å vera med, men dei vil ha utgifter til drift av eigen kulturplan.

Det er etablert eit kommunenettverk med kontaktpersonar frå alle kommunane og eit fagleg nettverk for pilotkommunane der ein har jamlege møte og drøftar erfaringar og idéar, og utviklar samarbeidsrutinar for utveksling av kunst- og kulturproduksjonar kommunane imellom. Primærkommunane er fylkeskommunen sine viktigaste samarbeidspartnerar, og arbeidet med Den kulturelle skulesekken er ein del av partnarskapsutviklinga mellom kommunane på den eine sida og mellom fylkeskommunen og primærkommunane på den andre. Høgskolen i Vestfold har tilbod om kompetanseutviklingskurs for lærarar.

5.2.5 Sogn og Fjordane

Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane vart starta opp som eit prøveprosjekt for åtte kommunar og vel 5 000 elevar våren 2002. Dei same kommunane har delteke i ordninga inneverande skuleår og gjennom eit aktivt evaluatingsarbeid medverka til å etablere Sogn og Fjordane-modellen. Frå hausten 2003 blir fylkestilbodet utvida til 16 kommunar og nærmare 12 000 elevar.

Grunnlaget for satsinga i fylket vart lagd i ei omfattande spørjeundersøking i alle grunnskulane og kulturskulane hausten 2001, som mellom anna kartla ynske, eksisterande tilbod og samarbeidet mellom skulesлага. Ein fann ut at det eksisterte eit godt samarbeid mellom kulturskulane og grunnskulane, og at grunnlaget for ei felles kopling til Den kulturelle skulesekken var på plass i dei fleste av kommunane. Med omsyn til innhaldet i skulesekken prioriterte grunnskulane følgjande tilbod: musikk, biletkunst, dans, teater og lesestimulering. Førebels er ingen av tilboda obligatoriske. Skulane får ei liste med tilbod der dei vel ut det som er mest interessant for dei, men der kulturavdelinga står fritt til å gje eit anna tilbod dersom ein ikkje klarer å innfri vala.

Kartlegginga gav viktige innspel til utforminga av sikringskosten i Den kulturelle skulesekken. Samstundes fekk skulane og kommunane grunneleggjande informasjon om kva moglegheiter og intensjonar som er knytte til Den kulturelle skulesekken. Mange kommunar etablerte raskt lokale kulturforum der samarbeidet mellom skule og kultur vart sett i system, og der kulturskulen fekk ein plass. Frå kulturavdelinga si side vart det sett som føresetnad for deltaking i Den kulturelle skulesekken at kommunane etablerte kulturforum, og at alle skular oppnemnde eigne kulturkontaktar. Vidare vert det no arbeidd med at kvar kommune, gjennom kulturforum, utarbeider ein lokal plan for

ei skule- og kultursatsing, det lokale skulesekk-innhaldet, og at denne vert politisk forankra.

I den første oppbyggingsfasen fekk Sogn og Fjordane god støtte frå nabofylket Møre og Romsdal, og dei to fylka vurderer no eit tettare samarbeid om mellom anna turnéar som skal gå i begge fylka. Kulturtorget i Møre og Romsdal er etablert som ein felles møtearena for nabofylka, og det er eit mål at aktørar frå Sogn og Fjordane, som til dømes fylkesmusikarane og Sogn og Fjordane teater, også skal få delta der.

Eit av særtrekka med Sogn og Fjordane-modellen er det nære samarbeidet med Sogn og Fjordane fylkesbibliotek. Institusjonen skaffar forfattarar via Vestnorsk Forfattarsentrum, legg opp forfattarturnéane, tilbyr skulane klassesett og distribuerer informasjon via lokalbiblioteka. I tillegg har fylkesbiblioteket teke ansvar for å utvikle og drifta heimesidene til Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane. Dette ser fylkesbiblioteket på som sitt bidrag til ei viktig satsing dei sjølv har stor glede av, og det blir difor gjort utan vederlag. Tilsvarande teneste innanfor scenekunstområdet vert utført av Sogn og Fjordane teater, men i nært samarbeid med kulturavdelinga.

Dette samarbeidet har ført til at ressursbruken i administreringa av fylkesnivået har vore minimal. Våren 2003 er stillingsheimlane knytte til Den kulturelle skulesekken 110 prosent fordelt på to personar. Det er aktuelt å utvide til 150 prosent frå hausten 2003 og på sikt få til to heile stillingsheimlar for å handtere utvidinga av satsinga. I tillegg kjem bidrag frå kulturavdelinga knytt til merkantile oppgåver og bidrag frå fylkesmannen si utdanningsavdeling knytt til informasjonsarbeid som rektorsamlingar og kurs i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Utdanningsavdelinga har ein rådgjevar som i sin stillingsinstruks har Den kulturelle skulesekken som prioritert arbeidsområde, og samarbeidet med kulturavdelinga er svært godt.

Frå hausten 2003 vert det prøvt ut ein eigen regionmodell for Den kulturelle skulesekken i Nordfjord i Sogn og Fjordane. Dei sju kommunane i Nordfjord – Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Gloppe, Stryn og Hornindal – har kome med i fylkestilbodet under føresetnad av at dei får to tilbod gjennom sikringskosten i fylket og sjølv tar ansvar for to tilbod. Dei sju kommunane har utarbeidd eit felles, politisk manifest for Den kulturelle skulesekken og har sett av ei løying tilsvarende 40 kroner per elev per år til denne satsinga.

Forventningane til regionmodellen i Nordfjord er at kommunar med ei geografisk tilknyting sjølv kan ta eit felles ansvar for den satsinga dei meiner

er interessant i sitt nærområde. Slik prøver ein å få til samarbeid om å løyse oppgåver som elles kanskje vert for krevjande for den einskilde kommunen. Det eine felles regiontilbodet komande skuleår vert besøk på Nordfjord Folkemuseum, som er eitt av dei 20 musea i landet som har fått 500 000 kroner i statstilskot for 2003 til å byggje opp og styrke tiltaksprogram for born og unge. Prosjektleiarene i Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane er med i referansegruppa museet har etablert i samband med dette arbeidet. Det er aktuelt å byggje ut tilbodet med «pakkeløysingar», der skulebesøk på museet også inkluderer eit av tilboda frå sikringskosten, som til dømes folkesong.

Målet er at Nordfjordmodellen skal leggje grunnlaget for ei ordning som er interessant også for dei andre regionane i fylket. På sikt vil det då bli enklare å administrere og kvalitetssikre ein eventuell økonomisk modell der delar av løvingane til Den kulturelle skulesekken blir nytta til sikringskosten, og delar blir gjeve som tilskot til kommunane og deira lokale tilbod.

For tida vert det også arbeidd med å utvikle ein eigen modell for «film i sekken» i Sogn og Fjordane. Media- og kommunikasjonslina ved Firda vidaregåande skule vil komande skuleår utarbeide eit opplegg for filmundervisning – og filmoppleving i grunnskulen. Forventningane til denne modellen er at han skal kunne overførast til dei andre kommunane i fylket, slik at alle elevane får tilgang til og eit positivt forhold til film som ein del av kunst og kultur generelt. Sogn og Fjordane fekk 250 000 kroner i 2001 og 750 000 kroner i 2002 for å utvikle Den kulturelle skulesekken. I 2003 får fylket om lag 1,3 mill. kroner i spelemidlar til arbeidet.

Så langt har dei statlege løvingane til Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane gått uavkorta til elevretta tiltak i form av ein felles sikringskost. Satsingsområda inneverande år er teater, drama, musikk, dans, biletkunst og kunsthandverk, arkitektur og lesestimulering. Det er eit mål at alle grunnskuleelevarne i fylket skal få eit tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken innan 2006. Først etter den tid vil det verte aktuelt å fordele midlar direkte til kommunane.

5.3 Kommunale modellar

Den kulturelle skulesekken som omgrep kjem frå Sandefjord kommune. Denne kommunen starta med Den kulturelle skulesekken allereie i 1997, som ledd i at Sandefjord i sterkare grad ynskte å stå fram som ein kulturbyp. Etter kvart har fleire kommunar laga sine eigne lokale kulturelle skulesek-

Tabell 5.1 Oversyn over tilbodet i Den kulturelle skulesekken i Sandefjord.

Klassetrinn	Tema	Lokalhistorie/lokalkunnskap
1. klasse	Biletkunst	Møte med Sandefjord bibliotek
2. klasse	Musikk	Møte med Sandefjordmuseene
3. klasse	Skulptur	SkulpTUR i Sandefjord
4. klasse	Teater	Sandefjord før og no
5. klasse	Dans	Sandefjord – kystmiljø
6. klasse	Form og Design	Sandefjord i vikingtid
7. klasse	Litteratur	Sandefjord og kvalfangst
8. klasse	Arkitektur	ArkitekTUR i Sandefjord
9. klasse	Musikk	Besøk på kunstmuseum
10. klasse	Film	Møte med filmskapar

ker, mange etter modell av Sandefjord. Karmøy, Larvik, Odda, Ullensaker, Gran og Drammen er døme på andre kommunar som er i gang med å byggje ut sine kulturelle skulesekker, med utgangspunkt i Læreplanverket og med spesifisering av aktivitetar på dei ulike klassetrinna.

Over heile landet går det no føre seg ei bevisstgjering av kva Den kulturelle skulesekken kan ha å seie for den enkelte kommune og skule. Dette er ei positiv utvikling som skapar interaksjon og samarbeid lokalt mellom skule- og kultursektor og fastsetjing av ein del prinsipp lokalt om ei satsing på kultur i grunnskulen. Det er ikkje noko mål at ei satsing på Den kulturelle skulesekken skal følgjast av ei oppbygging av ny administrasjon eller byråkrati i den enkelte kommune. Målet er å skape rom for at kulturtildel og kunstnarar på ymse felt kan verte ein større og meir integrert del av grunnskulen slik også L97 skapar grunnlag for. Den kulturelle skulesekken som idé og metode kan innarbeidast som ein integrert og fullverdig del av skulekvardagen gjennom eksisterande miljø og ressursar lokalt, regionalt og nasjonalt.

5.3.1 Sandefjord

Den kulturelle skulesekken i Sandefjord har etter ein treårig prøveperiode vore i fast drift frå 1. januar 2001. Alle skulane i Sandefjord er med i Den kulturelle skulesekken, og alle tiltak er obligatoriske. Det er om lag 5500 grunnskulelevar i Sandefjord fordelt på 14 barneskular og fire ungdomsskular.

Den kulturelle skulesekken er innarbeidd i kommuneplanen heilt ned på tiltaksnivå, med oversyn over kva dei ulike klassetrinna skal gjennom i løpet av 10 år på grunnskulen. L97 er det viktigaste

dokumentet i utforminga av innhaldet i dei enkelte emna. Den kulturelle skulesekken er ei støtte til skulane i arbeidet med å realisere læreplanen. Ved at tema er plasserte på klassetrinn ut frå L97, er det mogleg for lærarane å leggje tiltaka inn i årsplana for den enkelte skulen.

Kommunen har ei klar målsetjing om å sikre elevane ein felles kulturell kapital. Gjennom opplevingar og tolkingar skal alle elevane som går ut av grunnskulen i Sandefjord ha fått med seg:

- god lokalkunnskap knytt til byhistorie, museumsverksemda, kulturorganisasjonane, kulturinstitusjonane og det estetiske miljøet
- kunnskap om uttrykksformene film, teater, dans, musikk, biletkunst, skulptur og arkitektur
- praktiske arbeidsoppgåver og refleksjon knytte til fleire av uttrykksformene

I tillegg til oversynet i tabell 5.1 får elevane ei teaterframstilling, ein skulekino, ei danseframstilling i 5.–7. klasse og to skulekonsertar årleg.

I gjennomføringa av Den kulturelle skulesekken er det eit nært samarbeid mellom kulturretaten og skuleetaten, og begge medverkar både økonomisk og innhaldsmessig. Kultur- og fritidsetaten i Sandefjord er ansvarleg for drifta av Den kulturelle skulesekken, men skule- og barnehageetaten er med i styringsgruppa for tiltaket. Skule- og barnehageetaten har hovudansvaret for kompetansebygging for lærarar.

Sandefjord kommune løyver kvart år om lag kr 500 per elev til tiltak i Den kulturelle skulesekken, i tillegg kjem eigeninnsats frå kulturinstitusjonane i kommunen som til dømes bibliotek og museum. Der det er mogleg, prioriterer ein å nytte lokale profesjonelle kunstnarar og kunst-/kulturinstitusjonar. Formidlarane kan vere frie kunstnarar inn-

anfor ulike sjangrar, men det er òg eit utstrekkt samarbeid med andre kommunale institusjonar. Kulturskulen spelar ei viktig rolle saman med museum, kino og bibliotek.

Kommunen er også med i regionale og sentrale formidlingsordningar. På denne måten deltek både Vestfold fylkeskommune, Norsk scenekunstbruk og Rikskonsertane, og kommunen får også noko prosjektstøtte frå ulike instansar. I fylkeskommunen si ordning inngår jamlege nettverksmøte med andre kommunar, der ein drøftar erfaringar og idéar og utviklar samarbeidsrutinar for utveksling av kunst- og kulturproduksjonar kommunane imellom. Alle tiltak blir evaluerte av skulane, både av lærarar og elevar.

Hovudmålet med Den kulturelle skulesekken i Sandefjord er å legge til rette for formidling av profesjonell kunst. Ein gong i året vert «Markedet for scenekunst» arrangert, med profesjonelle scenekunstframstyringar, workshops og diskusjonar. «Markedet for scenekunst» har eit nasjonalt perspektiv og er i tillegg ein del av kompetansebygginga for både lærarar og kunstformidlarar. Skule- og barnehageetaten organiserer kortare kurs for lærarar. Det er utarbeidd eige opplegg for kompetanseheving av kulturkontaktane på dei enkelte skulane med faste samlingar. Det finst også eigne kurstilbod for rektorar og kulturkontaktar. I budsjettet for Den kulturelle skulesekken er det øyremerkta midlar for kurs og kompetanseheving.

Gjennom arbeidet med Den kulturelle skulesekken meiner kommunen at samspel mellom det lokale, det regionale og det nasjonale kan skapast og styrkjast. Kommunen seier sjølv: «Kvaliteten i produksjonene kan heves ved gode allianser med regionale og nasjonale formidlingsinstitusjoner, og ved å utvikle møteplasser for lokale formidlere.»

5.3.2 Storbymodell i Trondheim

Sør-Trøndelag fylkeskommune starta arbeidet med formidlingsordninga Kulturell Nistepakke i 1997. Målet var å skape ei formidlingsordning som sikra barn i fylket eit regelmessig møte med kunst- og kulturuttrykk av høg kvalitet.

Då det nasjonale prosjektet Den kulturelle skulesekken starta i 2001, fekk Sør-Trøndelag høve til å realisere ein storbymodell av Kulturell Nistepakke for Trondheim kommune. Prosjektet vert administrert av fylkeskommunen i nært samarbeid med oppvekst- og utdanningsavdelinga hos fylkesmannen. I tillegg er Trondheim kommune med i utviklingsgruppa med ein representant frå kultursida og ein representant frå skulesida.

I prosjektperioden har ein særleg arbeidd med å heve kompetansen i både tilbods- og mottakarsida. Ein har også etablert faglege nettverk, kulturkontaktar og ei transportordning for brukarane. For å gjennomføre modellen har det vore viktig å inngå eit samarbeid med allereie eksisterande kunst- og kulturinstitusjonar i Trondheim, i tillegg til å organisere kunstnarbesøk i skulen.

I 2001 fekk storbymodellen kr 770 000 av statlege midlar gjennom Sør-Trøndelag fylkeskommune. Det er gjennomført to års forsøksverksemd i Saupstad distrikt, og opplegget er gjennomført i sju skular i andre bydelar. Til saman har 13 skular og 4800 elevar vore med. Komande skuleår vert ordninga utvida med fem nye skular og 1300 nye elevar. Trondheim kommune sitt samarbeid med Rikskonsertane inngår som ein del av Kulturell Nistepakke.

Storbymodellen for Trondheim inneheld førebels desse elementa:

- To konsertar årleg for alle elevane med Rikskonsertane og Trondheim symfoniorkester
- Eit teaterbesøk for barnetrinnet, mellomtrinnet eller ungdomstrinnet i samarbeid med Norsk scenekunstbruk, Teaterhuset Avant Garden og Trøndelag Teater
- Eit dagsbesøk av ein kunstnar eller besøk på eit Kunstmuseum for eit årstrinn i samarbeid med Pilotgalleriet
- Ein skriveverkstad med ein forfattar for eit årstrinn i samarbeid med Norsk forfatterforening
- Eit fagleg og opplevingsbasert opplegg for to årstrinn i samarbeid med Ringve museum, Trøndelag folkemuseum, Sverresborg og Restaureringsverksemda ved Nidaros domkyrkje
- Hausten 2003 vert det òg eit utvida tilbod innanfor film for eitt årstrinn.

Trondheim kommunale musikk- og kulturskole har medverka i arbeidet gjennom å initiere prosjekt og kurs for å styrke dialogen mellom formidlingsdelen og skulane. Skuleåret 2003–2004 vil ein vidareutvikle dette samarbeidet, men syte for at initiativet til samarbeidet i større grad ligg hos skulane sjølv.

5.3.3 Bydel Grefsen-Kjelsås i Oslo

Bydel Grefsen-Kjelsås er den første bydelen i Oslo kommune som har laga ein heilskapleg plan for Den kulturelle skulesekken. Bydelen har som mål å gje alle barne- og ungdomsskuleelevarne møte med ulike kulturuttrykk gjennom faste kulturtilbod på kvart klassetrinn. Den kulturelle skulesekken i bydelen er eit samarbeid mellom skuleetaten

Tabell 5.2 Oversyn over tilbodet i Den kulturelle skulesekken i Bydel Grefsen-Kjelsås.

Klassetrinn	Tema	Samarbeidspartnar
1. klasse	Uteskule – skog og natur i nærmiljøet	
2. klasse	Musikk – utforsking, leik og oppleving	Oslo kommunale musikkskole
3. klasse	Teater – utforsking, leik og oppleving	Black Box og Cap a pied
4. klasse	Historie, miljø og samspele	Norsk Teknisk museum
5. klasse	Visuell kunst – eksperimentering med former og fargar	Munchmuseet Frysja kunstnersenter
6. klasse	Dans	Aktivum treningssenter
7. klasse	Arkitektur, natur- og kulturlandskap	Skoleetaten
8.–10. klasse	Scenekunst	Profesjonelle aktørar

ved dei tre barneskulane og ungdomsskulen i bydelen og Bydel Grefsen-Kjelsås. Den kulturelle skulesekken er forankra i L97 og i bydelen sin strategiske plan. I løpet av ti år i grunnskulen vil eleverne i bydelen få tilbodet som vist i tabell 5.2.

I tillegg til arkitektur på 7. klassetrinn gjev skoleetaten i Oslo tilbod om tre profesjonelle framsyningsgrupper i året som supplerer dei lokale tilboda. Dette omfattar teater for 3. klasse, dans for 6. klasse og for ungdomsskuletrinnet. Bydelen øyremarker kr 500 000 årleg til Den kulturelle skulesekken.

6 Utforminga av Den kulturelle skulesekken og utfordringar for dei ulike kulturfelta

6.1 Innleiing

I utarbeidninga av den overordna strategien for utviklinga av Den kulturelle skulesekken på landsbasis har Kultur- og kyrkjedepartementet lagt til grunn som eit heilt sentralt prinsipp at den framtidige utbygginga og utviklinga ikkje skal skje under sterkt statleg styring. Detaljeringsnivået i framtidig bruk av midlar til føremålet vil difor vere høvesvis låg.

Den kvalitetsmessige utviklinga av Den kulturelle skulesekken vil i stor grad avhenge av dei initiativa som spring ut frå lokalt og regionalt nivå, og den viljen til samarbeid og felles måloppnåing som kultursida og skulesida og dei ulike forvaltingsnivåa må framvise.

I samsvar med Stortinget sine føresetnader er fylkeskommunen tillagt eit sentralt ansvar for regional samordning av tilbod og for kommunal innsats i utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Denne forvaltingsordninga føreset at også det kommunale nivået i sitt samarbeid med regionalt nivå og andre kommunar er viljig til å tenkje heilskapleg i høve til korleis regionen sine samla kulturressursar best mogleg kan brukast for å gje kvar enkelt elev i grunnskulen eit kvalitativt godt kulturtild.

6.2 Organisering og ansvarsdeling på nasjonalt nivå

På nasjonalt nivå er Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet dei ansvarlege instansane for utviklinga og iverksetjinga av Den kulturelle skulesekken. Kultur- og kyrkjeministeren har det politiske ansvaret for fordeling av spelemidlar til kulturføremål, inkludert fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken.

Nasjonale kompetansemiljø og produksjonsmiljø både på skulesida og kultursida har viktige roller i arbeidet med Den kulturelle skulesekken, både på lokalt og nasjonalt plan. Desse rollene omfattar oppgåver med å føre vidare og utvikle eksisterande formidlingsaktivitet til skuleverket,

utvikle idéar og ta initiativ til framtidige satsingsområde og samarbeidsprosjekt med lokale og regionale aktørar. Det vil også vere trøng for initiativ knytte til samordning, forsking og evaluering av tiltak i Den kulturelle skulesekken. Miljøverndepartementet vil også vere ein viktig medspelar i forhold til å få kulturminne inn i Den kulturelle skulesekken.

6.2.1 Politisk styringsgruppe

Det er etablert ei politisk styringsgruppe samansett av ein statssekretær frå kvart av dei to departementa Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet. Styringsgruppa vil fungere som eit samarbeidsorgan som gjev råd til kultur- og kyrkjeministeren i samband med utviklinga av Den kulturelle skulesekken.

Styringsgruppa sine overordna oppgåver er å definere mål og verkemiddel for Den kulturelle skulesekken og å gje råd om dei overordna førinngane og rammefordelinga av økonomiske midlar som vert tildelte gjennom overskotet av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken. Dette vil seie det årlege arbeidet med utkastet til kongeleg resolusjon om fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken.

Styringsgruppa kan også vurdere spørsmål av politisk karakter og vurdere samansettinga av ei fagleg referansegruppe for Den kulturelle skulesekken. Styringsgruppa kan formulere satsingsområde for Den kulturelle skulesekken som kan gå over fleire år.

6.2.2 Sekretariatet

Det operative ansvaret for Den kulturelle skulesekken er lokalisert til ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. Denne institusjonen har ansvar for å tilsetje dagleg leiar for tiltaket og eventuelle andre medarbeidarar.

Det er ein føresetnad at sekretariatet i ABM-utvikling har eit nært samarbeid med Læringssenteret, slik at tiltaket også på sekretariatsnivå får den nødvendige forankring i skulen. Læringssenteret og ABM-utvikling har utarbeidd eit samarbeids-

grunnlag som klargjer oppgåver og ansvarstilhøve mellom dei to institusjonane.

I samarbeidsgrunnlaget vert det streka under at det må vere god gjensidig informasjon om arbeidet med Den kulturelle skulesekken, og at det skal haldast jamlege møte mellom sekretariatet og Læringssenteret.

ABM-utvikling har hovudansvaret for dei daglege operative oppgåvene, som sekretariatsarbeid for referansegruppa og styringsgruppa, spørsmål utanfrå, informasjonsflyt ut, drift av nettsidene og oppfølging av fylkeskommunane og dei musea som i 2003 har fått midlar over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett.

Det skal vere eit aktivt samarbeid mellom sekretariatet og Læringssenteret i saker som gjeld føre- og etterarbeid til styringsgruppa og referansegruppa, informasjonsflyt ut, kontakt til fylkeskommunane av sektorovergripande karakter, saker av meir prinsipiell karakter og andre spørsmål som kan ha felles interesse.

ABM-utvikling kan søkje råd frå Læringssenteret (og omvendt) i saker som gjeld forvalting av driftsmidlane til Den kulturelle skulesekken, oppdrag og førespurnader til enkeltpersonar, spørsmål av sektorovergripande karakter og andre spørsmål av felles interesse.

ABM-utvikling og Læringssenteret har begge ansvar for å bidra til:

- å oppfylle intensjonane med Den kulturelle skulesekken
- å skape forståing for Den kulturelle skulesekken som omgrep, idé og konsept
- å utvikle nettsidene og foreslå ytterlegare informasjonstiltak
- å etablere møteplassar for aktørar i Den kulturelle skulesekken
- å ha god kontakt med dei miljøa som er involverte i tiltaket
- å initiere og koordinere tiltak på sentralt nivå
- å sikre forankring i L97
- å sikre høg kvalitet i dei kunst- og kulturpresentasjonane elevane møter

ABM-utvikling har eit særleg ansvar når det gjeld å følgje opp sektorspesifikke oppgåver overfor kultursektoren, og Læringssenteret har eit særleg ansvar for å følgje opp sektorspesifikke oppgåver overfor skulesektoren.

6.2.3 Fagleg referansegruppe

Det er oppnemnt ei fagleg referansegruppe for Den kulturelle skulesekken som verkar i perioden 1.3.2003 – 31.12.2005. Referansegruppa er saman-

sett av personleg oppnemnde medlemmer frå både kultur- og skulesektoren.

Referansegruppa har brei samansetning, og dei fleste forvaltningsnivå i både kultur- og utdanningssektoren er representerte. Ved oppnemninga er det lagt vekt på variert fagbakgrunn innanfor dei ulike kunst- og kulturfelta, bakgrunn frå skulesektoren, geografi, kjønn, alder og kompetanse på kulturelt mangfold. Det er særleg lagt vekt på å finne personar som både har røysle frå kultursida og frå skulesida.

Referansegruppa skal bidra til å utvikle innhaldet i Den kulturelle skulesekken og gje råd av fagleg karakter til styringsgruppa og til sekretariatet. Medlemmene i referansegruppa vil vere viktige ressurspersonar for å utvikle innhaldet i Den kulturelle skulesekken gjennom framlegg til satsingsområde, tiltak og initiativ og gjennom å bidra til ei heilskapleg tenking kring utviklinga av Den kulturelle skulesekken. Referansegruppa kan invitere fagområde og miljø til dialog, gjere framlegg om forskingsinnsats og definere område med særskilde behov for kompetanseutvikling.

6.3 Oppgåve- og ansvarsfordeling på regionalt nivå

Aktørar på regionalt nivå (fylkesnivå) er fylkeskommunen og fylkeskommunale institusjonar, fylkesmannen si utdanningsavdeling, regionale kunst- og kulturinstitusjonar og universitet/høgskular.

Fylkeskommunane har ikkje noko direkte ansvar for innhaldet i grunnskulen, men derimot ei rolle som tilskotsytar til kulturinstitusjonar og som aktør på kulturformidlingsfeltet i sine regionar. Fylkeskommunane har dei seinare åra også fått eit større ansvar som regional utviklingsaktør og har difor fått større mynde i forvaltinga av dei distriktspolitiske og regionalpolitiske verkemidla, jf. St.meld. nr 19 (2001–2002), *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – lokalt og regionalt nivå*. Den delen av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken som fylkeskommunane får ansvaret for å forvalte, kan òg vurderast i ein regionalpolitisk samanheng.

Fleire fylkeskommunar har dei siste åra teke på seg eit delansvar for å utvikle eit profesjonelt kulturtilbod til kommunane som skuleeigar, jf. omtale i kap. 5. Dette arbeidet har delvis vore finansiert gjennom statlege overføringer direkte til fylkeskommunane gjennom satsinga på Den kulturelle skulesekken og indirekte gjennom statlege overføringer til formidlingsaktørar med eit landsomfattande virke, delvis ved fylkeskommunal eigeninn-

sats og bidrag frå regionale kulturaktørar og delvis ved kommunale eigendelar. Det er opp til kommunane om dei ynskjer å søkje om å vere med i desse formidlingsordningane, og integrere dette i arbeidet med kultur i skulen.

For å lukkast i det vidare arbeidet er det avgjande at fylkeskommunane samarbeider breitt, mellom anna med kommunane og fylkesmannen si utdanningsavdeling, for å sikre at tilboda er i samsvar med skulen sine behov og målsetjingane med Den kulturelle skulesekken. Fylkesmannen si utdanningsavdeling har eit særleg ansvar for å bidra til å styrke skulane sin kompetanse innanfor kunst- og kulturområda. Gjennom Utdannings- og forskingsdepartementet vil Læringssentret få i oppgåve å rettleie kommunane med sikte på å styrke skulane sin tingingskompetanse.

Fylkeskommunen og fylkesmannen si utdanningsavdeling bør i samarbeid utvikle, motivere og hjelpe fram arbeidet i kommunane og arbeide for å inkludere Den kulturelle skulesekken i fylkeskommunale og kommunale planverk på kulturområdet

Samarbeidet kan omfatte informasjon om og organisering og koordinering av kunst- og kulturpresentasjonar av høg kvalitet som kan nyttast av kommunane. Dette vil innebere eit nært samarbeid med ulike profesjonelle kunstproduserande og formidlande institusjonar. Det vil vere naudsynt å etablere faglege nettverk på tvers av sektorar og samarbeide med regionalt nivå i andre fylkeskommunar om utviklinga av Den kulturelle skulesekken.

6.4 Lokal forankring og medverknad

Den kulturelle skulesekken skal vere forankra i den generelle delen av læreplanen for grunnskulen og byggje opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen. For å oppnå dei generelle måla og prinsippa som ligg til grunn for L97, og for å innarbeide Den kulturelle skulesekken i skulen sine læringsmål må kommunane leggje tilhøva til rette for at den enkelte skule kan samarbeide målretta med profesjonelle kulturinstitusjonar og kunstnarmiljø.

Aktørar i arbeidet på lokalt nivå er skuleigar – kommunen, den enkelte lokale skule, private og offentlege kunst- og kulturinstitusjonar, frie grupper, profesjonelle kunstnarar, dei kommunale musikk- og kulturskulane, private eigarar av kulturminne, enkelte friviljuge organisasjonar og kyrkja.

For å skape lokal eigarskap til Den kulturelle skulesekken må det skapast ein lokal visjon om korleis ein ynskjer at kultur skal inngå i skulen.

Kommunane bør i tillegg vurdere eigne rammer, ut frå kva ein har og kva ein kan utvikle innanfor ulike prioriteringar av eit skule – kultursamarbeid. Utforminga kan skje lokalt ut frå lokale grunnlag og i samspel med det regionale arbeidet som vert lagt til rette på fylkesplanet.

Arbeidet med å utvikle Den kulturelle skulesekken lokalt er avhengig av ei organisering som sikrar eit økonomisk og fagleg samarbeid mellom kultur- og skulesektoren. Kommunen har eit særlig ansvar for å leggje til rette for gjennomføringa av intensjonane i L97, å styrke skulane sin kompetanse innan kunst- og kulturområda og å integrere Den kulturelle skulesekken i skulen si årssplanlegging.

Den lokale tilrettelegginga kan til dømes vere å lage eit oversyn over kva delar av etablert praksis som naturleg dannar basis i Den kulturelle skulesekken i kommunen, og å leggje til rette for kunst- og kulturopplevelsingar i lokalsamfunnet som «utvida klasserom». Dette kan inkludere museum og kulturminne, galleri, bibliotek, lokal byggjeskikk, arkitektur og utsmykkingsverk. Kommunen kan også arbeide aktivt for å stimulere det lokale kunst- og kulturlivet til ei kvalitativ utvikling innanfor kunst- og kulturproduksjonen og sikre kvalitet både i det pedagogiske arbeidet i skulen og i kulturformidlinga gjennom kompetanseheving for lærarar og kulturformidlarar. Ein viktig del vil vere å aktivere og utvikle brukar- og tingingskompetansen i skulesektoren.

Kommunen kan delta i eksisterande statlege og fylkeskommunale formidlingsordningar og setje i gang tiltak som gir den enkelte skule høve til å fylle Den kulturelle skulesekken ut over det som stat og fylkeskommune kan tilby. Kommunen kan også vurdere tilhøva for interkommunale samarbeidsordningar knytte til arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Dette kan til dømes omfatte kjøp, bytte og utveksling av kunst- og kulturproduksjonar, prosjektsamarbeid og anna.

Departementet har lagt til grunn at det er fylkeskommunen sitt ansvar å syte for at den overordna utviklinga av Den kulturelle skulesekken i fylket også er basert på innspel og initiativ frå kommunar, skular og kultursektoren. Fylkeskommunen må såleis sikre at Den kulturelle skulesekken får lokal forankring og at utviklinga av skulesekken skjer gjennom konsultasjonar og i samarbeid med kommunane. Det er avgjerande at kommunane får høve til å utvikle eigne initiativ og tiltak i tilknyting til Den kulturelle skulesekken.

Kommunar, skular og regionar kan i tillegg samarbeide med kompetansemiljø og ulike kunst- og kulturinstitusjonar for å utvikle søknader om

særskilde prosjektmidlar frå Den kulturelle skulesekken. Desse ordningane vil gje eit ekstra insentiv for å utvikle spennande samarbeidsprosjekt lokalt som har pedagogisk verdi for den enkelte skulen, det lokale kulturlivet og samfunnet.

6.5 Utfordringar for kunst- og kulturfeltet i gjennomføringa av Den kulturelle skulesekken

6.5.1 Musikkfeltet

Musikkfeltet har lange tradisjonar med formidling til grunnskulen og er relativt godt dekt på landsbasis. Det er likevel ei utfordring å syte for at alle skular som ynskjer det, skal få eit mangfaldig musikktilbod av høg kvalitet.

Regjeringa ynskjer å bidra til å styrke formidlinga av musikk på landsbasis. I 2003 er det avsett tre mill. kroner i nasjonale midlar til formidling av musikk. Midlane skal forvaltast av Norsk kulturråd etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Dei større musikkinstitusjonane og ulike frie ensemble som ikkje er engasjerte i skulekonsertordninga, kan vere viktige ressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Desse vil ha behov for auka ressursar for å vere i stand til å produsere meir for born og unge og for å delta i samarbeid med grunnskulen. Også skapande musikkarar over heile landet kan vere viktige samarbeidspartnerar for fylke og kommunar. Det lokale musikklivet har behov for auka ressursar for å delta i lokale samarbeidsprosjekt med grunnskulen.

Desse aktørane bør drøfte med dei ulike fylka og kommunane på kva måte dei best mogleg kan medverke til å fylle Den kulturelle skulesekken.

Dersom ein skal utvikle skulekonsertordninga etter dagens modell og innlemme ventelista i ordninga, vil det vere trong for ein ressursauke på om lag 18 mill. kroner årleg. I fordelinga av avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2003 er det ikkje avsett særskilde midlar til å dekkje inn etterspurnaden av skulekonsertar frå Rikskonsertane. Skulekonsertordninga vil på generelt grunnlag verte drøfta i den generelle kulturmeldinga som vert lagd fram for Stortinget i 2003.

6.5.2 Visuell kunst

Det er ei utfordring å lyfte fram den visuelle kunsten i Den kulturelle skulesekken på landsbasis. Det er også eit stort potensial for å styrke sam-

tidskunst, design og arkitektur i det regionale og lokale arbeidet med den kulturelle skulesekken.

Departementet vil bidra til å utvikle og formidle god og mangfaldig visuell kunst og sikre eit likeverdig og heilskapleg tilbod for alle elevar i heile landet. Som ein del av dette vil det vere viktig å sikre ressursar til avgrensa utviklingsprosjekt og formidlingsprosjekt både lokalt, regionalt og nasjonalt.

I 2003 er det sett av tre mill. kroner i nasjonale midlar for å styrke formidlinga av visuell kunst. Midlane skal forvaltast av Norsk kulturråd etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Norsk Form og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg er viktige kompetansesentra og kan til dømes delta i utviklings- og utprøvingsprosjekt i tilknyting til Den kulturelle skulesekken i samarbeid med lokale aktørar og skular. Det er ei utfordring å knyte kontakt mellom desse institusjonane og lokale og regionale aktørar for å utvikle fagleg interessante prosjekt med lokal forankring til bruk i Den kulturelle skulesekken.

Kunstmusea og kunstindustrimusea har stort formidlingspotensial og er naturlege aktørar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken over heile landet. Kunstinstitusjonane bør ta initiativ til samarbeid med regionalt nivå for å drøfte korleis tilbodet på best mogleg måte kan verte ein integrert del av Den kulturelle skulesekken for heile regionen. Kunstinstitusjonane bør også vurdere andre samarbeidspartnerar lokalt og nasjonalt for å utvikle gode tilbod til born og unge.

Kunstnarsentra, lokale kunstnarar, kunsthandverkarar, arkitektar og fotografar rundt om i landet er aktuelle ressursar både når det gjeld ulike typar utstillingar og avgrensa prosjektarbeid i skulane lokalt eller i samarbeid med etablerte kunstinstitusjonar. Fylke og kommunar bør vurdere slike ressursar i utviklinga av lokalt tilpassa tilbod i Den kulturelle skulesekken.

Alle aktørar som arbeider med formidling av visuell kunst til born og ungdom, bør i større grad vurdere og prøve ut dialogbaserte metodar som til dømes workshop i formidlingsarbeidet. Behovet for og etterspurnaden etter nye formidlingsmetodar tilrettelagde for born og unge er ei utfordring for både institusjonar og kunstnarar som samarbeider med skuleverket.

Dersom ein skal utvikle Riksutstillingar sitt engasjement i formidlinga av ulike typar visuell kunst på landsbasis, vil det etter dagens organisering og modell vere trong for auka ressursar. Dersom det vert lagt til grunn at ein ikkje kan nytte

skulesekkmidlar for å styrke Riksutstillingar direkte, vil det ikkje vere mogleg å gjere tilbodet landsdekkjande. I fordelinga av avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2003 er ikkje avsett særskilde midlar til å auke Riksutstillingar sitt tilbod.

6.5.3 Scenekunstfeltet

Hovudutfordringa er å få til meir differensiert scenekunst av høg kvalitet for born og unge. Eit meir differensiert tilbod til born og unge og eit meir målretta engasjement i høve til skuleverket vil bidra til å auke talet på produksjonar som eignar seg for Den kulturelle skulesekken. I tillegg er det naudsynt med ein reell auke i talet på produksjonar for born og unge tilrettelagde for turné.

For å oppnå dette må både frie sceniske grupper og ikkje minst institusjonsteatra mobiliserast til å lage fleire gode produksjonar som kan turnere i skulane, og opplegg for til dømes å involvere lærarar og elevar i føre- og etterarbeid med framsynningar. Det må etablerast system som sikrar utveksling over heile landet, og eit tilbod til dei skulane som ynskjer det.

Scenekunstinstitusjonane bør gjennom samarbeid med aktørar på regionalt nivå tilby produksjonane sine for born og unge gjennom Den kulturelle skulesekken. Vidare må institusjonane leggje til rette for at skulane kan kome til teatret også i skuletida.

Kultur- og kyrkjedepartementet ynskjer å bidra til å utvikle og formidle fleire scenekunstproduksjonar for born og unge tilrettelagde for turné gjennom å setje av fem mill. kroner frå Den kulturelle skulesekken i 2003.

Midlane skal forvaltast av Norsk kulturråd etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding fra styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Ved handsaminga av prosjektsøknader og fordelinga av midlar gjennom støtteordninga for fri scenekunst er praktiseringa av omgrepene *nyskapande* avgjerande for prioriteringa av prosjektsøknader. Omgrepet nyskapande må ikkje tolkast for snevert i handsaminga av prosjektsøknader med born og unge som målgruppe. Ordninga bør gje rom for støtte til eit mangfald av scenekunstprosjekt med ulik kunstnarisk profil.

Institusjonane som mottek fast årleg statleg støtte, skal òg kunne søkje og få tildelt midlar frå Den kulturelle skulesekken. Men det er ein føresetnad at dei må vidareutvikle tilbodet sitt og måten å formidle til born og unge på for aktivt å bidra til at vi får meir god scenekunst til born og

unge gjennom Den kulturelle skulesekken. Tilboden må vidareutviklast både innhaldsmessig, med omsyn til tidspunkt for vising, slik at skulane kan oppsøke institusjonane også i skuletida, og gjennom auka turnéverksemid og samarbeid med skulen.

Norsk scenekunstbruk vil ha behov for fleire ressursar dersom institusjonen skal styrke og utvide formidlinga av fri, profesjonell scenekunst til heile landet. I avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2003 er det ikkje sett av midlar til å styrke Norsk scenekunstbruk direkte, utover dei midlane som institusjonen årleg mottek over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett.

Amatørteater, kultur- og musikkskular, festivalar og distriktsoperaer kan vere ressursar i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Samarbeidsprosjekt på tvers av profesjonell kultur, lokal amatörkultur og skuleverket kan vise seg å vere svært fruktbare.

6.5.4 Litteratur- og bibliotekfeltet

Ei utfordring på litteraturområdet er å inspirere born og ungdom til å lese, jf. resultata i den internasjonale OECD/PISA-undersøkinga i 2002.

Kultur- og kyrkjedepartementet ynskjer å medverke til å realisere gode prosjekt og tiltak knytte til auka leselyst innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken. Departementet ynskjer også å styrke samarbeidsstrukturane mellom folkebibliotek og skulebibliotek og vurdere måtar for overføring av kunnskap og kompetanse som er opparbeidd gjennom ei rekkje lokale leselystprosjekt av ulik art.

Kultur- og kyrkjedepartementet har forplikta seg til å delta i gjennomføringa av Utdannings- og forskingsdepartementet sin strategiplan *Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og kunnskapsglede 2003–2007* gjennom ei årleg avsetning av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken til dette føremålet i perioden 2003–2005.

I 2003 er det sett av fem mill. kroner av skulesekkmidlane til dette føremålet. Midlane skal nyttast til lesestimulerande tiltak og samarbeidstiltak mellom skulebibliotek og folkebibliotek. Midlane skal forvaltast av ABM-utvikling etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Det er ikkje avsett særskilde midlar frå Den kulturelle skulesekken til direkte støtte til institusjonar og tiltak som arbeider med litteraturformidling for born og unge, og som i dag får støtte over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. Dette

gjeld til dømes Norsk forfattarsentrum, Foreningen !les og Norsk barnebokinstitutt. Desse institusjonane kan i 2003 i staden søkje prosjektmidlar nasjonalt og regionalt/lokalt i samarbeid med aktørar i skuleverket for å utvikle og eventuelt føre vidare vellukka prosjekt knytte til lesestimulerande tiltak, samarbeidstiltak og utviklingsprosjekt retta mot føremålet.

6.5.5 Museum, kulturminne og vitensentra

Musea har brei røynsle frå samarbeid med skulen, men det er ei utfordring å heve og sikre kvaliteten og å profesjonalisere formidlinga i musea rundt om i landet.

I tillegg til eigne samlingar nyttar musea gjerne kulturminne og kulturmiljø som finst i lokalmiljøet, og utarbeider undervisningsopplegg der desse er inkluderte. Grunnlaget er med det lagt for eit utvida samarbeid med kulturminneforvaltinga, lokale historielag og andre friviljuge, lokale og regionale arkivinstitusjonar og andre. Fleire stader er det grunnlag for å etablere eit utvida samarbeid mellom musea, arkiva, skuleverket og kulturminneforvaltinga. Den norske kyrkja og andre trusamfunn kan òg samarbeide med skulen og ymse fagmiljø for betre å formidle kunst og kultur knytt til dei religiøse institusjonane.

Strukturen både på museumsfeltet og kulturminnefeltet gjev eit godt grunnlag for framtidige samarbeidsprosjekt retta mot skuleverket både lokalt og nasjonalt. Eksisterande satsingar og prosjekt på kulturminnefeltet kan i stor grad inngå i arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

Departementet ynskjer å leggje til rette for betre og meir målretta formidling av kulturarven til born og unge og auka samarbeid med kulturminnevernet gjennom å setje av midlar frå Den kulturelle skulesekken. Dette vert gjort på følgjande måte:

- Over statsbudsjettet for 2003 er det sett av 10 mill. kroner til formidlingstiltak ved 20 utvalde

museum. Det vil verte lagt vekt på å utvikle, prøve ut og evaluere ulike formidlingsmetodar.

- For 2003 er det sett av tre mill. kroner av spelemidlane til søknadsbaserte prosjekt knytte til formidling av kulturarv og kulturminne og særleg sett i samanheng med 100-årsjubileet for Noregs sjølvstende.
- For 2003 er det sett av fem mill. kroner til utviklingstiltak og formidlingsverksemrd ved vitensentra, jf. Utdannings- og forskingsdepartementet sin handlingsplan «*Realfag, naturligvis! Strategi for styrking av realfagene 2002–2007*»

Midlane skal forvaltast av ABM-utvikling etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Som ledd i ABM-utvikling si ordinaere verksemrd vil institusjonen ha særleg ansvar for å gje tilbod om kompetanseutvikling for museumstilsette og etablere samarbeid med kulturminnevernet, Arkivverket og andre.

6.5.6 Filmfeltet

Både Norsk filminstitutt, Statens skulefilmutval og fleire regionale og lokale miljø er med på å gje skuleelevar gode filmopplevelingar og auka forståing for film og lèt born og ungdom bruke film som uttrykksmiddel for eigen aktivitet.

Departementet ynskjer at fleire elevar etter kvart kan få ei meir bevisst haldning til film som uttrykksform og kunstform gjennom Den kulturelle skulesekken. I avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken for 2003 er det ikkje avsett særskilde midlar til film, men i 2003 vil det verte sett i gang eit førebuande arbeid med tanke på ei særskild satsing på film innanfor ramma av Den kulturelle skulesekken frå og med 2004.

Skisser til ei slik satsing vil måtte drøftast med filmmiljøet og vurderast av styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken som grunnlag for ei første fordeling i 2004.

7 Økonomiske ressursar til Den kulturelle skulesekken

7.1 Innleiing

Frå og med 2003 får Den kulturelle skulesekken ein del av avsetninga av overskotet til Norsk Tipping AS. Beløpet i 2003 er på 60 mill. kroner og er fordelt som vist i tabell 7.1.

I tillegg kjem løyvingar over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett til institusjonar som arbeider med landsomfattande profesjonell kulturformidling til born og unge, og løyvingar til andre institusjonar og tiltak som har plikt til å gje eit tilbod til born og unge som del av eit generelt formidlingsansvar.

Ressursane omfattar også kap. 320, post 81 Kulturell skulesekk over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett, som var på 17 mill. kroner i 2001, 12,3 mill. kroner i 2002 og 12,8 mill. kroner i 2003. I 2001 vart det i tillegg løvd 5 mill. kroner over Utdannings- og forskingsdepartementet sitt budsjett og 1,6 mill. kroner over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett.

På landsbasis vert det også nytta kommunale og fylkeskommunale midlar til kulturformidling for born og unge i grunnskulen. Dette varierer truleg sterkt, og departementet har ikkje nøyaktige tal på omfangen av denne ressursbruken.

Tabell 7.1 Fordelinga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken 2003.

1. Fylkeskommunane	60 prosent	36 mill. kr
2. Restsum	40 prosent	24 mill. kr
– Norsk kulturråd	visuell kunst	3 mill. kr
	scenekunst	5 mill. kr
	musikk	3 mill. kr
– ABM-utvikling	leselyst	5 mill. kr
	kulturarv	3 mill. kr
	vitensenter	5 mill. kr
Til saman		60 mill. kr

7.2 Bruken av midlar over statsbudsjettet 2001–2003

For 2001 løvd Stortinget i alt 23,6 mill. kroner til Den kulturelle skulesekken.

Midlane over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett vart fordelte slik: Akershus, Aust-Agder, Buskerud, Nordland, Nord-Trøndelag, Rogaland, Sogn og Fjordane, Vest-Agder og Østfold fekk kr 250 000 kvar, eller i alt kr 2 250 000 til konkrete planar og pilotprosjekt. Dei resterande ni fylkeskommunane fekk 1 mill. kroner kvar, i alt 9 mill. kroner, til utviklingstiltak. Midlane til Troms, Hordaland og Sør-Trøndelag var øyremerkte utvikling av storbymodellar av Den kulturelle skulesekken i Tromsø, Bergen og Trondheim. I alt kr 3 750 000 vart løvd til Norsk filminstitutt, Norsk forfattersentrums, Norsk Form, Norsk scenekunstbruk, Rikskonsertane, Riksutstillingar, Tromsø kunstforening og Norsk museumsutvikling til vidareutvikling og/eller utviding av produksjonar og formidling

Kyrke-, utdannings- og forskingsdepartementet øyremerkte i 2001 5 mill. kroner til kompetanseutvikling for lærarar, og Telemark fylkeskommune fekk midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet til prosjektet Kulturskatten med 1,6 mill. kroner fordelt over to år. Kommunal- og regionaldepartementet har også tidlegare år løvd midlar til Møre og Romsdal til arbeidet med å opprette Kulturnista i fylket.

For 2002 vart det løvd 12,3 mill. kroner til Den kulturelle skulesekken over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett. Pengane vart fordelte til fylkeskommunane etter tre satsar, kr 250 000, kr 500 000 og kr 750 000. Midlane vart fordelte etter skjønn og ut frå ei vurdering av korleis den enkelte fylkeskommune hadde gripe utfordringane og målsetjingane med Den kulturelle skulesekken i sin region.

For 2003 er det løvd 12,8 mill. kroner over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett til Den kulturelle skulesekken. Ein mindre del er sett av til å føre vidare samordningsarbeid i sekretariatet for Den kulturelle skulesekken, oppretting av referansegruppe og sentrale informasjonstiltak. Hovuddelen av løvinga er nytta til å byggje opp og styrke

**Boks 7.1 Museum med øyremerkte
tilskot over kap 320,
post 81 Kulturell skulesekk, 2003**

Kulturhistoriske museum

Alta museum
Ringve Museum
Sunnmøre Museum
Nordfjord Folkemuseum
Stavanger Museum
Telemark Museum
Sandefjordmuseene
Drammens Museum
Norsk Folkemuseum
Hedmarksmuseet/Domkirkeodden
Maihaugen
Glomdalsmuseet

*Vitensenter/tekniske og naturhistoriske
museum*

Norsk luftfartsmuseum
Agder naturhistoriske museum
Jærmuseet
Norsk Teknisk museum

Kunst- og kunstindustrimuseum

Nordnorsk Kunstmuseum
Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum
Vestlandske Kunstindustrimuseum
Bergen Kunstmuseum

tiltaksprogram for born og unge ved 20 museum av ulike typer som er geografisk spreidde på alle landsdelar. Føremålet er å styrke det historiske elementet i Den kulturelle skulesekken. Departementet forventar at kvar av dei 20 musea som får 0,5 mill. kroner, skal auke talet skuleelevar ved museet med minst 5000 i høve til tidlegare år. Samla vil dette gje ein auke på 100 000 skuleelevar ved dei aktuelle musea.

7.3 Fordelinga av spelemidlar i 2003

For 2003 er det sett av i alt 60 mill. kroner i spelemidlar til Den kulturelle skulesekken. Hovuddelen, eller 60 prosent av midlane, er kanalisert til fyl-

keskommunane. I 2003 utgjer dette 36 mill. kroner. Midlane vart fordelt i kgl. res. i februar 2003.

40 prosent av spelemidlane til Den kulturelle skulesekken for 2003, eller 24 mill. kroner, vart fordelt gjennom kgl. res. i mai 2003 til utvalde satsingsområde. Midlane skal vere prosjektmidlar og ikkje generell driftsstøtte til institusjonar eller etablerte tiltak. ABM-utvikling og Norsk kulturråd skal forvalte midlane etter kriterium fastsette av Kultur- og kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

7.3.1 Ressursar til fylkeskommunane

Fordelinga av 36 mill. kroner til fylkeskommunane for 2003 er vist i tabell 7.2.

70 prosent av midlane til fylkeskommunane (i alt 25,2 mill. kroner) er fordelt etter elevtala i dei einskilde fylka. Eit fylke som Finnmark, med om lag 10 000 elevar i grunnskulen, fekk i denne fordelinga om lag kr 430 000, medan Akershus, med om lag 60 000 elevar, fekk i overkant av 2,8 mill. kroner.

12 prosent (i alt 4,3 mill. kroner) er fordelt med siktemålet å jamne ut ulikskapar knytte til profesjonell, kulturell infrastruktur. Fylke som Oslo

Tabell 7.2 Fordeling av midlar til Den kulturelle skulesekken i 2003, forvalta av fylkeskommunane.

Fylke	kr av pott
Østfold	1 836 000
Akershus	3 136 000
Oslo	2 333 000
Hedmark	1 613 000
Oppland	1 574 000
Buskerud	1 842 000
Vestfold	1 681 000
Telemark	1 454 000
Aust-Agder	1 094 000
Vest-Agder	1 460 000
Rogaland	2 877 000
Hordaland	3 000 000
Sogn og Fjordane	1 320 000
Møre og Romsdal	2 057 000
Sør-Trøndelag	2 070 000
Nord-Trøndelag	1 349 000
Nordland	2 295 000
Troms	1 594 000
Finnmark	1 415 000
Sum	36 000 000

og Akershus er definerte til å ha størst grad av profesjonell infrastruktur og difor lågare kostnader ved bruken av desse. Finnmark er definert til å ha lågast grad av profesjonell kulturell infrastruktur og difor større kostnader.

6 prosent (om lag 2,1 mill. kroner) er fordelt ut frå avstandar i fylket. Store fylke med lange avstandar har i denne fordelinga fått størst utteljing, medan små og kompakte fylke med korte avstandar har fått minst.

Dei resterande 12 prosent er fordelt med eit likt grunntilskot til alle på om lag kr 227 000 til kvart fylke. Denne summen er i framtida tenkt gradert etter nærmere definerte utviklingsbehov i dei ulike fylka.

Gjennom avsetninga av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken får fylkeskommunane eit viktig ansvar for å samordne og utvikle ei ordning som på sikt vil sikre alle born i grunnskulen eit kunst- og kulturtildel av høg kvalitet.

I samsvar med Stortinget sine føresetnader vil det ikkje verte lagt sterke sentrale føringar på dette arbeidet. Staten vil i staden satse på rådgjeving og rettleiing for på best mogleg måte å utnytte dei ressursane og den innsatsen som vert lagt ned både på lokalt, regionalt og sentralt hald på dette feltet. Samstundes vil det verte lagt til rette for nasjonale utprøvingsprosjekt og satsingsområde gjennom stimuleringsmidlar i tillegg til dei midlane som fylkeskommunane disponerer direkte.

Generelle retningsliner for bruken av dei tildekte midlane for 2003 er gjeve i brev av 26. februar 2003 til fylkeskommunane frå Kultur- og kyrkjedepartementet:

- Målgruppa for Den kulturelle skulesekken er elevar i grunnskulen
- Den kulturelle skulesekken skal vere forankra i den generelle delen av læreplanen for grunnskulen og byggje opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen
- På regionalt hald må det etablerast eit samarbeid mellom fylkeskommunen og fylkesmannens utdanningsavdeling om utviklinga av Den kulturelle skulesekken
- Fylkeskommunen må syte for at det ligg føre ein plan for utviklinga av Den kulturelle skulesekken i fylket, som også er basert på innspel og initiativ frå kommunar, skular og kultursektoren
- Fylkeskommunen må sikre at den kulturelle skulesekken får lokal forankring og at utviklinga av skulesekken skjer gjennom konsultasjonar og i samarbeid med kommunane
- Kommunane må få høve til å utvikle eigne initiativ og tiltak i tilknyting til den kulturelle skule-

sekken. Dersom det frå fylkeskommunen vert lagt opp til kommunal medfinansiering av slike initiativ og tiltak, må dette vere tufta på samråding med kommunane

- Løyvinga til den kulturelle skulesekken skal nyttast til meir kunst og kultur til kvar elev i grunnskulen, og ikkje som vekst i administrasjonsapparatet for ordninga
- Innhaldet i Den kulturelle skulesekken skal vere mest mogleg representativt med omsyn til ulike kunst- og kulturuttrykk, som musikk, scenekunst (dans, teater og opera), visuell kunst (biletkunst, kunsthandverk, arkitektur og design), film, litteratur og kulturarv (museum og kulturminne), og gje eit tilbod på eit høgt kvalitativt nivå. Det må leggjast vinn på å trekke inn eksisterande institusjonar og tiltak på kulturområdet
- Fylkeskommunen må innan 15. april 2003 meddele sekretariatet for Den kulturelle skulesekken ved ABM-utvikling (med kopi til Lærings-senteret) korleis ordninga er tenkt innretta i fylket, og gjere greie for korleis ein vil sikre høg kunstnarleg kvalitet på det som vert presentert i skulen
- Ei vidareutvikling og styrking av fylkeskommunen si rolle i arbeidet med den kulturelle skulesekken for skuleåra 2004–2005 og 2005–2006 vil mellom anna måtte vurderast i lys av korleis den enkelte fylkeskommunen lukkast med å utvikle planar og tiltak i samsvar med intensjonane og målsetjingane for prosjektet

Departementet vil i september 2003 ha eit meir detaljert oversyn over korleis fylkeskommunane disponerer midlane for skuleåret 2003–2004.

7.3.2 Prosjektmidlar til utvalde satsingsområde

Prosjektmidlar til Den kulturelle skulesekken for 2003 er fordelt av Kultur- og kyrkjedepartementet, men i samråd og forståing med Utdannings- og forskningsdepartementet gjennom styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Kreative prosjekt av utviklingsmessig interesse, utprøving av nye idéar, prosjekt som har spreiings- og gjenbrukseffekt, og fleirkulturelle aspekt vil verte prioriterte. Prosjekta bør i hovudsak vere fleirårige og nå store målgrupper. Det skal lagast rapport eller evaluering i ettertid for å sikre erfaringsoverføring. Det vert oppfordra til å satse på tverrsektorielle prosjekt.

I 2003 er det fordelt midlar til følgjande satingsområde i Den kulturelle skulesekken, med ei mogleg opptrapping i 2004 og 2005:

Midlar til visuell kunst, musikk og scenekunst

- 3 mill. kroner til prosjekt knytte til formidling av dei visuelle kunstartane (biletkunst, kunsthåndverk, arkitektur og design)
- 3 mill. kroner til prosjekt knytte til formidling av musikk
- 5 mill. kroner til produksjon og formidling av scenekunst

Midlane skal

- setjast i samanheng med Norsk kulturfonds avsetningar til fri scenekunst og til borne- og ungdomskultur
- kunstnarisk kvalitet og originalitet, kulturelt mangfald og geografisk fordeling med relevans i høve målgruppa vil verte vektlagt.

Midlar til litteratur

- 5 mill. kroner til prosjekt innanfor litteraturformidling, stimulering av leselyst og samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek, jf. Utdannings- og forskingsdepartementet sin strategiplan *Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og kunnskapsglede 2003–2008*

Prosjekta skal:

- utvikle metodar for litteraturformidling, skape engasjement og innsikt og vere nyskapande i å fremje leseglede og opplevelingar rundt litteratur
- utvikle samarbeidsformer mellom skule- og folkebibliotek og auke kompetansen i bruk av skulebibliotek
- stimulere til auka deltaking i lesefremjande tiltak og formidlingsprosjekt både på nasjonalt og lokalt plan, og fremje leselyst og interesse for litteratur blant gutter

Midlar til vitensentra

- 5 mill. kroner til utviklingstiltak og formidlingsverksemnd i vitensentra

Prosjekta skal:

- vere utviklingstiltak og formidlingstilbod til skulane lokalt og regionalt
- ved hjelp av interaktive metodar medverke til å auke interessa for og innsikt i naturvitenskap og teknologi

- vise breidde og mangfold innanfor naturvitenskap og teknologi og setje dette inn i ein historisk, kulturell og allmendannande samanheng

Midlar til kulturarv

- 3 mill. kroner til prosjekt og formidling innanfor kulturarv og kulturminne

Prosjekta skal:

- utvikle, prøve ut og evaluere nye formidlingsmetodar og tilbod
- etablere samarbeid mellom skulen og museum, arkiv, kulturminnefeltet, historielag og andre
- særleg sjåast i samanheng med 100-årsjubileet for Noregs sjølvstende 2005

Midlane skal forvaltast av ABM-utvikling og Norsk kulturråd på basis av kriterium fastsette av Kulturog kyrkjedepartementet etter tilråding frå styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken. Desse institusjonane må ha høg grad av handlefridom i forvaltinga av midlane, samstundes som hovudmåla med midlane vert ivaretakne. Det vil vere viktig å sjå midlane i samanheng med kva tiltak ein har overfor same gruppe, og med kva ymse institusjonar allereie gjer på dette feltet. ABM-utvikling og Norsk kulturråd skal difor rádføre seg med relevante faginstansar når det trengst.

Norsk kulturråd og ABM-utvikling vil ved fordelinga i 2003 samarbeide om søknadsfrist og ha ei felles utlysing av midlar. Alle søknader skal sendast til ABM-utvikling. Organa skal ha nær kontakt ved fordelinga, særleg ved handsaming av tverrsektorelle prosjekt/crossoverprosjekt og prosjekt knytte til litteratur og leselyst.

Midlane skal ikkje erstatte midlar som allereie i dag vert nytta til born og unge i Norsk kulturråd og ABM-utvikling, men kome som eit tillegg særskilt innretta mot samarbeid mellom kultursektoren og skulesektoren.

Profesjonelle kulturaktørar, kunstnarar og produksjonsmiljø, organisasjonar, musikk- og kulturskular, private og offentlege institusjonar kan søkje om finansiering av utviklingsprosjekt gjennom dei nasjonale ordningane i Den kulturelle skulesekken. Skular, skuleeigarar og fylkeskommunar kan søkje med basis i avtaler med kulturaktørar og kunstnarar. Det er ein føresetnad at prosjektet vert knytt til Den kulturelle skulesekken i den aktuelle regionen eller i kommunen. Midlane kan nyttast til stillingar dersom dette er naudsynt, men berre innanfor ein periode.

Tabell 7.3 Mogleg fordeling av spelemedialar til Den kulturelle skulesekken i perioden 2004–2005.

		2004	2005
Avsetningsprognose		120 mill. kr	180 mill. kr
1. Fylkeskommunane	60 prosent	72 mill. kr	108 mill. kr
2. Restsum	40 prosent	48 mill. kr	72 mill. kr
– Norsk kulturråd	visuell kunst	4 mill. kr	8 mill. kr
	scenekunst	8 mill. kr	13 mill. kr
	musikk	8 mill. kr	13 mill. kr
– ABM-utvikling	leselyst	8 mill. kr	10 mill. kr
	kulturarv	8 mill. kr	10 mill. kr
	vitensenter	8 mill. kr	10 mill. kr
Satsing på film		4 mill. kr	8 mill. kr

Ordninga vil bidra til at ymse nasjonale produksjonsmiljø kan samarbeide med fylkeskommunar, skuleeigar og ymse kulturaktørar for å utvikle gode formidlingstilbod som kan setjast inn i ei lokal ramme.

Det vert ikkje gjeve etableringsstøtte eller generell driftsstøtte til institusjonar/etablerte tiltak.

Det er ein føresetnad at prosjektmidlane ikkje skal nyttast til fordyrande administrasjon, men gje utvida og kvalitative tilbod innanfor dei ulike kunstuttrykka, som kjem den enkelte elev til gode.

Det vil verte stilt rapporteringskrav til bruken av midlane i samsvar med gjeldande krav for tildeling av slike midlar frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

7.4 Vegen vidare – fordeling av spelemedialar til Den kulturelle skulesekken i perioden 2004–2005

Dersom avsetninga til Den kulturelle skulesekken i årå som kjem følgjer gjeldande prognosar, vil avsetninga auke til 120 mill. kroner i 2004 og 180 mill kr i 2005. Dersom ein dei neste to årå nyttar same fordelingsnøkkelen som i 2003, vil fylkeskommunane i 2004 forvalte 72 mill. kroner og i 2005 i alt 108 mill. kroner til føremålet. Dette er mykje midlar, og ein må forvente at fylkeskommunane i løpet av opptrappingsperioden fram til 2006 klarer å få med alle kommunane i Den kulturelle skulesekken. Med desse føresetnadene er ei mogleg fordeling av midlane dei neste årå som vist i tabell 7.3.

Som vist i tabellen er det lagt opp til at midlane som vert forvalta av Norsk kulturråd og ABM-utvikling, også følgjer ein opptrappingsplan i perioden 2004–2005. Frå 2004 er det lagt inn midlar til ei

satsing på formidling av film i Den kulturelle skulesekken. Denne satsinga må konkretiserast i samarbeid med aktuelle aktørar og vurderast i samband med utarbeiding av kgl. res. for fordelinga av spelemedialar til kulturføremål våren 2004.

Tabellen er førebels og bør vere gjenstand for grundig og kontinuerleg vurdering framover. Det kan i årå som kjem, gjennom til dømes referansegruppa sitt arbeid, kome framlegg til satsingsområde som vil krevje andre disposisjonar enn dei som er skisserte i denne tabellen.

Eit anna spørsmål som melder seg, er situasjonen for formidlingsordningar med ambisjonar om landsomfattande virke som i dag får direkte tilskot over statsbudsjettet, og som kommunane betaler relativt lite for å nyte godt av. Meldinga viser at desse ordningane er etterspurde i samband med utviklinga av skulesekken, men at det med noverande organisering og finansieringsmodell ikkje vil vere rom for å styrke desse direkte, slik at fleire kan få eit fast tilbod. Departementet vil dei neste årå måtte følgje nøye med på kva konsekvensar fordelinga av midlar vil få for desse tilboda.

I tråd med Stortinget sine føresetnader om at Den kulturelle skulesekken ikkje skal vere underlagd sterkt, sentral styring, og at det skal vere rom for mange lokale variantar, ser departementet det som lite tenleg å detaljplanleggje utviklinga av Den kulturelle skulesekken i årå som kjem, eller leggje sterke føringar på bruken av midlane som skal forvaltas av fylkeskommunane.

Ressursane som vil verte stilte til rådvelde for Den kulturelle skulesekken framover, vil vere av eit slikt omfang at det kan verte naudsynt å revurdere innretningane, og vurdere fleire eller andre måtar å kanalisere midlane på etter kvart som det viser seg kva som er dei mest vellukka satsingane.

Departementet vil såleis ved utarbeidinga av den årlege kgl. res. syte for at det ligg føre erfaringsmateriale som gjev eit best mogleg grunnlag for å vurdere fordelinga for kvart år.

Kultur- og kyrkjedepartementet
tilrår:

Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 6. juni 2003 om Den kulturelle skulesekken blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Kommunar på venteliste for skulekonsertar, 2003

Kommune	Søkt dato	Elevtal SMU	Kommunens pris (eit år)	Kostnad (eit år)	Kostnad summert
Larvik	17.01.96	5 363	96 534	654 286	654 286
Meland	11.03.96	958	17 244	116 876	771 162
Tjøme	07.10.96	620	11 160	75 640	846 802
Sør-Odal	26.11.96	943	16 974	115 046	961 848
Hjartdal	12.12.96	221	3 978	26 962	988 810
Eidsvoll	31.01.97	2 361	42 498	288 042	1 276 852
Fusa	17.02.97	531	9 558	64 782	1 341 634
Stranda	13.08.97	653	11 754	79 666	1 421 300
Hamar	28.08.97	3 078	55 404	375 516	1 796 816
Hareid	04.09.97	733	13 194	89 426	1 886 242
Sokndal	12.09.97	464	8 352	56 608	1 942 850
Frei	25.09.97	931	16 758	113 582	2 056 432
Vefsn	24.10.97	1 871	33 678	228 262	2 284 694
Horten	27.10.97	3 245	58 410	395 890	2 680 584
Tønsberg	28.10.97	4 164	74 952	508 008	3 188 592
Lindås	13.11.97	1 823	32 814	222 406	3 410 998
Lillehammer	19.11.97	3 020	54 360	368 440	3 779 438
Alta	07.01.98	2 780	50 040	339 160	4 118 598
Ulvik	27.10.98	170	3 060	20 740	4 139 338
Hitra	23.11.98	512	9 216	62 464	4 201 802
Trondheim	27.11.98	17 428	313 704	2 126 216	6 328 018
Flekkefjord	15.01.99	1 208	21 744	147 376	6 475 394
Haram	03.03.99	1 218	21 924	148 596	6 623 990
Herøy	08.03.99	1 200	21 600	146 400	6 770 390
Rindal	12.03.99	286	5 148	34 892	6 805 282
Eidsberg	20.04.99	1 328	23 904	162 016	6 967 298
Fræna	28.06.99	1 350	24 300	164 700	7 131 998
Tingvoll	21.07.99	393	7 074	47 946	7 179 944
Averøy	02.09.99	773	13 914	94 306	7 274 250
Stokke	18.01.00	1 458	26 244	177 876	7 452 126
Sørum	15.05.00	1 856	33 408	226 432	7 678 558
Nannestad	22.05.00	1 463	26 334	178 486	7 857 044
Flesberg	23.10.00	327	5 886	39 894	7 896 938
Drammen	06.11.00	6 632	119 376	809 104	8 706 042
Sande (V)	15.12.00	1 106	19 908	134 932	8 840 974
Nøtterøy	21.12.00	2 716	48 888	331 352	9 172 326

Kommune	Søkt dato	Elevtal SMU	Kommunens pris (eit år)	Kostnad (eit år)	Kostnad summert
Halden	19.02.01	3 540	63 720	431 880	9 604 206
Levanger	19.02.01	2 666	47 988	325 252	9 929 458
Oslo	20.02.01	48 514	873 254	5 918 708	15 848 166
Røyken	05.04.01	2 483	44 694	302 926	16 151 092
Kristiansand	20.09.01	10 206	183 708	1 245 132	17 396 224
Kongsberg	07.01.02	2 845	51 210	347 090	17 743 314
Kvam	15.02.02	1 236	22 248	150 792	17 894 106
Farsund	04.02.02	1 365	24 570	166 530	18 060 636
Vennesla	29.08.02	1 988	35 784	242 536	18 303 172
Ringerike	16.01.03	3 496	62 928	426 512	18 729 684
		153 522	2 763 396	18 729 684	

Elevtala er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) og gjeld for skuleåret 2002–2003. Tala for kostnader er rekna etter pris per elev på kr 122 (auke på 5 % frå 2002).

Kjelde: Rikskonsertane

Vedlegg 2**Kommunar som ikkje har søkt om skulekonsertar, 2003**

Kommune	Elevtal SMU	Kommunens pris per år	Kostnad per år	Totalt summert
Sarpsborg	6 016	108 288	733 952	19 463 636
Rømskog	55	990	6 710	19 470 346
Enebakk	1 348	24 264	164 456	19 634 802
Hurdal	327	5 886	39 894	19 674 696
Kongsvinger	3 113	56 034	379 786	20 054 482
Ringebu	560	10 080	68 320	20 122 802
Nedre Eiker	2 931	52 758	357 582	20 480 384
Audnedal	158	2 844	19 276	20 499 660
Eigersund	1 819	32 742	221 918	20 721 578
Stavanger	14 389	259 002	1 755 458	22 477 036
Haugesund	3 920	70 560	478 240	22 955 276
Time	2 188	39 384	266 936	23 222 212
Sola	3 292	59 256	401 624	23 623 836
Strand	1 609	28 962	196 298	23 820 134
Karmøy	5 918	106 524	721 996	24 542 130
Os	2 213	39 834	269 986	24 812 116
Radøy	653	11 754	79 666	24 891 782
Bremanger	522	9 396	63 684	24 955 466
Eid	878	15 804	107 116	25 062 582
Stryn	960	17 280	117 120	25 179 702
Vanylven	495	8 910	60 390	25 240 092
Giske	1 005	18 090	122 610	25 302 312
Røros	714	12 852	87 108	25 389 420
Selbu	519	9 342	63 318	25 452 738
Porsanger	577	10 386	70 394	25 523 132
	56 179	1 011 222	6 853 838	

Elevtala er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) og gjeld for skuleåret 2002–2003. Tala for kostnader er rekna etter pris per elev på kr 122 (auke på 5 % frå 2002).

Kjelde: Rikskonsertane